


Organisering av skoleåret i vidaregåande opplæring

Rapport frå arbeidsgruppe oppnemnd av KD

Mogelege organiseringar av skoleåret i vidaregåande opplæring i lys av utfordringar knytte til undervisningstid, eksamen og eksamensførebuingar



15. juni 2017

Innhald

Samandrag	5
1 Innleiing	7
2 Kunnskapsgrunnlag	11
2.1 Juridiske rammer for avslutninga av opplæringa i vidaregåande opplæring.....	11
2.2 Planlegging og gjennomføring av eksamensperioden i praksis	12
2.3 Direktoratet og Fylkesmannen sitt arbeid med sentralt gitt eksamen	14
2.4 Kartlegging av opplæringstimar i vidaregåande opplæring 2016.....	16
3 Å innføre eit skilje mellom opplæring og eksamen – forslaga frå 2011.....	18
3.1 Eksamensperiode så seint i skoleåret som mogeleg	18
3.2 To eksamensperiodar, skriftleg eksamen før 17. mai	20
3.3 Høyringa i 2011–2012	21
3.4 Vurdering	22
4 Kor langt kjem ein med god planlegging?	24
4.1 Kunnskapsgrunnlag	24
4.2 Eksempel frå eit utval skolar – problemstillingar og løysingar.....	24
4.3 Korleis kan ein oppfylle timetalet til elevane i eksamensperioden?	27
4.4 Vurdering.....	27
5 Sentrale føresetnader for å organisere skoleåret betre.....	28
5.1 Kan eksamen flyttast til før 17. mai?	28
5.2 Omgrepet «undervisningstime» eller «opplæring»	31
5.3 Prioritering: Elevar om våren, privatistar om hausten	32
5.4 Fordelinga av eksamenar mellom trinna	35
5.5 Fag og fagkombinasjonar som krev ekstra merksemd.....	35
5.6 Mindre papir	36
6 Meir effektiv eksamensperiode for sentralt gitt eksamen.....	38
6.1 Alternativ 1: To alternative datoar for eksamen i programfaga.....	38
6.2 Alternativ 2: Ei jamnare fordeling av eksamenar mellom årstrinna	41
6.3 Alternativ 3: Ein eksamen for alle på Vg1, to eksamenar på Vg2 og tre på Vg3	44
6.4 Felles drøfting og vurdering av dei tre modellane.....	47
7 Endring av trekkfagsordninga	53
8 Problemstillingar i samband med lokalt gitte eksamenar og standpunktvurdering.....	56
8.1 Standpunkt og lokalt gitt eksamen på yrkesfag.....	56
9 Framtidsperspektiv	58
10 Oppsummering av forslag og tilrådingar	60
Kjelder	62

Vedlegg.....	63
1 Mandat	63
2 Tabell over fag og eksamenstypar	64
3 Tal på privatisteksamenar vår og haust, 2009–2016	68
4 Eksamensplan 2018 – fordeling av datoar.....	69
5 Omfanget av standpunktkarakterar, lokalt og sentralt gitte eksamenar 2015–2016	71

Samandrag

Framleis er det slik i vidaregåande opplæring at mange elevar ikkje får det fastsette minstetimetallet til opplæring i faga. Det blir slått fast i rapporten *Får elevene den opplæring de har krav på? Kartlegging av undervisningstimer med kvalifiserte lærere i vidaregåande opplæring* frå 2016.¹ Rapporten viser at eksamensperioden er den viktigaste enkeltforklaringa til at planlagde undervisningstimar fell bort, fordi elevane skal ha ordinær opplæring samtidig som dei skal opp til eksamen. Eksamensavviklinga strekker seg over fleire veker, og det er vanskeleg å planlegge rett timetal i dei ulike faga fordi eksamenstrekket er hemmeleg fram til like før eksamen.

I 2011 foreslo departementet å dele skoleåret inn i ein opplæringsperiode og ein eksamensperiode. Sjølv om dette ville gi ei ryddigare organisering, meinte dei fleste høyringsinstansane at opplæringsperioden ville bli uforsvarleg sterkt komprimert, fordi eksamensperioden er så lang. Derfor er det endringar i organiseringa av eksamensperioden som har størst potensial i seg til å lette planlegginga og sikre meir tid til opplæringa. Samtidig kan ein unngå at ordinær opplæring skal gå føre seg samtidig med sentralt gitt eksamen. Arbeidsgruppa er samla om å tilrå at eksamensperioden blir organisert meir effektivt.

Rapporten frå NIFU viser at ulike skolar og skoleeigarar har ulike tilnærmingar til planlegginga av årstimetallet, og at det foreløpig ikkje finst noko felles system eller verktøy for dette. Derfor er det også relevant å undersøke kva potensial som ligg i betre planlegging. Arbeidet har vist at det finst mange skolar som legg ned eit stort arbeid i å utvikle gode system for planlegging av skoleåret, og som oppfyller forskriftskrava til årstimetal. Det er viktig at andre skolar med tilsvarende føresetnader får kjennskap til gode planleggingsmåtar og slik kan forbetre eiga organisering. Likevel kjem det klart fram at planlegging er komplekst og krevjande, og at utfordringane med god planlegging er større på nokre skolar enn på andre. Derfor er det nødvendig å organisere skoleåret meir effektivt frå sentralt hald for å gjere det enklare å lykkast med god planlegging på fylkes- og skolenivå.

Skolen har som oppdrag og mål at elevane skal fullføre opplæringa si på ein måte som gir best mogeleg grunnlag for arbeid og vidare utdanning, og arbeidsgruppa meiner at retten til god opplæring i faga er overordna når vi vurderer alternative organiseringar av skoleåret. Sjølv om arbeidsgruppa kjenner til uroa for at russetida slår negativt ut både for læringsresultat og gjennomføring, er den felles konklusjonen at det er feil å ta omsyn til russefeiringa når skoleåret og eksamensperioden skal planleggast. Det er viktigare at eksamensordningane fungerer godt for alle årstrinn og ikkje har negative konsekvensar for skolesamfunnet som heilskap. Det er eit vel etablert faktum at god og tilstrekkeleg opplæring er avgjerande for læringa til elevane. Det beste for elevane vil derfor vere at skoleåret gir plass til all den opplæringa dei har rett på.

Arbeidsgruppa foreslår ei organisering av skoleåret der sentralt gitt skriftleg eksamen blir gjennomført i løpet av fem dagar. Det opnar for at opplæringstida i forkant av eksamen blir ei veke lengre enn det som er situasjonen i dag, og det gir skolane betre føresetnader for å oppfylle krava til årstimetal. Denne komprimeringa kan gjerast på ulike måtar. Arbeidsgruppa legg fram tre alternative modellar, og diskuterer dei praktiske, juridiske og økonomiske konsekvensane av dei:

- I det første alternativet er omfanget og fordelinga av eksamenar mellom trinna som i dag: tre skriftlege eksamenar og ein munnleg for Vg3, ein eksamen for Vg2 studieførebuande program og ein eksamen for 20 % av elevane på Vg1 studieførebuande program. Vi foreslår at skriftleg eksamen i alle trekkfag for Vg3 blir gjennomført i løpet av to eksamensdagar, ved at det blir laga to alternative oppgåvesett for alle dei sentrale programfaga.

¹ Jørgen Sjaastad, Tone Cecilie Carlsten og Sabine Wollscheid: *Får elevene den opplæring de har krav på? Kartlegging av undervisningstimer med kvalifiserte lærere i vidaregåande opplæring*, NIFU Rapport 2016:26

- Det andre alternativet legg opp til ei jamnare fordeling av eksamenar mellom trinna. I praksis vil det seie at alle elevar på studieførebuande utdanningsprogram skal ha ein eksamen på Vg1 og at ein reduserer frå tre til to skriftlege eksamenar på Vg3. Auken frå 20 % til 100 % bør også gjelde for Vg1-Vg2 yrkesfaglege utdanningsprogram, slik at alle elevar blir behandla likt. Det samla omfanget av eksamen vil vere som i dag for 80 % av elevane på studieførebuande program. Det blir ein auke for yrkesfag.
- Det tredje og siste alternativet, som arbeidsgruppa finn mest interessant, legg opp til seks eksamenar for elevane på studieførebuande program: ein eksamen for alle elevar på Vg1, to eksamenar: norsk sidemål og eitt anna fag på Vg2, og to skriftlege og ein munnleg eksamen på Vg3. Dette alternativet synleggjer sidemål på Vg2 og elevens programfag på Vg3. Det er aktuelt dersom vurderingsordningane i norsk blir endra i samband med fagfornyninga.

Eksamensordninga i vidaregåande opplæring gjeld ikkje berre elevar, men også privatistar. Arbeidsgruppa har vurdert privatistordninga nøye og ser at det er nødvendig å prioritere elevane i vårsemesteret. Modell 2 og 3 inneber derfor at privatistar som skal ta skriftleg eksamen i fleire programfag, må gjere det om hausten. Eksamenane i fellesfaga blir spreidde over fire dagar. Privatistordninga blir med andre ord mindre fleksibel for ein del fagkombinasjonar.

Arbeidsgruppa har diskutert om trekkordningane til skriftleg eksamen kan justerast slik at trekket blir offentleggjort fleire veker før eksamen. Grunnen er at det vil gjere det mogeleg å ta høgde for kva fag som mistar timar på grunn av eksamenstrekket, og at elevane kan lære meir dersom dei får meir tid til å førebu seg til eksamen. Arbeidsgruppa har også diskutert om elevane skal kunne velje eit programfag som eksamensfag.

Avslutningsvis blir spørsmålet om tidspunktet for lokalt gitte eksamenar tematisert. Arbeidsgruppa har drøfta spørsmålet om lokalt gitte eksamenar på yrkesfag bør kunne avviklast før standpunkt-karakteren er sett, og foreslår at dette spørsmålet blir vurdert i samband med fagfornyninga. I det siste kapitlet blir det trekt opp nokre linjer mellom forslaga frå arbeidsgruppa og perspektiva i *Meld. St. 28 Fag – fordypning – forståelse*.

1 Innleiing

Kunnskapsdepartementet nedsette i oktober 2016 ei arbeidsgruppe som skulle vurdere moglege organiseringar av skoleåret i vidaregåande opplæring, i lys av utfordringar knytte til undervisningstid, eksamen og eksamensførebuingar, særleg i det avsluttande undervisningsåret. Fristen for arbeidet var 15. juni 2017.

Arbeidsgruppa har bestått av følgjande personar:

Anne Hjermand, utdanningsdirektør, Fylkesmannen i Hordaland, leiar av arbeidsgruppa

John Arve Eide, fylkesdirektør, Akershus fylkeskommune (KS)

Svein Heggheim, fylkesdirektør, Hordaland fylkeskommune (KS)

Stig Johannessen, rektor ved Hamar katedralskole, Skolelederforbundet

Tonje Leborg, rådgivar, Norsk Lektorlag

Sylvia Helene Lind, leiar, Elevorganisasjonen

Martin Minken, seniorrådgivar, Utdanningsforbundet

Lothar Schüren, forbundssekretær, Skolenes landsforbund

Tone Vindegg, Utdanningsdirektoratet, er sekretær. I tillegg har gruppa hatt fleire bidragsytarar frå ulike delar av sektoren. Særleg har Kim Buxton, Utdanningsdirektoratet, og Jon Fjeldstad, Fylkesmannen i Hordaland, tilført avgjerande informasjon og kompetanse. Tertnes vidaregåande skole, Askøy vidaregåande skole og Os gymnas har stilt opp med innlegg og eksempel.

Mandatet²

Eksamensperioden er eit kjent diskusjonstema i vidaregåande opplæring. Læreplanverket har ei timefordeling som skal sikre at elevane får eit minimumsømfang med undervisning i kvart fag, men Kunnskapsdepartementet får meldingar om at elevar ikkje får det timetalet dei har krav på.

Eksamensperioden er ei hovudforklaring på at elevane mistar undervisningstid. I tillegg er det knytt uro til om markeringa av avslutta skolegang, som fell saman med førebuingane til eksamen, går ut over dei faglege prestasjonane for mange elevar.

Formålet for arbeidsgruppa sitt arbeid er å foreslå ulike modellar for å organisere skoleåret i vidaregåande opplæring, og å vurdere praktiske, juridiske og økonomiske konsekvensar av dei ulike modellane. Utgreiinga skal omfatte heile vidaregåande opplæring, men det skal leggast mest vekt på det siste året. Det samla minstetimetallet i opplæringa ligg fast. Eksamensordningane skal vidareførast, men gruppa kan legge fram alternativ dersom dei samla sett ikkje gir ein reduksjon i talet på eksamenar. Arbeidsgruppa har hatt fire møte med departementet i løpet av prosessen for å sikre ein god dialog i arbeidet.

Arbeidsgruppa si forståing av mandatet

Arbeidsgruppa les mandatet med ei klar forventning om at det lovfesta minstekravet til årstimar i alle fag skal ivaretakast i dei ulike modellane. Samtidig skal eksamensordningane vidareførast med det same omfanget som i dag. Arbeidsgruppa legg dette til grunn, men har fått grønt lys for å foreslå alternative modellar for å organisere skoleåret så lenge dei samla sett ikkje gir ein reduksjon i talet på eksamenar. Vi oppfattar det slik at sjølv om omfanget ligg fast, er ikkje det til hinder for at gruppa kan foreslå endringar som får følger for eksamensordninga slik ho fungerer i dag.

2 Sjå vedlegg 1

Ambisjonen for arbeidet er å foreslå modellar eller løysingar som sikrar at elevar og lærarar får disponere alle dei timane som forskrifta slår fast at faga skal ha. Utgangspunktet vårt er at det er ein godt tenkt samanheng mellom minstetimetale og kompetansemåla i faga. Spørsmålet for arbeidsgruppa er derfor kva verkemiddel og endringar som kan sikre at timetalet i faga blir ivareteke på ein betre måte.

I 2010 blei det sett ned ei utgreiingsgruppe som hadde organisering av skoleåret for vidaregåande opplæring som tema, men den gongen var oppdraget avgrensa til Vg3. Arbeidsgruppa har teke utgangspunkt i dette arbeidet og har vurdert forslaga i rapporten på nytt. Vi har sett på argumenta og motargumenta som kom fram då forslaga blei sende ut på høyring, og vi har vurdert om det har skjedd endringar i sektoren som påverkar modellane. I tillegg baserer vi oss på kunnskapsgrunnlaget i kartlegginga av vidaregåande opplæring frå NIFU i 2016.³ Ho viser at det særleg er den siste delen av skoleåret, der opplæring og eksamen går føre seg samtidig, som fører til at elevar og lærarar mistar planlagde undervisningstimar.

Mandatet legg opp til å vurdere konsekvensar av ulike alternative modellar. Arbeidsgruppa tolkar det slik at modellane ikkje berre skal vurderast ut frå kriteria i mandatet, men at ein i tillegg skal kunne forvente at dei tek opp i seg at skolar har ulikt utgangspunkt for organisering. Her spelar elevtalet inn, talet på utdanningsprogram er ein viktig faktor, og ein må ta omsyn til at mange skolar er bundne til å legge opp dagane ut frå kollektivtransport og skyss.

Arbeidsgruppa har tolka mandatet slik at vi *kan*, men ikkje *må* komme med ei tilråding etter å ha drøfta alternativa. Dette trur vi er ein styrke for arbeidet. Det betyr at gruppa har konsentrert seg om å synleggjere kva som kan vere mogelege alternative måtar å organisere eksamensperioden på, og omtale styrkar og ulemper med dei ulike modellane så nyansert og konkret som råd er.

Arbeidsgruppa sitt felles utgangspunkt

Det har vore viktig for arbeidsgruppa å drøfte seg fram til eit felles utgangspunkt for arbeidet og dermed for dei modellane som blir lagde fram.

Gruppa sitt felles utgangspunkt er at lærarar, skoleleiing og skoleeigarar alle har ein intensjon om å tilby elevane best mogeleg opplæring og å oppfylle kravet til minstetimetale. Det viktigaste elementet for å gi opplæringa kvalitet er at lærarar og elevar får disponere det fastsette timetalet i faga. Når dette er utfordrande i praksis, heng det i høg grad saman med at skoleåret er intensivt, samtidig som eksamensordningane om våren er tidkrevjande.

Eit godt læringsmiljø, og dermed aktivitetar som legg opp til inkludering og fellesskap, står høgt på den politiske og pedagogiske agendaen. Når elevane trivst på skolen fremjar det god læring, og det er ei motvekt til fråvær og fråfall. Det er primært gjennom godt tilpassa opplæring der læringsarbeidet blir styrt på ein tydeleg måte, at det gode miljøet blir ivareteke. I tillegg ønskjer mange skolar å tilby aktivitetar som stør ytterlegare opp om verdiar som skolen vil fremje. Arbeidsgruppa meiner at gode modellar for organisering av skoleåret må vere baserte på eit breitt læringssyn og kunne gi rom for aktivitetar som kjem i tillegg til minstetimetale for dei skolane som ønskjer det.

Russetida er eit tema ein stadig vender tilbake til når eksamensavviklinga i vidaregåande opplæring blir diskutert, og det er ei utbreidd uro for kva konsekvensar russetida kan få for resultatane – og i ein del tilfelle for gjennomføringa – for mange elevar. Arbeidsgruppa meiner at russetida i seg sjølv er krevjande å adressere i arbeidet, hovudsakleg fordi skolen ikkje kan styre fritida til elevane, berre sjølve opplæringa. Arbeidsgruppa har som eit felles utgangspunkt at skoleåret og eksamensperioden må organiserast på ein måte som sikrar at all planlagd undervisning kan gjennomførast, og at dette er

3 NIFU 2016:26

det beste bidraget til at avslutninga av opplæringa kan bli så god som mogeleg – både for russen og for alle andre elevar.

Omgrepa «undervisning» og «opplæring»

Omgrepa «undervisning» og «opplæring» blir ofte brukte om kvarandre, og det same gjeld «undervisningstime» og «opplæringstid». Eit viktig tema i samband med spørsmålet om korleis skolane planlegg for å oppfylle minstetimetaleet i faga, er at det ikkje finst nokon eintydige definisjonar av desse omgrepa. Rapporten omtalar dette i kapitla 2.3 og 5.2.

Dei to omgrepa reflekterer to perspektiv på det som skjer i skolen: opplæringstilbodet elevane får, og undervisninga lærarane gir. Lova om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa heiter opplæringslova. Ho regulerer elevens rett til opplæring og slår mellom anna fast at undervisningspersonalet skal legge til rette og gjennomføre opplæringa i samsvar med læreplanane. I tariffavtalen som regulerer arbeidstida for lærarane, er omgrepet «undervisningstime» sentralt. Begge omgrepa er brukte i rapporten. Arbeidsgruppa legg til grunn at det er viktig for kvaliteten på opplæringa at både lærarar og elevar får disponere det fastsette minstetimetaleet.

Forenklingar og forkortingar i teksten

Vidaregåande opplæring er eit stort og komplekst system. Skoleåret 2016–2017 er det fem studieførebuande og åtte yrkesfaglege utdanningsprogram,⁴ og tre typar påbygging til generell studiekompetanse:

- Utdanningsprogram for studiespesialisering med og utan formgivingsfag
- Utdanningsprogram for idrettsfag
- Utdanningsprogram for musikk, dans og drama
- Utdanningsprogram for kunst, design og arkitektur
- Utdanningsprogram for medium og kommunikasjon

- Utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk
- Utdanningsprogram for design og handverk
- Utdanningsprogram for elektrofag
- Utdanningsprogram for helse- og oppvekstfag
- Utdanningsprogram for naturbruk
- Utdanningsprogram for restaurant- og matfag
- Utdanningsprogram for service og samferdsel
- Utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon
- Vg3 påbygging til generell studiekompetanse
- Studieførebuande Vg3 for naturbruk og for medium og kommunikasjon
- Studieførebuande Vg4 for elevar med bestått fag- og yrkesopplæring

Det er forskjellar i årstimetaleet for ulike elevgrupper, mellom anna gjeld det utdanningsprogramma idrettsfag og musikk, dans og drama, og elevar med rett til tospråkleg opplæring i norsk og samisk, finsk eller norsk teiknspråk. Fellesfaga er litt ulikt fordelte på årstrinna i dei ulike utdanningsprogramma.⁵ Skoleeigaren kan velje ei alternativ fag- og timefordeling ved å legge fag på andre trinn.⁶ Skoleeigaren kan også omdisponere inntil 25 % av timetaleet i fag for enkeltelevar. Talet på sentralt

4 Tilbudsstrukturen i fag- og yrkesopplæringa skal endrast og er på høyring i juni 2017.

5 Sjå forskrift om fag- og timefordeling, <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/fag-og-timefordeling/> for ei fullstendig oversikt.

6 <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/finn-regelverk/etter-tema/Innhold-i-opplaringen/veiledning-fleksibilitet-i-fag-og-timefordeling/>

gitte og lokalt gitte eksamenar er ikkje det same på dei ulike studieførebuande utdanningsprogramma og påbyggingsprogramma, og det er lagt inn ein viss fleksibilitet for å kunne handtere ulike fagkombinasjonar. I tillegg kjem privatistordninga.

Denne rapporten legg fram nokre enkle modellar som viser overordna grep, og omtalar ikkje alle nyansane. Modellane kan tilpassast på ulike måtar i praksis, men presentasjonen av moglege variantar, prioriteringar og tilpassingar er på ingen måte dekkande. I vurderinga prøver vi å ta høgde for viktige nyanseringar, men heller ikkje her er framstillinga fullstendig. Det må utarbeidast meir detaljerte gjennomgangar dersom ein vil gå vidare med framlegga.

Mange stader i teksten er dei studieførebuande utdanningsprogramma og påbygging til generell studiekompetanse omtala under eitt. Det same gjeld fellesfaga i yrkesfaglege utdanningsprogram. Vi bruker då SF som forkorting for studieførebuande, og YF for yrkesfaglege utdanningsprogram. Når vi skriv «Vg3 SF», inkluderer det påbygging til generell studiekompetanse dersom ikkje noko anna er presisert. I samband med eksamen bruker vi oftast nemninga «elevar» i staden for «eksaminandar», sjølv om eksamenane i vgo er felles for elevar og privatistar.

2 Kunnskapsgrunnlag

2.1 Juridiske rammer for avslutninga av opplæringa i vidaregåande opplæring

I opplæringslova § 3-2 er det fastsett at opplæringa i skolen skal strekke seg over minst 38 skoleveker innafor ei ramme på 45 samanhengande veker. Fylkeskommunen gir nærare forskrifter om skole- og feriedagar. Det vil seie at elevane skal ha minst sju veker samanhengande ferie, og innafor denne ramma avgjer fylkeskommunen sjølv kor mange dagar med opplæring dei skal ha. Det må ikkje vere nøyaktig 190 dagar.

Opplæringa skal vere i tråd med Læreplanverket for Kunnskapsløftet og tilbodsstrukturen, jf. opplæringslova (heretter lova) § 3-4 og forskrift til opplæringslova (heretter forskrifta) § 1-3. I læreplanane for kvart fag er det fastsett kor mange timar faget skal ha som eit minimum. Fylkeskommunen må gi minst dette timetalet i kvart fag, men dei kan velje å gi eit meir omfattande tilbod.

Den tida som går med til førebuing og gjennomføring av eksamen, skal reknast som ein del av opplæringstida. Elevar som ikkje blir trekte ut til eksamen skal ha ordinær opplæring. Det følger av forskrifta § 1-4.

Omgrepet «avslutninga av opplæringa» vil seie avslutninga av den perioden det blir gitt opplæring i eit bestemt fag, og det viser både til innhaldet i opplæringa og timetalet i faget. Avslutninga må ikkje vere ein bestemt dag eller ei bestemt veke. Avslutninga av opplæringa i eit fag er ikkje nødvendigvis det same som avslutninga av skoleåret. Det er mogeleg å periodisere opplæringa i fag med lokalt gitt eksamen, slik at opplæringa blir avslutta og eksamen blir halden før opplæringa i andre fag er slutt. Men dersom det f.eks. skal setjast standpunktkarakter i eit fag etter første halvår, er det ein føresetnad at elevane får oppfylt alle rettane sine. Det inneber mellom anna retten til undervegsvurdering, halvårsvurdering med karakter, sjanse til å forbetre kompetansen sin og retten til å få varsel.

Grunnlaget for vurderinga er alltid kompetansemåla i læreplanane for fag, jf. forskrifta § 3-3. Både standpunktkarakterane og eksamenskarakterane er sluttvurderingar. Det vil seie at karakterane skal gi informasjon om den kompetansen som eleven, lærlingen, lærekandidaten eller praksisbrevkandidaten har ved avslutninga av opplæringa i fag i læreplanverket, jf. forskrifta § 3-17. At standpunktkarakteren skal bli gitt ved «avslutninga av opplæringa i fag» følger også av forskrifta § 3-18. Der står det at standpunktkarakteren skal vere basert på eit breitt vurderingsgrunnlag som samla viser den kompetansen eleven har i faget. Dette til forskjell frå undervegsvurderinga, som skal vere ein reiskap i læreprosessen, gi informasjon, rettleiing og høve til å forbetre kompetansen gjennom heile opplæringstida, jf. forskrifta § 3-11, jf. § 3-16.

Standpunktkarakterane i fag med sentralt gitt eksamen skal fastsetjast seinast dagen før fellessensurmøtet. Standpunktkarakterar i fag med lokalt gitt eksamen skal fastsetjast seinast dagen før skolen gjennomfører den første lokalt gitte eksamenen i faget på det aktuelle trinnet innanfor utdanningsprogrammet. Dette følger av forskrifta § 3-18 tredje og fjerde ledd. I 2015 blei det gjort ei lita endring slik at standpunktkarakterane kan setjast seinare i trekkfag der ingen elevar på utdanningsprogrammet og trinnet er trekte ut. Regelverket skal bl.a. sikre at standpunktkarakteren ikkje blir påverka av eksamenskarakteren. Dette har samheng med at faglæraren er ein av sensorane ved lokalt gitte eksamenar. Ein skil berre mellom sentralt og lokalt gitte eksamenar, ikkje mellom eksamensform (munnleg, skriftleg e.l.).

I forskrifta er det eit viktig prinsipp at standpunktkarakterane og eksamenskarakterane er to vurderingsformer som skal setjast uavhengig av kvarandre, og ikkje vere påverka av kvarandre.

Standpunktkarakteren blir sett av faglæraren og bygger på eit breitt vurderingsgrunnlag som omfattar fleire ulike vurderingssituasjonar. Eksamenskarakteren er uttrykk for kompetansen til eleven eller privatisten slik han kjem fram på eksamensdagen, og blir vurdert av ein eller to eksterne sensorar.

Dersom eleven ikkje får standpunktkarakter i faget (IV som følge av manglande vurderingsgrunnlag eller høgt fråvær), blir eksamen annullert. Det følger av forskrifta § 3-37.

Dersom eleven får karakteren 1 som standpunktkarakter og ikkje blir trekt ut til eksamen i faget, har han/ho rett til særskild eksamen i faget. Det følger av forskrifta § 3-33. Dersom karakteren då blir 2 eller betre, får eleven vitnemål. Dersom eleven derimot får karakteren 1 til ein eksamen, får ikkje eleven vitnemål sjølv om han/ho har 2 eller betre som standpunkt.

2.2 Planlegging og gjennomføring av eksamensperioden i praksis

Det norske eksamenssystemet er kjenneteikna ved at det har ei praksisnær forankring. Det at eksamensoppgåvene blir utarbeide og svara blir sensurerte av praktiserande lærarar, gir ordningane legitimitet. Samtidig er det ein av dei faktorane som gjer at eksamensavviklinga er ressurskrevjande for skolane. Mange faglærarar er involverte i eksamensavvikling og sensur, og samtidig skal opplæringa gjennomførast på ein forsvarleg måte.

Eksamenskarakterane er ein del av vitnemålet og utgjer grunnlaget for opptak til høgare utdanning. Fristane til Samordna opptak styrer derfor tidsplanane for eksamen, sensur og hurtigklagesensur. Eksamensperioden skal på den eine sida ligge etter at opplæringa er gjennomført, og på den andre sida skal han ligge tidleg nok til at elevane får vitnemål når skoleåret er slutt. Skolane treng tid til gjennomføringa, og sensorane treng tid til å gjere ein god jobb.

For å sikre god gjennomføring av både sentralt gitte og lokalt gitte eksamenar trengst god planlegging. Arbeidsgruppa har valt å illustrere dette planleggingsarbeidet med ein relativt detaljert gjennomgang frå ein vidaregåande skole. Formålet med dei endringsforslaga som blir lagde fram i rapporten, er å gjere planlegginga lettare for skolane, og derfor er det viktig å ha innsikt i kva arbeidet dreier seg om.

Den praktiske organiseringa av sentralt gitt eksamen og sensur på ein skole⁷

Planlegginga startar i oktober med å utarbeide skolens eksamensplan, som bygger på den sentralgitte eksamensplanen og datoplanen for lokalgitt eksamen. Trekking til eksamen blir utført i januar, og registrering av trekk og eksport av data til det nasjonale prøveadministrasjonssystemet PAS blir gjort innan 1. mars.

I løpet av april blir det utarbeidd rom- og vaktplan, skolen rekrutterer vakter og orienterer lærarane om eksamensplanen og dei lokale retningslinjene. Før 17. mai blir elevane orienterte om eksamensreglement og klagereglement, og eksamensvaktene får opplæring i den praktiske avviklinga. For at elevane skal føle seg trygge under eksamen, blir det utarbeidd eit orienteringsskriv om dei praktiske og meir tekniske sidene ved gjennomføringa. I tillegg har ein møte med IKT-konsulenten og andre støttefunksjonar og førebuar eksamensavviklinga i vekene før eksamen startar.

7 Takk til leiinga ved Tertnes vidaregåande skole, som har gitt orienteringa som ligg til grunn for dette kapitlet.

Avvikling av skriftleg sentralgitt eksamen

Sentralgitt eksamensplan styrer skolens eksamensplan. Alle dei munnlege og munnleg-praktiske eksamenane og tverrfaglege eksamenar for yrkesfag blir lagde etter dei skriftlege eksamenane. Skolane treng minst to veker etter sentralt gitt eksamen til å avvikle lokalgitte eksamenar.

Romkapasiteten i perioden med skriftleg sentralgitt eksamen legg premisser for korleis – eller om – ein kan drive undervisning parallelt med eksamensavviklinga. Her vil ulike skolar ha ulike utfordringar og ulike system. Rombehovet er størst under avviklinga av norsk hovudmål og delvis norsk sidemål på grunn av mengda med eksaminandar. På desse dagane kan ein for eksempel organisere fagekursjonar for Vg1 og Vg2. På andre eksamensdagar har Vg1 og Vg2 undervisning på skolen etter timeplanen så langt dette er mogleg, unntatt når dei er oppe til eksamen.

I perioden med skriftleg sentralgitt eksamen er elevane på Vg3 lite motiverte for ordinær undervisning i andre fag, men dei ønsker og kan ha god nytte av eksamenstrening og undervisning i dei faga dei er trekte ut til eksamen i. Undervisningstimetallet for elevane i denne perioden blir derfor auka i faga dei er trekte ut til eksamen i. I fag som har ein førebudingsdag før eksamensdatoen, skal elevane få tilbod om organisert rettleiing.

Å avvikle sentralgitt eksamen er hektisk og detaljorientert. Det nye prøveadministrasjonssystemet PAS har ført til at skolane sparer tid og kostnader.

Lokalgitt eksamen

Skoleeigaren har ansvar for gjennomføringa av lokalt gitt eksamenar. I Bergen er det nesten 900 parti – grupper av elevar som blir trekte ut til lokalt gitt munnleg eller praktisk eksamen – kvart år. Utvekslinga av sensorar blir utført av ei arbeidsgruppe som dekkjer dei fire sensorregionane som Bergen er inndelt i, der 38 private og offentlege skolar samarbeider. Eksamen for Vg3 blir plassert før eksamen på Vg1 og Vg2. Munnleg eksamen skal gå over to dagar,⁸ og det trengst minst to veker for å avvikle eksamen for alle skolane.

Datoplanen blir send til skolane i oktober. Han rullerer mellom regionane, slik at dei byter på fordelar og ulemper med å ha eksamen seint eller tidleg før skoleslutt. Rektorane registrerer og kvalitetssikrar oppnemninga av sensorar og utarbeider rekneark for sensorbehov i faga. Det er avgjerande at rektorane gjer avtalar med lærarane på førehand om sensoroppdrag. Mange lærarar får tre oppdrag, eitt internt som faglærar og to eksterne oppdrag som sensor. I enkelte «små» fag kan ein få fleire enn tre oppdrag. Det er ein fordel at rektorane sikrar jamt trekk mellom programfag og fellesfag, både av prinsipielle og praktiske årsaker.

På enkelte dagar kan mange lærarar ved skolen ha eksterne sensoroppdrag, og undervisning og timeplanar må leggast om.

Tverrfagleg eksamen

Sensorutvekslinga til tverrfagleg eksamen for yrkesfag blir organisert av ei arbeidsgruppe som dekkjer mange skolar, på same måte som for munnleg og munnleg-praktisk eksamen. Eksamen blir lagt etter skriftleg eksamen på Vg2 og så seint som mogeleg før skoleslutt for å halde undervisninga i gang, avhengig av kor mange parallellar ein har, og kor mange parti ein har.

⁸ Nye reglar om lokalt gitt munnleg eksamen frå 2014, sjå <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/finn-regelverk/ettertema/eksamen/Udir-2-2014/>

I tillegg vil det vere arbeidsgrupper eller enkeltpersonar som organiserer sensorutveksling i programfag innan formgivingsfag, idrettsfag og musikk dans drama.

2.3 Direktoratet og Fylkesmannen sitt arbeid med sentralt gitt eksamen

Utarbeiding av sentralt gitte eksamenar

Dei sentralt gitte skriftlege eksamenane blir utarbeidde av Utdanningsdirektoratet.⁹ Eksamenar som er knytte til fellesfaga og programfag på studieførebuande program, har sentral sensur, mens dei som er knytte til programfag på yrkesfag (lærlingar og praksiskandidatar), har lokal sensur.

Eksamensoppgåvene blir utarbeidde av fagnemnder. Medlemmene er som regel yrkesaktive lærarar, men kan også vere frå lærarutdanninga. Dei konkrete oppgåvesetta har ulik oppbygging for å passe til faga sin eigenart. Utdanningsdirektoratet har ansvar for at sluttproduktet er kvalitetssikra og i samsvar med gjeldande lov- og regelverk. Nokre av fagnemndene har ansvar for fleire eksamensvariantar, og til saman er det 504 fagkodar på eksamensplanen, 225 fagkodar for yrkesfaglege eksamenar og 279 for studieførebuande. Til saman 56 av fagkodane i vidaregåande opplæring har eksamen med førebuingdag.

Eksamen i vidaregåande opplæring blir gjennomført to gonger i året. Det er færre kandidatar om hausten enn om våren. Kandidatar til hausteksamen er stort sett elevar som har rett til ny, utsett eller særskild eksamen, og privatistar. Eksamensperioden er noko lengre om hausten og noko meir konsentrert om våren. Våren 2017 begynner eksamensperioden fredag 19. mai, og avsluttar 2. juni for studieførebuande fag og onsdag 7. juni for yrkesfag.

På Vg3 SF skal elevane ha to skriftlege trekkfagseksamenar i tillegg til norsk hovudmål. Som regel blir dei trekte ut i to programfag eller eitt programfag og norsk sidemål, eventuelt framandspråk I+II for elevar som ikkje hadde framandspråk på ungdomstrinnet. Eksamensplanen blir lagt slik at dei mest vanlege fagkombinasjonane har eksamen på ulike dagar, slik at det er mogeleg å trekke elevar ut i to av dei sentrale programfaga.¹⁰ Dersom eleven har to programfag som er lagde til same eksamensdato, kan han/ho trekkast ut til eksamen i norsk sidemål – eller andrespråk, teiknspråk eller framandspråk dersom eleven har eit av desse faga.

Eksamensplanen tek også, i større grad om hausten enn om våren, omsyn til privatistane. Privatistar må ta eksamen i alle fag for å dokumentere oppnådd kompetanse. Det betyr at privatistar ofte må ta nokre eksamenar om hausten og andre om våren for å oppfylle kravet til vitnemål, fordi mange fag har eksamen same dato. Eksamensplanen må i tillegg ta omsyn til grunnskoleelevar som forserer i fag og skal ta eksamenar på vidaregåande nivå. Ein eksamen (samisk som andrespråk) er felles for grunnskolen og Vg3 fordi læreplanen ikkje er knytt til årstrinn.

Eksamenskarakterane blir offentleggjorde rett etter fellessensuren, og kandidatane har ein klagefrist på ti dagar.¹¹ Klagesensorane skal vurdere om karakteren som er sett, er rimeleg eller ikkje.


Eksamensperioden for sentralt gitt eksamen og tidsfristane til Samordna opptak legg premissane for korleis avslutninga av skoleåret er organisert på studieførebuande utdanningsprogram. Men det er viktig å hugse at eksamenskarakterane, både til sentralt og lokalt gitte eksamenar, utgjør berre ca. 15

9 <https://www.udir.no/eksamen-og-prover/eksamen/rammeverk-eksamen/>

10 Sjå <http://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/finn-regelverk/etter-tema/eksamen/Udir-4-2016-trekkordning-ved-eksamen/> for meir informasjon om trekkordninga

11 Meir informasjon om klagesprosessen finst her <http://www.udir.no/eksamen-og-prover/eksamen/forberede-og-ta-eksamen/#klage-pa-karakter> og her <http://www.udir.no/eksamen-og-prover/eksamen/administrere-eksamen/#klagebehandling-videregaende>

% av sluttvurderingane på eit vitnemål. 85 % av karakterane på vitnemålet til ein elev blir sette av faglærarane i form av standpunktkarakterar.



Fylkesmannen sitt arbeid med sensur og klagesensur

Fylkesmannen koordinerer sensuren for sentralt gitt skriftleg eksamen i vidaregåande opplæring i dei studieførebuande utdanningsprogramma. Det vil seie å rekruttere og oppnemne sensorar, følge opp sensorane og sjå til at sensurarbeidet blir gjennomført etter regelverket. Vidare å arrangere sensorskoleringar i samarbeid med Utdanningsdirektoratet, arrangere fellessensur vår og haust og sikre at alle prøvesvar blir sensurerte, og at alle karakterane blir førte i det elektroniske eksamenssystemet. Vidare skal Fylkesmannen oppnemne klagenemndsmedlemmar og gjennomføre klagebehandling etter vår- og hausteksamen etter ei bestemt fordeling mellom embeta. Fylkesmannen skal også utbetale honorar og andre utgifter for sensur og klagebehandling.

Til eksamen våren 2016¹² blei det til saman sensurert 166 219 prøvesvar, og det blei oppnemnt ca. 2000 sensorar. Totalt sett blei det behandla 9912 klagar. Arbeidet er fordelt mellom fylkesmannsembeta, og seks embete deler ansvaret for sensuren i vidaregåande opplæring om våren.

Arbeidet med eksamen og sensur går føre seg gjennom heile året, men perioden frå om lag 1. mars til 15. juli er mest arbeidskrevjande. 1. mars er fristen for skolane til å melde på kandidatar til eksamen i det elektroniske systemet. Denne datoen startar også oppnemninga av sensorar og klagenemndsmedlemmar for dei embeta som har ansvaret for det. Parallelt med avviklinga av eksamenar blir det arrangert sensorskoleringar.

Det er rektor på kvar skole som har ansvaret for å foreslå fagpersonar til sensoroppdrag, og som dermed har ansvaret for kvalitetssikring. I praksis er dei aller fleste sensorane faglærarar og underviser i dei faga dei er foreslått eller oppnemnde i. Sensorane inngår ein forpliktande oppdragsavtale med Fylkesmannen. Kvar sensor får 180–200 prøvesvar. Dei fleste prøvesvara er digitale, men framleis er det ein god del papirsva i enkelte fagkodar, særleg innan realfaga. Digitaliseringa har effektivisert sensurarbeidet.

Fellessensurmøta for alle fag med sentral sensur er vanlegvis lagde til dei siste to dagane før sommarferien. Det kan vere ei stor utfordring å få nok tid til sensureringa. I enkelte fag er marginane svært små og tida kort frå eksamensdagen til fellessensurmøtet. Ein kan stille spørsmålet om det er

12 Kjelde PAS-Eksamen

for mange prøvesvar pr. sensor, og enkelte sensorar har teke til orde for færre prøvesvar. Ei anna problemstilling er korleis skoleleiinga oppfattar sensurarbeidet, og korleis skolen legg til rette for at sensorane kan gjere arbeidet på ein forsvarleg måte, samstundes som dei som faglærarar skal avslutte skoleåret på ein god måte. Det kan vere vanskeleg å få fri til å delta på sensorskolering fordi ein til dømes er oppteken med lokalt gitt eksamen eller av andre grunnar må vere til stades på skolen. Sensorskolering er ikkje obligatorisk, men det er ein viktig føresetnad for å få til ein mest mogeleg lik og rettferdig sensur. Det fungerer også som etterutdanning og kan inngå i kompetanseutviklinga på eigen skole. Derfor ser dei fleste skoleleiarar positivt på sensurarbeidet.

Klagebehandlinga skjer i to omgangar. Etter våreksamen er det mogeleg å få klagen behandla som «hurtigklage» i mange av dei større faga. Dette er ikkje forskriftsfesta, men ei rask behandling av klagane gjer det mogeleg for kandidatane å sende korrekt dokumentasjon til Samordna opptak innan fristen for opptak til høgare utdanning. Hurtigklagen blir avvikla i byrjinga av juli, og resten av klagane blir behandla fram til om lag 15. september.

2.4 Kartlegging av opplæringstimar i vidaregåande opplæring 2016

I 2014 fekk Utdanningsdirektoratet i oppdrag å undersøke eit utval vidaregåande skolar for å kartlegge omfanget av undervisningstimar i fag på bakgrunn av korleis dei planlegg og gjennomfører opplæringa, og kva utfordringar dei vidaregåande skolane har med å oppfylle kravet til årstimetal og kravet til kvalifiserte lærarar. NIFU utførte kartlegginga og la fram funna i rapporten *Får elevene den opplæringen de har krav på? Kartlegging av undervisningstimer med kvalifiserte lærere i vidaregåande opplæring*.¹³

Rapporten bygger på intervju med elevar og tilsette ved 15 skolar og spørjeundersøkingar med 17 skoleeigarar, 103 skoleleiarar og ca. 5000 lærarar. Han presenterer eksempel på skolar og skoleeigarar som har gode system for å sikre ei fag- og timestfordeling som er i tråd med regelverket. Men han viser også at mange skolar og skoleeigarar ikkje planlegg for å oppfylle fag- og timestfordelinga, eller ikkje gjennomfører i samsvar med planane.

Lærarar og skoleleiarar gir litt ulike svar på spørsmålet om det vanlegvis blir planlagt med færre, like mange eller fleire timar for elevane enn det lovfesta minstetimetallet. Om lag ein av ti skoleleiarar (9 %) fører opp at dei planlegg med færre timar. Om lag 60 % seier at dei planlegg med minstetimetallet, men seier samtidig at dei er klar over at ein del timar vil falle bort i løpet av skoleåret. Nokre legg til rette for at dei skal kunne ta att tapt tid, mens om lag halvparten av dei meiner et det ikkje lèt seg gjere. Nokre skolar planlegg med færre timar enn minstetimetallet av økonomiske årsaker.

Skolane presenterte ulike strategiar for planlegging av skoleåret (sjå kapittel 4). Den enkeltårsaka som i størst grad fører til at undervisningstimar fell bort, er eksamensperioden. Den er lang, og lærarar og skoleleiarar framhevar at systemet med tilfeldig trekk til eksamen gjer det utfordrande å planlegge. Opplæringa skal halde fram under og etter eksamensperioden, men det er lite formålstenleg å ha undervisning med nokre av elevane i ei gruppe mens andre er trekte ut til eksamen i andre fag, og faglærarar er ofte fråverande på grunn av sensoroppdrag eller anna eksamensrelatert arbeid. Etter at skriftleg eksamen er ferdig, er motivasjonen for vidare opplæring låg.

Rapporten viser at det er ikkje er konsensus om kva krav som må vere innfridde for at ein aktivitet kan reknast som ein undervisningstime:

(...) mens de fleste aktører enes om at en kvalifisert lærer er en som fyller formelle krav, så er verken lærere, skoleledere eller skoleeiere enige om kva som kan telle som

13 NIFU 2016:26

«undervisningstime». De fleste er riktignok enige om hvordan en typisk undervisningstime ser ut, men det finnes en rekke gråsoner og unntak hvor uenigheten er stor. (s. 29)

(...) Årsakene til dette vil i mange tilfeller ha med naturlige forskjeller mellom fagene å gjøre, men det viser likevel hvor krevende det er å få lærere til å rapportere på samme måte inn i en mal. Videre viser det hvor krevende det er å tolke et regelverk som er ment å være tydelig, for ikke å si entydig, vedrørende elevenes rettigheter til undervisning. Dette har betydning for hvordan elevenes årstimetall beregnes av den enkelte lærer og ved den enkelte skole, og er dermed en faktor som kan forklare noe av den variasjonen i årstimetall vi finner i norsk skole. (s.32)

Dette dreier seg ikkje berre om såkalla alternative aktivitetar, som ikkje er knytte til læreplanane for fag, men om timar med og utan lærar til stades, innanfor eller utanfor klasserommet, om timen er førebudd av ein kvalifisert lærar, og om aktiviteten inngår i vurderingsgrunnlaget i etterkant. I Kunnskapsløftet er mykje ansvar for organisering av opplæringa lagt til lokalt nivå, og skolane har relativt stor fridom når det gjeld organiseringa, og kva arbeidsmåtar, metodar og fagleg innhald dei vel for å nå kompetansemåla i læreplanane. Rapporten frå NIFU drøftar problemstillingar knytte til dette lokale handlingsrommet. Det er ønskeleg med fleksibilitet, men praksis er framleis for ueinsarta til at elevane får oppfylt minstekrava ved alle skolar. Skoleeigarane har i ulik grad gode system for kontroll og oppfølging.

Kartlegginga er eit viktig kunnskapsgrunnlag. Arbeidsgruppa har lagt vekt på at dei alternative modellane som vi legg fram, skal kunne gi meir tid til opplæring, slik at ein lettare kan oppnå minstetimetallet i alle fag. Gruppa meiner også det er behov for ei klargjering av krava til opplæringstid slik at praksis er i samsvar med opplæringslova.

3 Å innføre eit skilje mellom opplæring og eksamen – forslaga frå 2011

I 2011 sendte KD på høyring eit forslag til endring av opplæringslova og forskrift til opplæringslova som bestod i at skoleåret skulle delast i to periodar for elevar på Vg3 i studieførebuande utdanningsprogram:

- *Opplæringen i skoleåret skal deles i to perioder for elever på videregående opplæring tredje trinn, studieforbereidende utdanningsprogram (Vg3), med en periode for ordinær opplæring på 34 uker og en periode med eksamen og forberedelse til eksamen på 2 uker.*
- *Det skal ikke være ordinær opplæring i eller etter eksamensperioden i fag på Vg3 studieforbereidende utdanningsprogram*
- *Skoleårets lengde for elever på Vg3 studieforbereidende utdanningsprogram skal være på minst 36 uker mot minst 38 uker i dag. Det totale timetallet beholdes, men må gjennomføres på 36 uker mot dagens 38. De timene som tidligere ble gjennomført etter eksamen, må nå gjennomføres i løpet av de 34 ukene før eksamensperioden starter.*

Dette forslaget blei lansert i utgreiinga «Rapport fra utredningsgruppen for årstimetall og eksamen» (Utdanningsdirektoratet 2010):

Et alternativ som utredningsgruppen har vurdert er å fastsette en dato for når opplæringen skal være avsluttet, og så starte eksamensperioden etter denne datoen. Dette vil innebære at ordinær opplæringsaktivitet ikke skal foregå samtidig med gjennomføring av eksamen, slik at de praktiske og logistikkmessige utfordringene på skolene vil bli betydelig lettere å løse. I tillegg vil elevene ha en dato for når selve opplæringen er avsluttet og når eksamensperioden begynner, slik at man unngår motivasjonsmessige problemer ved å skulle gjennomføre opplæring i noen fag etter at elevene har tatt eksamen. (...) En vil også unngå sløsing med elevenes tid i form av perioder med uplanlagt fri som ofte oppstår i eksamensperioden fordi klasserom er opptatt til eksamen, lærere ikke kan møte til timer på grunn av sensuroppdrag og andre oppgaver i forbindelse med eksamen.


Den viktigaste grunngevinga for å foreslå eit skilje mellom opplæring og eksamen var at det ville gi eit meir oversiktleg skoleår. Ein ville unngå problema med å gi opplæring i fag det ikkje er eksamen i, samtidig som ressursane er bundne opp til eksamensavviklinga og elevane er opptekne med å førebu seg til eksamen i trekkfaga sine. Ei slik todeling ville også vere ryddig for elevane, fordi det blir eit skilje mellom den perioden dei arbeider mot fastsetjing av standpunktkarakterar, og den perioden dei førebur seg til og gjennomfører eksamen. Etter at eksamen er ferdig, er skoleåret slutt.

Forslaget frå 2011 var avgrensa til Vg3 studieførebuande. Der skal alle elevane ha like mange eksamenar og kan derfor ha ein felles eksamensperiode. Forslaget omfatta ikkje påbygging til generell studiekompetanse. Det omfatta heller ikkje Vg1 og Vg2, fordi det ville vere vanskeleg å innføre eit skilje på trinn der ikkje alle elevane blir trekte ut til sentralt gitt eksamen.

3.1 Eksamensperiode så seint i skoleåret som mogeleg

Modellen som KD foreslo primært, innebar at eksamen blei plassert så seint i skoleåret som mogeleg og omfatta både skriftleg og munnleg eksamen. For å få tid til sensur og fellessensur vart 25. mai sett som starttidspunkt for eksamensperioden.

Det samla årstimetalet for faga skulle ikkje endrast, men gjennomførast i løpet av kortare tid, slik at opplæringa i faga var avslutta og standpunktkarakterane sette då eksamensperioden starta. Dette skulle gjerast ved å auke veketimetale for elevane og innføre ein tilsvarande auke i lærarane si undervisningstid.



Skoleåret har no ei minstetid på 38 veker. I forslaget var dette redusert til 36 veker for Vg3 SF, og av dei skulle 34 veker leggest til opplæringsperioden og to veker skulle omdisponerast til eksamensformål. Timane som no ligg etter eksamen, skulle gjennomførast i løpet av dei 34 vekene i opplæringsperioden. Timane til gjennomføring av eksamenane skulle inngå i årstimetalet for dei aktuelle faga.

For elevane ville dette føre til ein intensiv opplæringsperiode i forkant av eksamen og fleire fridagar mellom og etter eksamenane. For lærarane ville det også gi ein meir intensiv opplæringsperiode, følgd av ein eksamensperiode utan undervisningstimar på Vg3. Eksamensperioden skulle inngå i lærarens arbeidsår, mellom anna med krav om å gi elevane rettleiing og oppfølging, men utan ordinær opplæring på trinnet.

Forslaget frå 2011 rørte ikkje ved kravet til *det samla* årstimetalet for elevane. Ein vesentleg del av bakgrunnen for utgreiinga i 2010 var at mange skolar ikkje klarte å oppfylle dette årstimetalet, og i forslaget skulle ein oppfylle det same årstimetalet på kortare tid. Det positive bidraget var å gjere det lettare å ha oversikt over timetalet i opplæringsperioden. Utfordringane med å oppfylle timetalet i alle fag ville ikkje bli mindre, men dei ville vere meir synlege.

Forslaget innebar at ein gjekk bort frå ambisjonen om å oppfylle *årstimetalet i alle fag*. Høyringsnotatet gjorde greie for at dette i praksis ville vere vanskeleg i løpet av dei 34 vekene opplæringa varte. Dei to ekstra vekene som skulle omdisponerast til eksamensformål, måtte nødvendigvis følge dei faga elevane blei trekte ut i. Derfor var ein premiss frå KD si side at ein skulle opne for å flytte nokre årstimar frå fag som eleven ikkje skulle ha eksamen i, til fag med eksamen. Elevane ville alltid kunne miste nokre timar i fag som dei ikkje skulle ta eksamen i.

Læringsutbytte

Eksamen er ei sluttvurdering som skal prøve heile læreplanen, og kravet om at opplæringa i faget skal vere ferdig når eksamen startar, gir eit tydeleg signal til skolane. Det strir mot formålet med sluttvurderinga å vidareføre opplæringa i faget etter eksamen. Derfor er det eit viktig prinsipp at tidspunktet for eksamen blir lagt etter at den ordinær opplæringa i faget er gjennomført.

Førebuingstida i eksamensperioden skal vere repetisjon, ikkje innlæring av stoff som ikkje tidlegare er gjennomgått. Faglæraren si rolle i eksamensperioden er å rettleie elevane. Dette kan bli ryddigare dersom ein skil mellom opplæringstid og eksamensperiode.

Forslaget kravde ei effektivisering av opplæringstida, noko som kan gi høve til konsentrasjon og fordjuping. Men utdanningsprogramma er ikkje like med omsyn til timetal, og skoleåret er allereie komprimert for mange elevar. Eit endå tettare skoleår ville kunne slå negativt ut for dei som i

utgangspunktet har vanskar med å kome gjennom alt. Det ville også slå negativt ut for fag som ikkje har skriftleg eksamen, fordi eksamensfaga blir prioriterte.

Spørsmålet blir om ei organisering som gir høve til konsentrasjon *før* standpunktkarakterane skal settast, fordi eksamen ikkje har begynt, og *under* eksamen, fordi ein ikkje har undervisning i andre fag, kan gi meir læringsutbytte enn ei organisering der eksamen og opplæring i andre fag overlappar kvarandre.

Arbeidsbelastninga for elevar og lærarar

Forslaget møtte kritikk fordi skoleåret til elevane ville bli meir komprimert og intensivt. Dette ville ramme hardest for dei elevane som har dei lengste skoledagane frå før. I tillegg kan sårbare elevar med spesielle behov få vanskar med å tilpasse seg eit endå meir intensivt skoleår.

Problemstillinga er akutt for påbygging til generell studiekompetanse, som i utgangspunktet er eit svært arbeidsintensivt år for elevane. Forslaget ville føre med seg behov for endringar i organiseringa av påbyggingsåret.

Elevar med rett til tospråkleg opplæring med samisk som førstespråk, samisk/finsk som andrespråk eller norsk teiknspråk har fleire veketimar¹⁴ fordi dei har eitt gjennomgåande fag meir enn andre elevar. Utanfor det samiske kjerneområdet må ofte opplæringa i samisk leggest utanom vanleg skoletid fordi det er knapt med lærarressursar. Sametinget var mot ei innføring av endå lengre skoledagar dersom ein ikkje fann eigne løysingar for desse elevane.

Mange lærarar i vidaregåande opplæring har eit svært komprimert skoleår allereie. Ei sterkare komprimering av den ordinære opplæringstida ville føre til ei auka arbeidsbelastning, og det var uavklara kor mykje av dette som kunne kompenseras med mindre arbeidsbelastning i eksamensperioden. Faglærarane skal rettleie på førebuingdagar, mange elevar ønsker oppfølging utanom dei fastsette undervisningstimane, og lærarane har ansvar for gjennomføring og sensurering av lokalt gitte eksamenar. Det er også undervisning for Vg1 og Vg2 i denne perioden.

3.2 To eksamensperiodar, skriftleg eksamen før 17. mai

Høyringsnotatet frå 2011 drøfta også om det kunne vere eit alternativ å flytte skriftleg eksamen for Vg3 til perioden 1.–17. mai for å imøtekomme ønsket om å markere russetida på dette tradisjonelle tidspunktet. Notatet la fram ein alternativ modell som viste korleis det kunne gjerast. Modellen bestod av to opplæringsperiodar og to eksamensperiodar. Hovudkomponenten var å avvikle alle skriftlege eksamenar for Vg3 før 17. mai, gi rom for ein pause til russetida, og deretter ha ein ny opplæringsperiode som leier fram til munnleg eksamen i juni.



14 <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/finn-regelverk/etter-tema/Innhold-i-opplaringen/udir-01-2016/vedlegg-1/3vgo/#3.3.1.5samisk-tegnsprak-finsk-andresprak>

Dersom ein skal flytte skriftleg eksamen til vekene før 17. mai utan å endre eksamensordningane, må eksamensperioden begynne seinast 1. mai. Opplæringsperioden for desse faga må då vere avslutta i slutten av april. Modellen kravde derfor ei omfattande komprimering av opplæringstida i fag med skriftleg eksamen.

Dei fleste høyringsinstansane avviste denne modellen fordi dei meinte det var uforsvarleg tidleg å avslutte opplæringa i dei fleste faga allereie i april. Men nokre såg faglege fordelar ved ei todeling, fordi den kunne gi konsentrasjon og variasjon i opplæringa:

() det må være mulig å skille mellom fag som har skriftlig eksamen og fag som har muntlig eksamen, og at avslutning av opplæring og fastsetting av standpunktkarakterer ikke nødvendigvis må gjøres samtidig for alle fag og alle elever. Ulike skiller vil gjøre det lettere å utnytte hele skoleåret, og det vil spre arbeidsbelastningen for både elever og lærere¹⁵ (Norsk Lektorlag)

Lektorlaget argumenterte med at fleire skolar har gode erfaringar med ulike former for periodisering og fordeling av undervisningstida i større einingar, og at det gir meir varierte skoleveker for både elevar og lærarar. Opplæringsperioden der ein førebur seg til munnleg eksamen, kunne opne for andre arbeidsmåtar enn førebuinga til skriftleg eksamen. Det vil kunne gi motivasjon på slutten av året.

Ei utfordring er at dei fleste faga på Vg3 SF har skriftlege trekkfagseksamenar i gjeldande ordning, og det kunne bli nødvendig å fordele skriftlege og munnlege eksamensalternativ mellom faga på ein annan måte dersom forslaget skulle vere aktuelt.

3.3 Høyringa i 2011–2012

I høyringa kom det fram at det var stor oppslutning om ideen med å organisere skoleåret på ein ryddigare måte. Praktisk talt alle høyringsinstansane påpeikte at den lange perioden som vi har no, der opplæring, eksamensførebuing, eksamensgjennomføring og privat feiring er blanda saman, er uheldig både for elevane og skolen. Det kom fram eit klart ønske om å finne ein meir formålstenleg modell, men mange peika på at det forslaget som var lagt fram, hadde innebygde utfordringar som ikkje var løyste.

Forslaget galdt berre Vg3 studieførebuinge program. Høyringsinstansane peika på at det å skilje eksamen og opplæringstid var eit prinsipielt grep som måtte kunne koordinerast for ulike trinn og programområde. Eksamenane på Vg3 er felles for ulike elevgrupper, og både for elevane og for den praktiske organiseringa på skolane måtte ein behandle programområda og årstrinna likt.

Høyringa viste at det er ulike synspunkt på korleis opplæringstida kan komprimerast, og at forslaget ikkje var tilstrekkeleg utgreidd på dette punktet. Forslaget om å konsentrere opplæringstida ville slå ulikt ut og føre til at dei elevane og lærarane som har mest fortetta arbeidsveker allereie, ville tape på det. Nokre elevgrupper har særlege utfordringar med ei komprimert opplæring: Elevar på idrettsfag og MDD har i utgangspunktet mange veketimar, og det same har elevar med rett til tospråkleg opplæring i teiknspråk, samisk eller finsk og norsk. Det blei hevda at forslaget også kunne ramme andre elevgrupper som i utgangspunktet har vanskar med å gjennomføre.

Forslaget innebar at lærarane skulle gjennomføre opplæringa i løpet av kortare tid enn no, altså ha eit høgare veketimetall, men at dei likevel skulle vere til stades for å følge opp elevane i eksamensperioden. Høyringsinstansane meinte at lærarane sitt ansvar for oppfølging og rettleiing i eksamensperioden ikkje var godt nok klarlagt i forslaget slik det låg føre.

15 https://www.regjeringen.no/contentassets/f18be529a6a44eb58be2a29866675863/norsk_lectorlag.pdf

Lærarar har i ulik grad høg og ujamn arbeidsbelasting gjennom året. Spørsmålet om å bruke dagar frå sommarferien i august eller frå haust- og vinterferien for å få nok opplæringstid er kontroversielt.

Forslaget kravde at skolane skulle kunne flytte timar frå minstetimetallet i enkeltfag som elevane ikkje skulle ta eksamen i, til eksamensfaga. Det protesterte mange høyringsinstansar mot.

3.4 Vurdering

Det er brei semje om at vi har behov for ein meir oversiktleg eksamensperiode. Slik skoleåret er organisert no, fungerer ikkje eksamenstida godt som opplæringstid. Eit todelt skoleår kan bidra til å gjere det enklare å planlegge for at elevane får den opplæringa dei har krav på før eksamen startar. Dette var bakgrunnen for forslaget om å avslutte opplæringa før eksamen. Men i seg sjølv gir ikkje ei slik todeling fleire timar til skoleåret. Tvert imot, todelinga synleggjer og spissar vanskane med å oppnå årstimetallet i faga.

Styrken ved forslaget om ei inndeling i opplæringsperiode og eksamensperiode:

- Modellen ville gi høve til konsentrasjon og arbeidsro, både i opplæringsperioden og eksamensperioden. Først standpunkt, deretter eksamen, ikkje begge delar samtidig.
- Modellen ville opne for periodisering og intensiv opplæring i forkant av eksamen. Det var særleg styrken ved den varianten som hadde to eksamensperiodar, ein skriftleg og ein munnleg.
- Det ville vere praktisk enklare å gjennomføre eksamensavviklinga når det ikkje skal vere ordinær undervisning samtidig.
- Modellen gav tydeleg signal til elevane om når sluttvurderinga skjer. Det ville vere eit bidrag til å strukturere russetida slik at den blir betre tilpassa krava i opplæringa, men det er ikkje mogeleg å vite kva det ville bety i forhold til andre faktorar som påverkar russetida.

Utfordringane med modellane:

- Den lange eksamensperioden kravde at eit tilsvarande høgt timetal blei bygd inn i opplæringsperioden som komprimering. Ein reduksjon i den ordinære opplæringstida på til saman fire veker er mykje, og for å få det til å gå opp måtte ein opne for ei nedprioritering av fag elevane ikkje skulle ha eksamen i.
- Komprimeringa av opplæringa ville slå ulikt ut for ulike elevgrupper og på ulike utdanningsprogram.
- Trekkordninga gjer at ein ikkje kjenner til kva som blir årstimetallet i faga på førehand. Dei to vekene av årstimetallet som skulle omdisponerast til eksamensformål, kunne derfor ikkje planleggast inn i årstimetallet.
- På nokre skolar legg dei timeplanar som oppfyller timetallet i alle fag før eksamensperioden startar, men det krev lokalt inngåtte avtalar med lærarar og elevar. På større skolar med mange utdanningsprogram og høgt elevtal er planlegginga krevjande og handlingsrommet mindre.

- Dei siste to vekene skulle også inngå i lærarens arbeidsår sjølv om elevane ville ha fridagar mellom og etter eksamenane sine. Slik modellen blei lagt fram, blei det oppfatta som uklart kva som var faglærarane sitt ansvar i eksamensperioden.

Arbeidsgruppa har diskutert begge modellane, med mest vekt på modellen der skriftleg og munnleg eksamen ligg som éin samla periode. Trekkordninga til eksamen og lengda på eksamensperioden er eit problem for begge modellane. Dei føreset at eksamensperioden kan planleggast godt. Med ein lang eksamensperiode der ein ikkje kjenner innhaldet og timetalet for elevane på førehand, blir også ei styrt periodisering lite effektiv.

Arbeidsgruppa ser det som nødvendig å undersøke om det er mogeleg å gjere noko med dei viktigaste utfordringane. Slik vi ser det, dreier det seg om dette:

- Dersom eksamensperioden på Vg3 kan gjennomførast på færre dagar, vil det vere tilsvarande mindre behov for hardhendt komprimering av opplæringstida. Ei komprimering av eksamensperioden er ein føresetnad for å oppnå årstimetalet i alle fag utan at opplæring og eksamen går parallelt.
- Trekkordninga gjer planlegginga vanskeleg. Vi ønsker derfor å vurdere om reglane for trekk kan endrast når det gjeld skriftleg eksamen, slik at eksamensperioden blir noko meir føreseieleg.

Dersom ein kan gjere noko med desse to faktorane, vil det vere meir realistisk å skilje ut eksamen som ein eigen periode. Det kan også vere slik at behovet for å skilje eksamensperiode og opplæringsperiode då blir mindre. Samtidig er det viktig at alle elevane stiller likt når eksamen startar.

4 Kor langt kjem ein med god planlegging?

Kartlegginga frå NIFU viser at nokre vidaregåande skolar planlegg slik at dei oppnår årstimetalet i faga, men fleirtalet av skolane lagar planar som ikkje tek høgd for at timar fell bort til eksamensavvikling og andre pålagde aktivitetar. Det er nærliggande å spørje: Kva kjenneteiknar dei skolane som planlegg skoleåret godt? Kva grep gjer dei, og har dei nokon felles kjenneteikn?

Dette kapitlet oppsummerer hovudpunkta frå kartlegginga og supplerer med eksempel frå skolar som viser ulike sider ved god planlegging. Avslutningsvis vurderer vi kva endringar og verktøy som gjer det mogeleg å planlegge effektivt.

4.1 Kunnskapsgrunnlag

Kartlegginga frå NIFU viste at om lag 60 % av skolane planlegg for det same timetalet som minstetimetale, sjølv om dei er klar over at timar vil falle bort i løpet av skoleåret. Halvparten av dei – altså ca. 30 % – melder at dei ikkje tek omsyn til at timar fell bort i eksamensperioden. Av dei skolane som planlegg med fleire timar enn årstimetalet, er det fleire små og spesialiserte skolar, for eksempel toppidrettsgymnasa.

Dei skolane og skoleeigarane som planlegg for å oppfylle årstimetalet og tek høgd for at timar vil falle bort, bruker desse strategiane for å klare det:

- Dei styrer tidspunktet for alternative opplegg slik at belastinga blir fordelt likt på fleire fag.
- Dei aukar talet på undervisningstimar kvar veke og planlegg med for eksempel 34–35 timars veker i staden for 30 timar. Skolane som gjer dette, har god dialog med elevar og lærarar om intensiveringa og tilpassar det til føresetnadene ved kvar skole. Desse skolane legg opplæringa over 35–36 veker i staden for 38 veker.
- Årsplanane er fleksible, og fleire skolar lagar eigne timeplanar for eksamensperioden/for dei siste seks vekene i skoleåret. Dette blir framheva som eit godt verktøy. Det føreset god dialog med lærarane.
- Mange skolar legg inn fleksible økter eller timar i vekeplanane, som kan brukast av ulike fag og justere for aktivitetar og hendingar som ikkje er planlagde.
- Nokre skolar bruker heile fagdagar. Denne løysinga passar ikkje like godt for alle fag.

4.2 Eksempel frå eit utval skolar – problemstillingar og løysingar

Arbeidsgruppa har henta inn og fått presentert eksempel frå skolar og skoleeigarar som viser korleis det er mogeleg å oppfylle kravet til årstimetal med god planlegging og systematikk. Vi har også spurt skolane kva for tiltak som ville forenkla dette arbeidet.

Eksempla er henta inn frå skolar med ulik storleik og ulik geografisk plassering:

- Årstad vidaregåande skole er hovudsakleg ein yrkesfagleg skole med om lag 1000 elevar og åtte utdanningsprogram lokalisert i Bergen sentrum.

- Os gymnas har om lag 270 elevar på studiespesialiserande utdanningsprogram. Lengda på skoledagen er styrt av at opplegget passar med buss- og ferjetider. Dei forlenger skoledagen for Vg3 med 30 minutt kvar dag, etter avtale med lærarar og elevar.
- Askøy vidaregåande skule har om lag 500 elevar og både studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram.
- Bjørkelangen vidaregåande skole har om lag 600 elevar og er ein kombinert skole med sju utdanningsprogram.
- Tertnes vidaregåande skole har om lag 450 elevar på studiespesialisering og service og samferdsel.
- Halden vidaregåande skole har om lag 1200 elevar fordelte på fire avdelingar. Skolen har ni utdanningsprogram.

Os, Askøy og Tertnes har presentert eksempel på korleis dei planlegg årstimetale for arbeidsgruppa, og det er henta inn skriftlege eksempel frå dei andre skolane.

Planlegging av skoleåret – eit krevjande arbeid

Det er ikkje utarbeidd eit nasjonalt system for planlegging av skoleåret. Dette betyr at utfordringane ved å finne gode system for planlegging og kontroll blir løyste lokalt. Anten som felles løysing for alle skolane i eit fylke, eller lokalt på den einskilde skolen. Akershus fylkeskommune er eksempel på ein skoleeigar som har laga felles rammer som gjer at kvar skole effektivt kan halde orden på det nøyaktige timetalet i kvart fag.

Dei skolane som har demonstrert løysingane sine for arbeidsgruppa, har alle gode system og løysingar for planlegginga. Skolane la fram til dels omfattande modellar for korleis dei planlegg skoleåret, overvaker timetalet til elevane og gjer justeringar for timar og dagar som fell vekk av ulike årsaker.

Gjennom presentasjonane er det blitt klart for arbeidsgruppa at desse systema har det til felles at dei er utvikla over tid i eit tett samarbeid mellom leiinga og organisasjonane. Vidare er dei er tilpassa lokale tilhøve, for eksempel kollektivtransport, og planleggingsarbeidet må ta høgde for at det dukkar opp behov for endringar i løpet av året. I tillegg til at løysingane skal vere eigna for planlegging av skoleåret, er det også viktig at dei gir ei oversikt over det faktiske timetalet elevane har fått i alle fag. Det blei også klart at dette er ein svært ressurskrevjande jobb.

Eit spørsmål til skolane var derfor: Kva er det som gjer at planlegginga er så krevjande?

Den mest nærliggjande forklaringa er at det heng saman med at skolane er ulike. Det gjeld storleik, programtilbod og ikkje minst er dei avhengige av ytre faktorar som til dømes skystilbod. Som nemnt over, finst det heller ikkje noko felles planleggingsverktøy for vidaregåande opplæring, men dette er under utvikling no. Det skoleadministrative systemet Visma Flyt Skole (VFS) vil gi systemstøtte for timeplanlegging og timeteljing i vidaregåande opplæring.

Eit anna forhold skolane viser til, er koplinga av årstimetale i fag og den fastsette minstelengda for opplæringstida. Med andre ord kva rammer skolane kan planlegge innanfor. I denne samanhengen blei det peikt på at det er behov for ei meir fleksibel ramme enn kravet i opplæringslova om at opplæringstida skal vere på 38 veker for elevane. Dei skolane som oppfyller årstimetale til elevane før eksamensperioden startar, klarer det nettopp fordi dei tøyser denne ramma. Det same viser kartlegginga frå NIFU.

Ei særleg utfordring som skolane framheva, er å få gjennomført opplæring i fag samstundes med at skolen skal avvikle sentralt gitt og lokalt gitt eksamen. Alle skolane ønsker derfor at skoleåret blir organisert slik at det er ein periode som er reservert for gjennomføring av eksamen, og at det blir eit skilje mellom tida til opplæring og eksamensperioden.

Ei anna erfaring synest å vere at sjølv om ein sikrar at årstimetalet er oppfylt i planlegginga, er dette likevel ikkje ein garanti for at skolen oppfyller årstimetalet i praksis. I løpet av eit skoleår vil det dukke opp situasjonar og hendingar som det ikkje har vore mogleg å ta høgde for i planlegginga. Med eit så fortetta skoleår som skolane melder om, er det få «flater» der planlagde timar som ikkje blir gjennomførte, kan takast igjen.

Oppsummert stadfestar dei skolane vi har hatt kontakt med, dei funna som er vist gjennom rapporten frå NIFU. Den viktigaste faktoren i planlegginga av skoleåret er kravet til årstimar i fag, og korleis ein på ein god måte kan sikre elevane sin rett til opplæring.

Arbeidsgruppa har fått innsyn i interessante modellar for og eksempel på planlegging av skoleåret, som det er grunn til å tru gir ei god oppfylting av kravet til årstimar for dei skolane det gjeld. Vi har fått eit godt innblikk i kva omsyn planlegginga må ta gjennom til dels kompliserte rekneark og andre løysingar, og gjennom omtale av lokale samarbeidsprosessar på skolane. Men med tanke på kor viktig og omfattande dei lokale prosessane og tilpassingane har vore, og med tanke på kor forskjellige dei vidaregåande skolane er, er det usikkert om løysingane utan vidare kan gjelde for skolar generelt.

Askøy vidaregåande skole er eit eksempel på ein skole som legg ned eit stort arbeid med timeplanlegging for å få ei jamn arbeidsbelastning og kontroll med årstimetalet.

Dei har 35 timars veke på yrkesfag og 30 timars veke på studiespesialisering, men utvidar timane alle onsdagar frå 45 til 60 minutt. Dermed treng dei berre 28 onsdagar for å oppfylle årstimetalet, og på den måten frigjer dei 10 dagar til alternative opplegg og utviklingsarbeid. Dei andre vekedagane er det dobbelttimar (90 minutt), med onsdagstimane til enkelttimar i fag med 3 eller 5 veketimar osv.:

Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
90 minutter	90 minutter	60 minutter	90 minutter	90 minutter
90 minutter	90 minutter	60 minutter		
90 minutter	90 minutter	60 minutter	90 minutter	90 minutter
30 minutter lunsj				
90 minutter	90 minutter	60 minutter	90 minutter	90 minutter
90 minutter	90 minutter	60 minutter		
		Oddetimer på onsdager	90 minutter	

Gjennom året blir ulike vekedagar brukte som heile fagdagar etter eit system som tek omsyn til timetalet i alle fag. Yrkesfag har behov for meir fordjuping og samanhengande utplassering i staden for vekslende fagdagar, og skolen arbeider no med ein modell som skal gi fleire frigjorde, heile dagar som kan takast ut i samanhengande periodar. På studiespesialiserande program skal desse dagane kunne spreiest gjennom året for Vg1-Vg2 og leggast samanhengande etter eksamen for Vg3.

4.3 Korleis kan ein oppfylle timetalet til elevane i eksamensperioden?

Kor mange timar fell bort, og kor mange timar undervisning kan ein ha i ulike fag i eksamensperioden? Korleis sikre god eksamensførebuing for elevane? Ein typisk skole vil gjerne prioritere slik:

- Eksamenstrening for elevane i dei faga som dei er trekte ut i til skriftleg eksamen
- Obligatorisk arbeidsdag på skolen under rettleiing av faglæraren før munnleg eksamen
- Obligatorisk frammøte på førebuingdagane, med rettleiing
- Arbeide med laboratorieøvingar før munnleg-praktisk eksamen

Bortfallet av timar er størst i dei faga elevane ikkje blir trekte ut til eksamen i.

Omlegging av timeplanar for enkeltlærarar og i enkeltfag er tidkrevjande. Lærarar er bundne opp med eksamensavvikling på eigen skole, og mange har eksterne sensoroppdrag. Romkapasiteten er også sterkt redusert dei dagane det er flest eksaminandar. Dersom ein kan gjennomføre mesteparten av årstimane før eksamensperioden startar, har det mange fordelar.

- Det vil sikre at ein større del av timetalet blir oppfylt.
- Lærarar blir frigjorde til sensoroppdrag både til lokal og sentral eksamen i eksamensperioden, og det ville gi mindre arbeidsbelastningar i eksamensperioden.
- Det ville vere ein fordel å kunne drive intensiv eksamenstrening i dei faga elevane er trekte ut til eksamen i, mellom trekkdatoen og eksamensdatoane.

4.4 Vurdering

Det er mogeleg, men praktisk krevjande å komprimere opplæringstida på ein slik måte at årstimetalet blir oppfylt i alle fag før 17. mai eller litt tidlegare. Det krev at det blir inngått lokale avtalar med lærarar og elevar, og det krev ein fleksibilitet i timeplanlegginga som er vanskeleg på dei største skolane.

Dei skolane som oppfyller årstimetalet før skriftleg eksamen, tøyser kravet i opplæringslova § 3-2 om at opplæringa skal strekke seg over minst 38 veker. Arbeidsgruppa har drøfta om § 3-2 bør justerast slik at skolane får eit noko større handlingsrom. Kravet om ei minstetid på 38 veker kan endrast til minst 36 veker. Fordi paragrafen regulerer både opplæringstid og ferietid, kan det alternativt vere tenleg å snu formuleringa slik: « *Opplæringa i skolen skal leggast ut innanfor ei ramme på 45 veker. Minst 7 veker skal vere samanhengande ferie.* » Desse alternativa kan vurderast vidare.

Ei komprimert opplæringstid reiser spørsmålet om korleis ein skal bruke tida mellom skriftleg og munnleg/praktisk eksamen på ein måte som gir god læring. Det kan også vere krevjande å løyse spørsmål knytte til arbeidstida til lærarane i denne perioden. Dei har gjennomført intensiv undervisning gjennom heile skoleåret, og i tillegg skal dei vere til stades og gi rettleiing i eksamensperiodane og før munnlege/praktiske eksamenar. På studiespesialiserande program har dei fleste faga både skriftlege og munnlege eksamensalternativ på Vg3-nivå, og sjølv om opplæringsdå skal vere avslutta før skriftleg eksamen, skal elevane bli godt førebudde til munnleg/praktisk eksamen nokre veker seinare.

Det som kanskje er den beste løysinga, og som mange skolar praktiserer, er at det er «ordinær opplæring» mellom skriftleg og munnleg/praktisk eksamen, med ei viss justering av timeplanen. Men mens innlæring av nytt stoff er avslutta i forkant av skriftleg eksamen, er det fokus på repetisjon med ulike variantar av tilpassa arbeidsmåtar i forkant av munnleg.

5 Sentrale føresetnader for å organisere skoleåret betre

Ambisjonen for arbeidsgruppa sitt arbeid er å undersøke korleis ein kan sikre at elevar og lærarar får disponere alle dei timane dei skal ha etter forskrifta, til god opplæring. Utgangspunktet vårt er at det er ein godt tenkt samanheng mellom timetalet og kompetansemåla i faga.

Spørsmålet for arbeidsgruppa er derfor kva verkemiddel og endringar som må takast inn i nye modellar for å sikre at timetalet i faga blir ivareteke. Med andre ord – korleis forme modellar som sikrar at skoleåret og eksamensperioden er føreseieleg, slik at timane blir lettare å planlegge? Kan modellane bidra til kvaliteten og utbyttet av læringsarbeidet, og fordele arbeidsbyrda mot slutten av opplæringa for elevar og lærarar? Er det mogeleg å realisere dette dersom eksamenar blir flytta til før 17. mai, slik nokre ønsker?

Arbeidsgruppa har diskutert om eksamenstrekket i større grad kan vere kjent for elevar og lærarar på førehand, og vurdert fordelinga av eksamenar på og mellom trinna. Med ei annan fordeling av eksamenar kan eksamensperioden for sentralt gitt eksamen bli kortare og meir effektiv slik at opplæringsperiode og eksamensperiode lettare kan skiljast frå kvarandre. Forslaga blir presenterte og drøfta i kapittel 6 og 7. I dette kapitlet gjer vi greie for nokre problemstillingar som er felles for alle forslaga.

Arbeidsgruppa er klar over at eksamensordningane har fleire sider som rapporten ikkje går inn i på ein utfyllande måte. Det dreier seg mellom anna om synet på kva status og rolle eksamen gir til dei ulike faga, kva elevsyn og kunnskapssyn som ligg bak ulike eksamensordningar, og kva som gir den beste studieførebuinga for elevane på studieførebuinge utdanningsprogram. Derfor bør forslaga sjåast i samanheng med breiare debattar om faga og vurderingsordningane i Kunnskapsløftet.

5.1 Kan eksamen flyttast til før 17. mai?

Russetida er ein tradisjon som frå gammalt av er knytt til 17. mai. Då eksamenstidspunktet blei flytta i 1979, slutta markeringane å vere ei feiring av gjennomført eksamen – i staden for å vente til vekene *etter* eksamen, la russen markeringane sine til vekene *før*. Derfor er omsynet til russetida ofte tematisert i samband med tidspunktet for eksamensgjennomføringa. Det blir spurt om eksamen for Vg3 kan flyttast tilbake til vekene før 17. mai, slik at russetida på nytt blir ei feiring i etterkant av denne dato.

Arbeidsgruppa har vurdert om dei ser faglege eller praktiske argument for å flytte skriftleg eksamen for Vg3 nokre veker fram, i forlenging av argumentasjonen som er gjennomgått i kapittel 3. Utgangspunktet vårt er at skolane først og fremst skal legge til rette for at alle elevar får gjennomført opplæringa i faga før eksamen startar. I tillegg har arbeidsgruppa diskutert kva ei eventuell flytting av eksamenstidspunktet for Vg3 ville bety for koordineringa av skoleåret for alle årstrinn og utdanningsprogram, og ikkje minst om det er sannsynleg at eit endra eksamenstidspunkt vil hindre russen i å starte markeringane før eksamen.

Sosiale og geografiske forskjellar

Sjølv om russemarkeringane har blitt meir omfattande dei siste åra, varierer både omfanget og forventningane frå person til person og i ulike miljø og landsdelar. I medieomtalen av russetida er det oftast den omfattande og grensesprengande festinga som blir løfta fram. På bakgrunn av dei verste hendingane er det lett å konkludere med at russetida er skadeleg og potensielt øydeleggande for elevar og andre. Arbeidsgruppa er einig i at det kan vere eit stort problem for enkelte elevar og i

nokre miljø. Vi manglar like fullt større kartleggingar som seier noko om kor representativt dette er for avgangselevar flest. Dei fleste elevane feirar russetida på ein måte som ikkje er så intens at det går ut over opplæringa.

Sosiologane Patrick Lie Andersen, Willy Pedersen og Anders Bakken har gjennomført ei ny undersøking av russefeiring i Oslo-området.¹⁶ Dei viser at sjølv om ca. 79 % av elevane på studieførebuande program seier at dei vil markere russetida, er det store forskjellar i korleis dei feirar, og ikkje minst kor mykje pengar elevane er innstilte på å bruke. Forskjellane heng saman med kva sosial bakgrunn skolane er prega av, då ungdom frå dei mest velstående bydelane bruker mykje meir enn andre.

Drivkreftene bak den moderne russetida er aktørar som tener store pengar på ungdommane og har interesser i at omfanget aukar. Eventselskapet som har spesialisert seg på store arrangement for russen, dirigerer tidsbruken med kåringar og russetreff som involverer elevane heilt frå Vg1. Det dreier seg om ein millionindustri der bakkemennene ikkje har noko med skolesektoren å gjere, og mange elevar opplever eit betydeleg press for å bruke tid, energi og pengar på arrangementa.¹⁷

Der det er kultur for at ein skal ha store bussar og andre kostbare effektar, bruker nokre elevar mykje tid på å arbeide for å finansiere festinga. Det er i seg sjølv ein faktor som konkurrerer med det faglege.

Er omfanget mindre enn tidlegare?

Så lenge det ikkje er gjort noka større kartlegging, er det vanskeleg å seie kor omfattande skadeverknadene er for enkeltelevar. Dei fleste skoleeigarar og vidaregåande skolar har regulert forholdet mellom skole og russefeiring slik at det er tydelig for avgangselevane kva som er handlingsrommet for russefeiringa. Mange skolar har strenge reglar for kva som er tillate på skolen sitt område og har ein god dialog med elevane om dette, slik at markeringane ikkje skapar problem for elevane i opplæringa og under eksamen.

Foreløpige tilbakemeldingar frå sektoren tyder på at fråværsreglane verkar disiplinerte for mange elevar. Fråværs grensa kan demme opp for press frå andre kantar om å prioritere festing framfor skole og bidra til at elevane stiller opp på skolen.

Kan eksamen leggest før opplæringa er avslutta?

Gjeldande ordning fungerer i praksis slik at mange av dei vidaregåande skolane *ikkje* har avslutta opplæringa i faga i forkant av eksamen. Elevorganisasjonen og andre peikar på at dette fører til forskjellsbehandling, fordi nokre elevar får færre timar til å førebu seg til eksamen enn andre. Det bryt med eit av dei sentrale formåla med eksamen, som er å gi alle elevane ei vurdering på like vilkår. Opplæring etter eksamen er også i strid med eksamen si forskriftsfesta rolle som sluttvurdering.

Det forslaget frå 2011 som innebar å flytte skriftleg eksamen for Vg3 til første halvdel av mai, hadde som utgangspunkt at opplæringa skulle vere avslutta *før* eksamen. Det viktigaste argumentet til støtte for forslaget var at ein i så fall kunne kople det til ei periodisering av opplæringa, slik at Vg3-elevane kunne ha ei intensiv opplæring i fag med skriftleg eksamen i mars-april, og tilsvarande for dei andre faga i perioden mellom skriftleg og munnleg eksamen. Problemet er at nesten alle fag på Vg3 SF er

16 Andersen, P.L., W. Pedersen og A. Bakken: «Russetid i Oslo. Hvem deltar? Hvem feirer hardest?» i Jørn Ljunggren (red.) *Oslo – ulikhetenes by*, Cappelen Damm Akademisk, Oslo 2017

17 [https://no.wikipedia.org/wiki/ROK_\(Russens_organisasjonskomitee\)](https://no.wikipedia.org/wiki/ROK_(Russens_organisasjonskomitee)), <http://p3.no/dokumentar/de-lettlurte/>, <https://www.nrk.no/norge/russ-foleer-seg-lurt-trill-rundt-1.7642810>

trekkfag til skriftleg eksamen. I praksis ville det gi ei avkorta opplæringsstid for alle faga med unntak av valfrie programfag, historie og religion og etikk.

Koordinering med andre trinn og utdanningsprogram

I kapittel 7 blir det lagt fram tre alternative forslag som viser at eksamensperioden for sentralt gitt eksamen kan effektiviserast, og det er nærliggande å spørje om eksamensperioden då kan flyttast til 10.-17. mai. Svaret er at eksamensperioden gjeld for alle trinn og utdanningsprogram. Derfor må den plasserast så seint som mogeleg, det vil seie i månadsskiftet mai-juni. For Vg1 og Vg2 er det viktig å utnytte heile skoleåret.

Ei flytting av eksamenstidspunkt som berre gjeld Vg3, ville hatt desse konsekvensane:

- Dei sentralt gitte skriftlege eksamenane må fordelast på to eksamensperiodar – ein for Vg3 og ein for Vg2-Vg1.
- Mange programfag på SF kan ha elevar både frå Vg2 og Vg3. Med forskjellige opplæringsløp og eksamenstidspunkt for Vg2 og Vg3 ville ein måtte finne eigne løysingar for denne store gruppa av fag.
- Påbyggingsåret har ei svært bratt læringskurve fordi elevane gjennomfører same opplæring på eitt år som elevane på studieførebuande utdanningsprogram har i løpet av to år. Ei ytterlegare komprimering ville vere svært lite heldig. Det same gjeld for andre elevgrupper, mellom anna elevar med kort butid i Noreg og elevar med samisk, finsk eller norsk teiknspråk.

Konsekvensar for læringsprosessane

Det viktigaste spørsmålet er om det er faglege grunnar til å forkorte skoleåret for Vg3. Ville det gi gode læringsprosessar? I nokre tilfelle kan intensiv opplæring gi høgare læringsutbytte, fordi elevane får høve til å konsentrere seg om færre fag. Det kan dermed gi ei betre meistring. I andre tilfelle kan det føre til større risiko for å falle av undervegs, og mindre tid til «djup læring» fordi elevane mistar modningstid og sjansar til å sjå fleire emne i samanheng med kvarandre. Det kan tenkast at ei slik endring vil fungere godt for nokre elevar, eller fungere godt i gitte situasjonar, men samtidig kan det gi andre elevar større utfordringar.

NOU2015: 8, *Fremtidens skole – fornyelse av fag og kompetansar*, beskriv djup læring (djupnelæring) som det å gradvis utvikle ei forståing av omgrep og samanhengar innan eit fagområde. Elevane skal relatere ny kunnskap til tidlegare erfaringar, dei skal kunne organisere kunnskapen for å kome fram til ei sjølvstendig forståing, og dei skal vurdere tankar og idear og reflektere over kva dei forstår.¹⁸ Slike læringsprosessar gir varig læring, men det krev tid.

I fag med lokalt gitt eksamen er det mogeleg å periodisere opplæringa og justere tidspunktet for eksamen etter lokale behov og prioriteringar. På yrkesfaglege utdanningsprogram gjeld det eit fleirtal av faga, og skolane har derfor eit større handlingsrom når dei skal legge til rette for gode læringsprosessar i avslutninga av skoleåret. Det siste året på studieførebuande program er meir styrt av sentralt gitt eksamen, men også her har mange fag lokalt gitte eksamenar. Dersom trekkordninga blir endra slik at lærarar og elevar kjenner til kva fag elevane skal ha sentralt gitt eksamen i på førehand, blir fleksibiliteten større. Dette kan vere eit tiltak som gir skolane høve til å legge til rette for gode læringsprosessar ut frå eigne prioriteringar.

¹⁸ Kunnskapsdepartementet (2015): *Fremtidens skole— Fornyelse av fag og kompetansar*. NOU 2015: 8

Vurdering

For arbeidsgruppa har det vore viktig å adressere problemstillingar knytte til avslutninga av skoleåret på ein måte som er tydeleg når det gjeld oppdraget til skolane, nemleg best mogeleg opplæring og rettferdig sluttvurdering for elevane. Indirekte kommuniserer forslaga at det er læringa til elevane som er hovudsaka. Ei effektivisering av skoleåret kan ikkje ha som formål å støtte ikkje-faglege aktivitetar, men må tvert imot legge til rette for ryddige og gode læringsprosessar. Arbeidsgruppa meiner at det vil vere det beste bidraget til å hindre at russetida blir øydeleggande for enkeltelevar.

Det å kutte ned på opplæringstida og innføre tidlegare eksamen for å påverke russefeiringa ville vere eit drastisk grep med usikkert resultat. Det blir allereie gjort eit godt arbeid ved mange skolar for å utarbeide retningslinjer i samarbeid med elevane, og det er teikn i tida som tyder på at russefeiringa mange stader er på god veg til å finne ein rimeleg plass i høve til dei faglege krava elevane er opptekne av å oppfylle. Nettopp derfor er det ingen grunn til å signalisere at organiseringa av skoleåret skal «sette av plass» til russetid. Det kan i så fall bli kontraproduktivt i forhold til den gode trenden.

5. 2 Omgrepet «undervisningstime» eller «opplæring»

Rapporten frå NIFU¹⁹ løftar fram som eit viktig funn at omgrepet «undervisningstime» blir brukt på ulike måtar. Mange skolar oppfyller ikkje det forskriftsfesta kravet til timetal i fag, og ein del av forklaringa på dette problemet er at det er ulik forståing og tolking av kva som skal reknast som ein undervisningstime. I kartlegginga blir det brukt tre ulike omgrep for opplæringstida, utan at dei blir tydeleg definerte og eksemplifiserte: undervisningstime, opplæringsaktivitet og økt. I seg sjølv er det ikkje eit problem, men i skolesamanheng er det viktig å kome fram til ei felles forståing.

Fordi årstimetalet i fag er direkte kopla til elevane sin rett til eit minstetimetall i faga, er det nødvendig at sektoren på alle nivå har ei felles forståing av kva ein «time» er. Det er nødvendig for læraren si moglegheit til å planlegge opplæringa i sine fag, for skoleleiinga si timeplanlegging og justeringar undervegs, for skoleeigarane som har det overordna ansvaret for oversikt og eigenkontroll, og for at det skal vere mogeleg å føre tilsyn frå statleg hald. Fråværsgrrensa for elevane var ikkje innført i 2015/2016 då kartlegginga gjekk føre seg, men oppmøtekravet for elevane aktualiserer behovet for at skolane opparbeider ei felles forståing av kva krav opplæringslova har til fagleg innhald i skoletimane.

I drøftingane arbeidsgruppa har hatt, ligg det som eit sjølvstøtt og felles utgangspunkt at regelverket skal følgast, og at elevane skal få den opplæringa dei har krav på. Ei opplæring med god kvalitet og god gjennomføring kviler på den føresetnaden at elevane får det timetalet som er definert i forskrifta.

Eit spørsmål som er formulert i arbeidsgruppa, er om det er mogeleg å kome fram til ein eintydig *definisjon* av omgrepet undervisningstime, utan at han samtidig ekskluderer viktige delar av det mangfaldet ei relevant opplæring kan ha når opplæringa er tilpassa til elevane og faga sin eigenart. Arbeidsgruppa meiner det er ei nyttig tilnærming å ta utgangspunkt i elevane sine rettar i eksisterande lov og regelverk. Ei klargjering av krava i opplæringslova med forskrifter vil vere eit viktig bidrag til å få på plass ei felles forståing av kva som skal kjenneteikne god opplæring. Det viktige er at omgrepet blir utgreidd på ein måte som sikrar at alle elevar får samanliknbar opplæring, og at det faktiske timetalet ikkje er resultat av ulik forståing av kva som skal telje som opplæringstid.

Andre utfordringar for planlegginga av årstimetalet

I løpet av eit skoleår skjer det uføresette hendingar som fører til at planlagd undervisning må gå ut eller utsettast. Dette kan vere alt frå krisehendingar til bygningsmessige problem. Gjennom god planlegging skal ein kunne ta høgde for at noko uventa skjer, men eit vanleg skoleår er så fortetta at

¹⁹ NIFU 2016:26, sjå kapittel 2

ein truleg ikkje klarer å kompensere for all planlagd undervisning som fell bort av uføresette grunnar. Sjølv sagt vil omfanget av talet på timar, tidspunkt og kva fag det gjeld, spele inn. Men like fullt er det venta at ein del av dei tapte timane er krevjande eller urealistisk å erstatte.

Det er ikkje uvanleg at skoleeigaren har forventningar og krav om særlege aktivitetar i løpet av eit skoleår. Døme på dette er deltaking på særskilde markeringar eller program, kulturtilbod og lokale samfunnsaktuelle opplegg. Aktivitetane er oftast i seg sjølve både nyttige og relevante, men dei kan ikkje nødvendigvis reknast som erstatning for undervisninga som er knytt til kompetansemåla i dei aktuelle faga som går ut. Det er ein faktor som betyr noko for sjansane til å gjennomføre planlagd undervisning.

På alle skolar vil det melde seg behov for å sette inn vikar i undervisninga. Planlagd og langvarig vikarbruk er det mogleg å ta omsyn til, og det er i liten grad eit problem. Det uventa fråværet kan derimot ofte føre til at opplæringa fell bort. Det kan vere ulike grunnar til at det ikkje blir sett inn vikar. Ei forklaring handlar om faktisk tilgang på vikar med rett fagleg kompetanse, ei anna om det er økonomi og budsjettmessige rom for å sette inn vikar. Ei tredje forklaring dreier seg om vurderingar av i kor stor grad vikar er nødvendig for læringa til elevane.

Ei betre organisering av skoleåret kan frigi meir tid til opplæringa. Dette vil gi meir handlingsrom til skolane i planlegginga, men det er like fullt nødvendig å avklare omgrepsbruken i samband med kva som kan kallast opplæringstid. Arbeidsgruppa tilrår at ei slik avklaring blir basert på krava i opplæringslova med forskrifter.

5.3 Prioritering: Elevar om våren, privatistar om hausten

Privatisteksamen er ein alternativ veg til yrkeskompetanse eller studiekompetanse, og privatistane kan ha ulik bakgrunn. Mange manglar av ulike grunnar fullført grunnopplæring, andre supplerer med nye fag for å kvalifisere seg til ei utdanning eller eit yrke, eller dei tek fag på nytt for å betre karakterane. Den siste gruppa blir kalla forbetningsprivatistar til forskjell frå førstegongs privatistar. Det er også ein del elevar som sluttar med enkeltfag undervegs eller tek fag om igjen, og som derfor melder seg opp til privatisteksamen i enkelte fag, samtidig som dei avsluttar opplæringa som elevar.

Privatisteksamenane er identiske med eleveksamenane når det gjeld innhald. Dei er sentralt og lokalt gitte, skriftlege og munnlege. Dei munnlege eksamenane blir ikkje påverka av endringar i eksamensperioden for sentralt gitt skriftleg eksamen.

Våren og hausten 2016 hadde sentralt gitte skriftlege privatisteksamenar dette omfanget (tala gjeld avlagde eksamenar, ikkje kandidatar). Lokalt gitte skriftlege og munnlege eksamenar kjem i tillegg.²⁰

Sentralt gitt eksamen med sentral sensur (studiekompetansefag):

- Våren 2016: 26682 eksamenar
- Hausten 2016: 21423 eksamenar

Sentralt gitt eksamen med lokal sensur (praksiskandidatar, yrkesfag):

- Våren 2016: 12200 eksamenar
- Hausten 2016: 8404 eksamenar

²⁰ Tal frå Utdanningsdirektoratet, sjå vedlegg 3

I eit gjennomføringsperspektiv, og med tanke på omskolering og utdanning for vaksne, er privatistordninga både nødvendig og god. Samtidig er det ikkje tvil om at omsynet til privatistane legg store føringar på den tida det tek å gjennomføre eksamen for elevane om våren. No er eksamensplanane for både vår og haust utforma for å unngå konflikt mellom alle dei større eksamensfaga. Ein kortare eksamensperiode om våren vil bety at ein må prioritere nokre få fagkombinasjonar. Dei som er førstegongs privatistar og ønskjer studiekompetanse etter den såkalla 23/5-regelen²¹, skal ta fem skriftlege eksamenar – engelsk, matematikk 1P og 2P, norsk hovudmål og sidemål. Ein kortare eksamensperiode kan fordele desse fellesfaga på ulike datoar, men programfaga vil ha eksamensdatoar samtidig. Privatistar som skal ta fleire programfag, må rekne med å bruke haustsemesteret på dette. Eksamensperioden i haustsemesteret kan vere godt tilrettelagd for privatistane med eksamensdatoar fordelte over fleire veker.

Endringsforslaget vil påverke privatistane fordi dei får mindre fleksibilitet og må planlegge over fleire semester. Det får også praktiske og økonomiske konsekvensar for dei eksamenskontora som gjennomfører privatisteksamenane, og det vil påverke årsplanane for dei utdanningsinstitusjonane som gir opplæring spesielt for privatistar. Eksamenskontora i dei store byane har det største trykket.

Konsekvensar for eksamenskontora

Fleire eksamensdagar om hausten vil auke belastninga på dei som arrangerer eksamen. Mange av dei arbeidsoppgåvene eksamenskontora skal gjere, er dei same uansett kor mange privatister dei har, men fleire kandidatar betyr også fleire som tek kontakt og treng hjelp. Det kan vere ei utfordring å skaffe lokale til eksamensavviklinga, og det kan bli eit problem både om våren og om hausten. Særleg er det problematisk å skaffe lokale dersom mange av dei populære faga blir lagde til same dag.

Dersom hausteksamen skal bli meir omfattande, vil det bli knapt med tid mellom påmeldingsfristen for privatistar, fristen for innmelding i PAS og starten på eksamensperioden, og ein bør endre påmeldingsfristen til 1. september.

Oversikta under viser kva for praktiske og økonomiske konsekvensar endringa kan få for Privatistkontoret i Oslo. Dei har ca. 7000 påmelde kandidatar som til saman skal ta ca. 12600 skriftlege eksamenar våren 2017. Talet på kandidatar som gjennomfører eksamen, er alltid noko lågare enn påmeldingstalet og er her estimert til ca. 6400. Tabellen viser kor mange eksamenar kvar av kandidatane planlegg å ta:

Tal på privatistar (kandidatar) med ulike fagkombinasjonar, Oslo:

Privatistar med éin eksamen	4000
Privatistar med to eksamenar	1600
Privatistar med fleire enn to eksamenar	800
Sum	6400

Som vi ser, skal fleirtalet av privatistane ta éin eksamen, og ein kortare eksamensperiode får ingen konsekvensar for dei. Men nesten 40 % av dei skal ta to eller fleire eksamenar. Ein reduksjon av eksamensperioden frå ti til fem dagar, slik arbeidsgruppa foreslår, vil få konsekvensar for kor mange skriftlege eksamenar dei kan ta same vår.

²¹ Sjå <http://www.samordnaopptak.no/info/opptak/generell-studiekompetanse/23-5-regelen/>

Privatistkontoret i Oslo har vurdert dei økonomiske og administrative konsekvensane slik:

- Eksamensdagar med over 2500 kandidatar betyr at privatistkontoret må leige fleire lokale, og det vil vere utfordrande å finne tilstrekkelege og eigna lokale for eksamensgjennomføringa. Til samanlikning har den største gjennomføringsdagen for privatistkontoret våren 2017 ca. 1800 kandidatar.
- Digital eksamensgjennomføring krev infrastruktur i eksamenslokalet med tilgjengelig nettverk og monitorering under eksamen. Dette krev rammeavtale med ein leverandør som kan levere slike løysingar. Per i dag har privatistkontoret utstyr og leveranse til eitt lokale. Med fleire lokale under eksamen vil behovet auke, og det må riggast opp og driftast kvar dag. Dersom det blir fleire eksamenar med ope internett etter 2018, krev det kontrollert nettilgang i alle eksamenslokala.
- Det er aktuelt å auke bemanninga. I dag har Privatistkontoret eit vaktkorps på ca. 300 personar som hjelper opp til 2000 kandidatar. Med fleire kandidatar kvar dag blir det behov for fleire vakter som må få tilstrekkeleg opplæring.

Kva blir konsekvensane for kvar enkelt privatist?

Forslaget fører til at alle dei privatistane som no bruker eit skoleår for å førebu seg til eksamenane dei har bruk for, må strukturere løpet på ein annan måte fordi nokre eksamenar må takast om hausten. Privatistane må planlegge meir langsiktig, og mange av dei er ikkje i utgangspunktet så flinke til det. Dei som kjem seint i gang med planlegginga, må vente eit år lenger før dei kjem seg vidare til høgare utdanning.

Ein av utdanningsinstitusjonane som gir opplæring for privatistar, formulerer det slik:

Omtrent halvparten av elevene våre mangler GSK når de starter hos oss. Av disse er det en stor gruppe unge voksne som ønsker å oppnå studiekompetanse etter 23/5-regelen. Dette innebærer at de må avlegge fem skriftlige eksamener (engelsk, matematikk 1P og 2P, norsk hovedmål og sidemål). Denne gruppen er avhengig av organisert undervisning i forkant av sine eksamener. For at de skal være godt forberedt til eksamen organiserer vi undervisningen som helårskurs med eksamen i vårsemesteret. Vi ser ikke at det vil være faglig forsvarlig å komprimere undervisningen i et eller flere av disse fagene med sikte på å ta eksamen i november/desember. Med en sterkt komprimert eksamensperiode om våren vil ikke denne gruppen kunne oppnå studiekompetanse i løpet av ett skoleår.

Vi møter mange elever som i løpet av sitt treårige løp i videregående skole ikke har valgt eller fått tilbud om programfag som gir dem adgang til studier med spesielle opptakskrav. Vi tenker her blant annet på realfagsstudier og helsefaglige studier. Fagenes egenart tilsier at man først må ta eksamen på nivå 1 og så bygge videre slik at man kan ta eksamen på nivå 2, for eksempel i matematikk S2, R2 og kjemi 2. Det er vanskelig å se at det med det foreslåtte opplegget vil være mulig å unngå eksamenskollisjoner i vårsemesteret for disse elevene. Mange vil følgelig måtte utsette studiestart ett år med de samfunnsøkonomiske konsekvenser dette vil medføre.

En annen stor gruppe hos oss er de som av helsemessige eller andre årsaker har falt ut av ordinær opplæring og ønsker å bygge opp til et studieforberedende vitnemål. Mange av disse vil også ha behov for å ta flere skriftlige eksamener i både fellesfag og programfag. Noe som opplagt vil bli problematisk for mange av dem med det forslaget som vi har fått.

Andre konsekvensar

Dersom fleire privatistar tek skriftleg eksamen om hausten, vil det bli større behov for sensorar i dei aktuelle programfaga då. Til gjengjeld blir det samla sett færre eksaminandar om våren. For den praktiske gjennomføringa vil det bety at eksamenstrykket blir noko jamnare fordelt på vår og haust. Det vil ikkje vere endringar i avviklinga av munnlege privatisteksamenar.

Privatistordninga vi har no er raus. Mange melder seg på, men møter ikkje fram.²² Det har blitt stramma noko inn gjennom å innføre høgare eksamensavgift for forbedringsprivatistar enn for førstegongs privatistar. Dersom ordninga blir ytterlegare stramma inn, kan det vere eit bidrag til å redusere talet på useriøse påmeldingar, men det er vanskeleg å seie.

Nokre elevar sluttar i fag undervegs i opplæringsløpet og bestemmer seg for å ta privatisteksamen i faget. Vil forslaget bety at sjansane for dette blir mindre? Desse elevane tek, av ulike grunnar, eit aktivt val om ikkje å delta i opplæringa. Det viktigaste då er kanskje at dei er godt kjende med kva for konsekvensar det har og kan planlegge ut frå det. Dersom dei satsar på å ta faget om hausten, er det ikkje noko problem. Dersom dei derimot håper på å ta faget samtidig med dei avsluttande eksamenane dei skal ha som elev, og skolen trekker dei ut til ein eleveksamen på den same datoen, må dei prioritere den. Dei får då ikkje vitnemål før dei har teke hausteksamen i faget dei har slutta i.

5.4 Fordelinga av eksamenar mellom trinna

Med gjeldande ordning blir eit lite mindretal av elevane, 20 %, trekte ut til eksamen på Vg1 studieførebuande program og Vg1-Vg2 yrkesfaglege program. Dette trekket er tilfeldig, og elevane opplever det som urettferdig. Ein kan også sjå det slik at ordninga gir eit mindretal av elevane ei eksamens-trening som gir læring og førebur dei til eksamenar på høgare trinn, mens fleirtalet av elevane ikkje får denne treninga.

Arbeidsgruppa meiner det ville vere ein fordel om alle elevar på same utdanningsprogram og årstrinn har same eksamensordning. Ordninga med 20 % trekk heng saman med at eksamen har ein funksjon som ei ekstern kvalitetssikring, men gir ikkje same vilkår og læringsutbytte for elevane. I to av modellane som blir lagde fram i kapittel 6 foreslår vi derfor at det blir ein skriftleg eksamen mindre på Vg3, men til gjengjeld skal alle elevane på Vg1 på studieførebuande utdanningsprogram trekkast ut til ein eksamen.

Ordninga med eksamenstrekket er lik for Vg1 studieførebuande og fellesfaga på Vg1-Vg2 yrkesfaglege utdanningsprogram, og ei endring for elevane på Vg1 studieførebuande bør også gjelde for elevane på yrkesfag.

5.5 Fag og fagkombinasjonar som krev ekstra merksemd

Elevar med rett til tospråkleg opplæring har eitt gjennomgåande fag meir enn andre elevar gjennom heile opplæringsløpet – samisk, finsk eller teiknspråk. Det gir dei også eitt mogleg eksamensfag meir enn andre elevar på Vg2 yrkesfag og Vg3 studieførebuande. Elevane på Vg3 har ein obligatorisk eksamen i norsk eller i samisk førstespråk, og i tillegg er samisk andrespråk, finsk andrespråk, norsk for elevar med samisk førstespråk og norsk teiknspråk trekkfag på linje med programfaga. Både organiseringa av skoleåret og eksamenstrekket må ta omsyn til desse elevgruppene.

Elevar som ikkje begynner med framandspråk som fellesfag på ungdomstrinnet, skal ha ein trekkfagseksamen på Vg3 som blir kalla framandspråk I+II. Andre elevar har trekkfagseksamen på

²² Sjå vedlegg 3 for oversikt over påmelding og deltaking 2009–2016.

tilsvarende nivå på Vg2. Dersom det blir færre eksamensdagar på Vg3, vil dette fellesfaget «konkurrere» med programfaga.

Norsk er det einaste faget som har to skriftlege eksamenar som bygger på dei same kompetansemåla, og sluttvurderingane i norsk er omdiskuterte. I samband med debatten om behovet for færre standpunktkarakterar i norskfaget er det foreslått å synleggjere kompetansen i norsk sidemål med ein obligatorisk sidemålsksamen i staden for ein eigen standpunktkarakter. I grunnskolen var det i ein periode éin felles norskeksamen, der elevane skreiv ein kortare tekst på sidemålet sitt og ein lengre tekst på hovudmålet, og det kan tenkast at denne eksamensforma bør vurderast på nytt. På bakgrunn av det mandatet arbeidsgruppa har – å prøve å effektivisere eksamensperioden for å gi meir tid til opplæring – er det relevant å spørje om ein felles skriftleg eksamen som prøver både hovudmål og sidemål, burde vere tilstrekkeleg. Men arbeidsgruppa har ikkje gått vidare inn på dette forslaget fordi det høyrer til i ein større fagleg debatt. Vurderingsordningane i norskfaget skal takast opp i samband med fagfornynginga 2017–2020, og då vil både norskfaglege og språkpolitiske synspunkt leggjast til grunn. Eit av alternativa i denne rapporten tek utgangspunkt i at sidemålet kan få ein eigen obligatorisk eksamen som blir lagd til Vg2. Det er teke med her fordi arbeidsgruppa vil peike på at dette alternativet gir ei god fordeling av eksamenar mellom dei tre trinna i studieførebuande utdanningsprogram.

Fag som har eksamen med førebuingdag

Nokre eksamenar har førebuingdag og krev derfor to dagar til gjennomføringa av kvar eksamen. Førebuingdagane opnar for samarbeid og fagleg refleksjon og er kopla til tanken om at eksamen skal prøve brei kompetanse. Dei har ulike formål, for eksempel:

- Etablere ei felles plattform for eksamen, fordi elevar kan ha hatt ulike vektleggingar i opplæringa på ulike utdanningsprogram og lokale tilpassingar av læreplanen (engelsk fellesfag)
- Finne fram til og arbeide med kjelder (samfunnsfaga)
- Gi elevar i språkfag meir tid til å sette seg inn i tekstar og arbeide med omgrep og uttrykksmåtar (andrespråk og engelsk fellesfag)

Eksamensplanen er lagt slik at det kvar dag er eksamen i nokre fag og førebuing i andre, og det er stort sett ikkje nødvendig å fjerne førebuingdagane sjølv om ein kortar ned på eksamensperioden. Dei to norskfaga med obligatorisk eksamen som har førebuingdag, norsk for hørselsheμμα og norsk for språklege minoritetar i vgo med kort butid i Noreg, kan eventuelt – dersom førebuingdagen skal vidareførast – få ein sjettedag i forkant av dei fem eksamensdagane.

Fag kan ha førebuingdag dersom det er gode pedagogiske grunnvingingar for det. Spørsmålet om førebuingdagar og eksamen kan likevel vere viktig for den praktiske organiseringa på skolane, og bør undersøkast i dette perspektivet.

5.6 Mindre papir

Sentralt gitt skriftleg eksamen blir planlagd, administrert og i høg grad gjennomført elektronisk. Prøveadministrasjonssystemet PAS og gjennomføringssystemet PGS er innført gradvis frå 2008, og det har betydd mykje for å gi ei meir effektiv og tryggare eksamensgjennomføring. PAS/PGS blir brukt til å utarbeide eksamensoppgåver og administrere påmeldingar, og ikkje minst til eksamensgjennomføring, sensur og klagesensur. Til saman vart 75 % av alle eksamenssvara leverte elektronisk

våren 2017, og i den fagkoden som har flest eksaminandar, norsk hovudmål Vg3, vart 95 % av eksamenssvara leverte elektronisk.

Elevane får framleis oppgavesetta både elektronisk og på papir når eksamen startar, som ei sikring mot tekniske uhell eller forseinkingar. Då det elektroniske prøveadministrasjonssystemet PAS/PGS starta opp, var det ein føresetnad at skolar og skoleeigarar skulle kunne auke kapasiteten gradvis og utan tryggleiksrisiko. Erfaringane frå dei siste åra er at elektronisk distribusjon av eksamensoppgåvene har blitt sikrare og tryggare enn eksamensoppgåver på papir, og direktoratet diskuterer tidsplanen for å avgrense eller avvike utsendinga av trykte oppgavesett i tillegg til dei elektroniske.

Forslaga om ein meir effektiv eksamensperiode om våren har det til felles at skolane og privatistkontora skal kunne gjennomføre eksamen i svært mange fagkodar på nokre få dagar. På kvar eksamensdag vil eksaminandane fordele seg på mange ulike fag med ulike oppgavesett. Det vil då vere ein stor fordel om eksamensoppgåvene blir distribuerte elektronisk. Det vil seie at eksaminanden loggar seg inn med ein gitt kode og kjem direkte til riktig eksamensoppgåve. Føresetnaden er at alle skolane og andre eksamenslokale har tilstrekkeleg teknisk kapasitet.

Eksamen blir ikkje nødvendigvis 100 % papirlaus sjølv om oppgavesetta er elektroniske. Nokre svar eller delsvar kan om nødvendig skrivast for hand og bli skanna av skolen, og nokre tekstvedlegg kan det vere formålstenleg å distribuere på papir. I denne samanhengen er poenget at mengda av konfidensielle papir kan reduserast, og at det gjer eksamensgjennomføringa sikrare.

6 Meir effektiv eksamensperiode for sentralt gitt eksamen

I dette kapitlet undersøker vi om ein kan gjere eksamensperioden for sentralt gitt eksamen om våren kortare, utan at det samla talet på eksamenar blir redusert. Felles for dei tre alternativa er at eksamensperioden for sentralt gitt skriftleg eksamen i studieførebuande fag og fellesfag blir avvikla i løpet av fem dagar. Formålet er både å frigi tid til opplæringa og å gjere denne perioden meir føreseieleg. I kapittel 6.1–6.3 presenterer vi tre overordna grep og viser eit tenkt eksempel på ein eksamensplan for kvart alternativ, saman med ei kortfatta drøfting. Kapittel 6.4 er ei vurdering og samanlikning av alternativa når det gjeld årstimal, arbeidsbelastning for elevar og lærarar, praktiske og administrative konsekvensar og kostnader.

Vi er klare over at det er mange andre omsyn enn logistikk som styrer eksamensordningane. Forslaga om å flytte eksamenar rører ved statusen til faga. Likeeins heng spørsmåla om valfridom, trekkfag eller obligatoriske eksamenar, førebuingdagar og eksamenstidspunkt saman med meir overordna synspunkt på kva omfang og rolle eksamen bør ha. I forslaga under ser vi stort sett bort frå alle dei fagpolitiske vurderingane som også høyrer med i diskusjonane om eksamensordningane. Formålet med denne framstillinga er å undersøke kva alternativ som finst dersom ein vil gjere eksamensperioden på Vg3 kortare og meir effektiv for å frigjere tid til opplæringa. Dersom dette lèt seg gjere, kan det bidra til å gi alle elevar god og lik opplæring i alle fag gjennom heile skoleåret.

6.1 Alternativ 1: To alternative datoar for eksamen i programfaga

Det er mogeleg å ha det same omfanget og den same fordelinga av eksamenar på årstrinna som i dag, og samtidig gjennomføre alle dei skriftlege eksamenane for fellesfaga og SF i løpet av fem dagar. Føresetnaden er at det blir utarbeidd to oppgåvesett til kvar av dei programfagseksamenane som elevar vanlegvis tek på Vg3, slik at dei får to alternative datoar. Slik kan ein dekke alle fagkombinasjonar i løpet av dei to eksamensdagane.

Vi tek utgangspunkt i eksamensordninga for studiespesialiserande utdanningsprogram, der elevane skal ha to skriftlege eksamenar på Vg3 i tillegg til norsk hovudmål. Dei andre studieførebuande utdanningsprogramma har ei litt meir fleksibel fordeling mellom skriftlege og munnlege/praktiske eksamenar, og Vg3-Vg4 påbygging til generell studiekompetanse har berre éin skriftleg eksamen i tillegg til norsk hovudmål/samisk. Sjå oversikta over trekkordningane ved eksamen for alle utdanningsprogramma i rundskriv Udir-4-2016.²³

Ein kan vidareføre desse ordningane med ein kortare eksamensperiode dersom det er mogeleg å innføre to alternative eksamensdatoar for dei programfaga som elevar vanlegvis tek på Vg3 (sjå vedlegg 2 for ei oversikt over faga). Då kan ein dekke alle dei aktuelle fagkombinasjonane i løpet av to eksamensdagar. I illustrasjonen under er dei to eksamensdagane markerte med nemningane *eksamenssett 1* og *eksamenssett 2*.

Ein må gå bort frå førebuingdag til obligatorisk eksamen i norsk for faga *Norsk for hørselshemmede* og *Norsk for språklige minoriteter med kort botid i Norge – videregående opplæring* dersom heile eksamensperioden skal gjennomførast på fem dagar.

²³ Trekkordning ved eksamen for grunnskole og videregående opplæring, Udir-4-2016 <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/finn-regelverk/etter-tema/eksamen/Udir-4-2016-trekkordning-ved-eksamen/>

Eksempel, alternativ 1 – eksamensplan for sentralt gitt eksamen SF og fellesfag

Omfang:

Vg1-Vg2 YF Vg1 SF	Ein eksamen for 20 % av elevane, skriftleg eller munnleg
Vg2 SF	Ein eksamen, skriftleg eller munnleg
Vg3 studie- spesialiserande ²⁴	Fire eksamenar, tre skriftlege og ein munnleg

Fordeling:

Dag	For kven?	Fag
Måndag	Vg3	Eksamen for alle elevar på Vg3: - Obligatorisk eksamen i norsk hovudmål (alle variantar) og samisk 1
Tysdag	Vg1 SF og YF	Eksamen for elevar på Vg1: - Matematikk 1P og 1T ²⁵
	Vgs3	Førebuingsdag eller lesedag for alle elevar på Vg3
Onsdag	Vg3	Eksamen for alle elevar på Vg3: - Norsk sidemål - Norsk for elevar med samisk 1, andrespråk, teiknspråk, framandspråk I+II - Programfag som elevar vanlegvis tek på Vg3 (<i>eksamenssett 1</i>) ²⁶
	Vg1 SF og Vg2 YF	Førebuingsdag for elevar på Vg1 SF og Vg2 YF - Engelsk fellesfag
Torsdag	Vg1 SF og Vg2 YF	Eksamen for elevar på Vg1 SF og Vg2 YF - Engelsk fellesfag
	Vg2	Førebuingsdag eller lesedag for elevar på Vg2
	Vg3	Førebuingsdag eller lesedag for alle elevar på Vg3
Fredag	Vg2	Eksamen for elevar på Vg2: - Matematikk 2P, R1 og S1 - Framandspråk - Programfag (med skriftleg eksamen) ²⁷
	Vg3	Eksamen for alle elevar på Vg3: - Programfaga som er felles med Vg2 - Programfag som elevar vanlegvis tek på Vg3 (<i>eksamenssett 2</i>) - Matematikk 2P-Y

24 Sjå Udir-4-2016 <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/finn-regelverk/etter-tema/eksamen/Udir-4-2016-trekkordning-ved-eksamen/> for oversikt over trekket på alle utdanningsprogramma.

25 Med ein ny struktur for matematikkfaga vil desse fagkodane bli erstatta med fagkodane R1 og S1, og fagkodane for Vg2 som ligg på fredag i tabellen, vil bli kalla R2 og S2.

26 Sjå oversikt i vedlegg 2

27 Sjå oversikt i vedlegg 2

Alternativ 1: Vurdering

Denne modellen viser at eksamensperioden etter Vg3 kan kortast ned til fem dagar sjølv om ein vidarefører dagens eksamensordningar for sentralt gitt skriftleg eksamen. Skolane kan ha opplæring med ordinær timeplan ei veke lenger, fram til slutten av mai, utan at det går ut over sensuren og avviklinga av lokalt gitte eksamenar i juni. Perioden med skriftlege eksamenar blir kort og intensiv, og det er ikkje ordinær opplæring på årstrinnet samtidig.

- For elevar på Vg3 og påbygg blir det ein førebuingdag, eventuelt lesedag, mellom kvar eksamensdag.
- For Vg2 blir alle faga som er aktuelle for skriftleg eksamen, samla den siste dagen (fredag). Førebuingdag dagen før for dei faga som har det. Skriftleg eksamen går altså over to dagar.
- For Vg1 foreslår vi ulik dato for matematikk- og engelskeksamen. Det gjer det mogeleg for 23/5-privatistar å ta begge eksamenane.

Den siste eksamensdagen (fredag) kan det vere nødvendig å ha alternativ opplæring utanfor skolen for Vg1, fordi alle Vg3-elevane og rundt 50 % av Vg2-elevane har eksamen.

Modellen legg opp til ein konsentrert arbeidsperiode for alle med førebuing til eksamen i dagane etter 17. mai, då opplæringa skal avsluttast og elevane skal førebu seg til eksamen. Arbeidsbelastninga for elevar og lærarar blir samla sett om lag som no. Fordi alle fag har eksamen omtrent samtidig, kan det bli travelt i forkant, men det kan også gi godt høve til konsentrasjon for elevane.

Etter «eksamensveka» kan Vg3 fokusere på førebuing til og gjennomføring av munnleg/praktisk eksamen. Standpunktteknikkarakterane i fag med sentralt gitt eksamen skal settast seinast dagen før fellessensuren som no, og i fag med lokalt gitt eksamen skal dei settast før den første lokalt gitte eksamenen i faget på trinnet startar. For Vg2 og Vg1 er talet på munnlege eksamenar som no.

Juridiske konsekvensar:

Formålet med eksamen er todelt i forskrift til opplæringslova. Eleven skal få høve til å vise sin individuelle kompetanse i faget på bakgrunn av kompetansemåla i læreplanen, og eksamenskarakteren skal gi informasjon om elevens kompetanse i faget slik den kjem til uttrykk på eksamensdagen.

Det første av dei to formåla er det juridisk sett uproblematisk å prøve med to ulike oppgåvesett. Til forskjell frå nasjonale prøver, som er konstruerte for å samanlikne resultatane over tid, varierer innhaldet i eksamensoppgåvene litt frå år til år. Det er ein naturleg konsekvens av at dei over tid skal dekke heile breidda i læreplanane. I mange fag har oppgåvesetta også ein viss valfridom fordi elevane kan velje mellom fleire oppgåvealternativ i delar av svaret. Slik sett er det ikkje dramatisk å utarbeide fleire alternative oppgåvesett som kan brukast i same eksamensperiode. Elevane vil då få eksamenar som er likeverdige, men ikkje identiske.

Det andre formålet – lik informasjon – vil vere det største diskusjonstemaet med ei slik ordning. Vil ulike oppgåvesett i same eksamensperiode gi nøyaktig den same informasjonen til Samordna opptak om kva kompetanse elevane har vist i faget? Når elevar konkurrerer om plassar i opptaket til dei mest ettertrakta utdanningane, konkurrerer dei også med elevar frå andre årskull som har teke eksamen med eit litt anna innhald. Juridisk sett er det ikkje annleis når elevar frå same årskull får litt ulike eksamensoppgåver. Likevel kan det opplevast som urettferdig av enkeltelevar dersom dei meiner dei har vore uheldige med trekket. Oppgåvesetta er utarbeidde for å prøve fagkompetansen på ein valid måte som kan vurderast likt av sensorane, men det kan komme saker der elevar meiner at det andre oppgåvesettet ville ha gitt dei betre sjansar enn det dei fekk. Og for så vidt omvendt. Dette

understrekar at eksamensoppgåvene i alle fag må vere godt kvalitetssikra, og at sensorane må vere godt skolerte.

Konsekvensar for privatistane

Privatistar som skal ta generell studiekompetanse etter 23/5-regelen,²⁸ kan ta fire av dei fem nødvendige eksamenane for å oppnå generell studiekompetanse i løpet av ei veke. Det er mogeleg å ta norsk sidemål same dag som førebuing i engelsk fellesfag dersom nokon vil det. Privatistar som ikkje skal ha eksamenar i andre fellesfag enn norsk hovudmål og matematikk 1P, kan ta to skriftlege programfagseksamenar. Praksiskandidatfaga og dei faga som har munnleg eksamen, kjem etter denne eksamensperioden.

Norsk hovudmål, samisk førstespråk	Måndag
Matematikk 1P	Tysdag
Norsk sidemål	Onsdag
Engelsk fellesfag	Torsdag (førebuing onsdag)
Matematikk 2P Samisk eller finsk andrespråk	Fredag

6.2 Alternativ 2: Ei jamnare fordeling av eksamenar mellom årstrinna

Denne modellen viser at perioden for skriftleg eksamen kan kortast ned ved å fordele eksamenane jamnare mellom årstrinna og innføre ei meir rettferdig ordning for Vg1. I gjeldande ordning skal berre 20 % av elevane på Vg1 SF trekkast ut til ein eksamen i eit fellesfag. Det kan endrast slik at eksamensbelastinga blir meir likt fordelt:

- Alle elevar på Vg1 får ein eksamen, skriftleg, munnleg, praktisk (nokre utdanningsprogram) eller munnleg-praktisk
- Alle elevar på Vg2 får ein eksamen, skriftleg eller munnleg (som no)
- På Vg3-nivå blir det ein tilsvarande reduksjon ved at elevane berre får éin skriftleg eksamen i tillegg til norsk hovudmål/samisk førstespråk.

Arbeidsgruppa meiner prinsipielt at studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram bør behandlast likt, så forslaget om at alle skal ha ein eksamen i eit fellesfag på Vg1, gjeld også for Vg1/Vg2 på yrkesfaglege utdanningsprogram. Det vil i så fall gi ein klar auke – ei femdobling – i talet på eksamenar i fellesfaga på yrkesfag.

Dersom ein derimot berre innfører endringa for studieførebuande utdanningsprogram, blir det ein reduksjon på 20 % i det samla omfanget av eksamenar.

28 <http://www.samordnaopptak.no/info/opptak/generell-studiekompetanse/23-5-regelen/>

Eksempel, alternativ 2 – eksamensplan for sentralt gitt eksamen SF og fellesfag

Omfang:

Vg1-Vg2 YF Vg1 SF	Ein eksamen, skriftleg eller munnleg
Vg2 SF	Ein eksamen, skriftleg eller munnleg
Vg3 SF ²⁹	Tre eksamenar: Norsk/samisk, skriftleg eksamen i eitt anna fag og ein munnleg eksamen

Fordeling:

Dag	For kven?	Fag
Måndag	Vg3	Eksamen for alle elevar på Vg3: - Norsk hovudmål (alle variantar) og samisk 1
Tysdag	Vg1 SF og YF	Eksamen for elevar på Vg1: - Matematikk 1P og 1T ³⁰
	Vg3	Førebuingsdag eller lesedag for alle elevar på Vg3
Onsdag	Vg3	Eksamen for elevar på Vg3: - Alle programfag som elevar vanlegvis tek på Vg3 (sjå vedlegg 2) - Norsk sidemål, samisk eller finsk andrespråk, norsk teiknspråk - Fremmedspråk I+II - Matematikk 2P-Y
	Vg1 SF og Vg2 YF	Førebuingsdag engelsk fellesfag
Torsdag	Vg1 SF og Vg2 YF	Eksamen for elevar på Vg1 SF og Vg2 YF: - Engelsk fellesfag
	Vg2	Førebuingsdag eller lesedag for elevar på Vg2
		Førebuingsdag eller lesedag for elevar på Vg3 som blir trekte ut i programfag felles med Vg2
Fredag	Vg2	Eksamen for elevar på Vg2: - Matematikk 2P, R1 og S1 - Framandspråk - Programfag (med skriftleg eksamen)
		Eksamen for elevar på Vg3 som blir trekte i programfag felles med Vg2

29 Sjå Udir-4-2016 <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/finn-regelverk/etter-tema/eksamen/Udir-4-2016-trekkordning-ved-eksamen/> for oversikt over alle utdanningsprogramma.

30 Dersom det blir innført eit skriftleg eksamensalternativ i geografi, samfunnsfag og naturfag, kan det leggest same dag som matematikk eller same dag som engelsk fellesfag

Alternativ 2: Vurdering

På same måte som i alternativ 1 er hovudformålet med modellen å frigi tid til opplæring. I tillegg tilbyr modellen eit framlegg til ei jamnare arbeidsfordeling mellom dei tre åra.

Eksamen har ei rolle som motivasjon for å arbeide med fag og kan derfor påverke læringa i dei aktuelle faga. I gjeldande ordning er det slik at alle elevane skal ha ein skriftleg og ein munnleg eksamen på 10. trinn. Likeeins skal dei ha eksamen på Vg2 både i studieførebuande og yrkesfaglege program. På Vg1 skal fleirtalet ikkje ha eksamen. Dei mistar sjansen til å få eksamenstrening, og dei kan få eit inntrykk av at året er mindre arbeidskrevjande. For det mindretalet på 20 % som blir trekt ut til eksamen i eit fellesfag, framstår trekket som tilfeldig og lite rettferdig.

Dei aktuelle eksamensfaga for Vg1 på studiespesialiserande utdanningsprogram er engelsk, matematikk, naturfag, geografi³¹ og samfunnsfag. Vg1-Vg2 yrkesfag har dei same faga med unntak av geografi. Av desse har berre engelsk og matematikk skriftlege eksamenar, så volumet av munnlege og munnleg-praktiske eksamenar vil bli mykje større. For at det ikkje skal bli uhandterleg stort, foreslår arbeidsgruppa at dette alternativet blir knytt til eit forslag om å innføre eit skriftleg eksamensalternativ for eitt eller fleire av faga samfunnsfag, geografi og naturfag, dersom det kan gjerast på fagets premisser. Vi trur at samfunnsfag kan eigne seg godt. Geografi har lågt timetal, og ein kan kanskje vurdere ein tre timars skriftleg eksamen. Naturfag er eit praktisk innretta fag, men spørsmålet kan vurderast. Eksamensformene blir tema i samband med fagfornynga 2017–2019.

Det å flytte ein eksamen frå Vg3 til lågare årstrinn betyr også å flytte tyngdepunktet i eksamensfaga frå programfaga og norsk sidemål på Vg3 over mot fellesfaga engelsk, matematikk, samfunnsfag, geografi og naturfag. Det kan argumenterast både for og mot dette. Fellesfaga er gjennomgåande; dei er knytte til grunnleggande ferdigheiter gjennom heile grunnskolen og er sentrale for dei tankane om djupnelæring og tverrfaglege tema som er lagde fram i Stortingsmelding 28 om fagfornynga. På den andre sida er programfaga viktige fordi elevane har valt dei ut frå sine egne interesser og planar, og dei bør få høve til å vise fagkompetansen sin.

Utdanningsprogram for idrettsfag har ein lokalt gitt skriftleg programfagseksamen på Vg1, og musikk, dans og drama har munnleg-praktisk eksamen. Dei nye studieførebuande utdanningsprogramma medium og kommunikasjon og kunst, design og arkitektur har programfag som blir avslutta med praktisk trekkfagseksamen på Vg1. Dei vil inngå som aktuelle eksamensfag med større sjanse til å bli trekte ut med denne eksamensordninga.

Arbeidsgruppa meiner at elevane på studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram i utgangspunktet bør likebehandlast når det gjeld eksamensomfang i fellesfaga. Derfor har vi lagt inn at auken av eksamenar frå 20 % til 100 % bør gjelde for yrkesfag også. I praksis betyr det at 80 % av elevane på yrkesfag vil få ein eksamen meir enn no, for det er ikkje aktuelt å foreslå færre eksamenar i programfag på Vg2 yrkesfag.

For Vg3 betyr reduksjonen at det blir færre skriftlege eksamenar i programfag, og elevane vil ha like stor sjanse til å bli trekte ut til munnleg som til skriftleg eksamen i programfaga sine. Færre elevar vil trekkast ut til eksamen i norsk sidemål.

Arbeidsgruppa har diskutert om to skriftlege eksamenar på Vg3 studiespesialiserande program blir for lite, og om ein i så fall kan legge inn ein ekstra eksamen for 20 % av elevane på dette trinnet. Det kan brukast til å auke sjansane for å bli trekte ut til eksamen i for eksempel norsk sidemål. På den andre

31 Geografi har kompetansemål etter Vg1 i programområdet for realfag og språk, samfunnsfag og økonomi i studiespesialiserande utdanningsprogram, mens det er lagt til Vg2 i programområdet for formgivingsfag i studiespesialiserande utdanningsprogram, MDD og idrettsfag.

sida vil opplevinga av at det er urettferdig at eit tilfeldig mindretal av elevane blir trekte ut til ein ekstra skriftleg eksamen i eit fellesfag, vere minst like sterk på Vg3 som det er på Vg1.

Juridisk

Modellen føreset ei endring av trekkordningane som er regulerte i rundskriv frå Utdanningsdirektoratet. Dersom nokre fellesfag får eit skriftleg eksamensalternativ i tillegg til eit munnleg eller munnleg-praktisk, krev det endringar i vurderingsordningane som er fastsette i læreplanane.

Privatistar

Privatistar som skal ta generell studiekompetanse,³² kan ta fire av dei fem skriftlege eksamenane. Dei fleste programfaga ligg på den same datoen som førebuing i engelsk fellesfag. Praksiskandidatfaga og dei faga som har munnleg eksamen, kjem etter denne eksamensperioden.

Norsk hovudmål, samisk førstespråk	Måndag
Matematikk 1P	Tysdag
Norsk sidemål <i>eller</i> førebuing engelsk	Onsdag
Engelsk fellesfag	Torsdag
Matematikk 2P	Fredag

6.3 Alternativ 3: Ein eksamen for alle på Vg1, to eksamenar på Vg2 og tre på Vg3

Sluttvurderingsordningane i norsk påverkar eksamensplanen fordi faget har to eksamenar. I gjeldande ordning er norsk sidemål trekkfag, og ca 50 % av elevane blir trekte ut. Det har tidlegare vore foreslått å synleggjere sidemålskompetansen med ein obligatorisk eksamen som blir lagt til Vg2 på studieførebuinge utdanningsprogram. Denne modellen viser korleis eksamensperioden kan bli dersom norsk sidemål blir flytta til Vg2 som resultat av fagfornyninga. Det er teke med her for å vise at det kan gi ei god eksamensfordeling mellom årstrinna. Arbeidsgruppa har ikkje gått inn i dei norskfaglege og språkpolitiske argumenta for og imot endringar i talet på standpunkt karakterar og eksamenar.

I dette alternativet skal elevar på Vg1 SF og Vg1-Vg2 YF ha eksamen i eitt fag, på same måte som i alternativ 2. Elevar på Vg2 skal ha ein eksamen i norsk sidemål og ein eksamen i eit anna fag, og elevar på Vg3 skal ha tre eksamenar: norsk hovudmål/samisk førstespråk, ein skriftleg eksamen i eit anna fag og ein munnleg eksamen.

32 <http://www.samordnaopptak.no/info/opptak/generell-studiekompetanse/23-5-regelen/>

Eksempel, alternativ 3 – eksamensplan for sentralt gitt eksamen SF og fellesfag

Omfang:

Vg1-Vg2 YF Vg1 SF	Ein eksamen, skriftleg, munnleg, munnleg-praktisk eller praktisk
Vg2 SF	To eksamenar: Skriftleg eksamen i norsk sidemål og i tillegg eitt anna fag ³³
Vg3 SF ³⁴	Tre eksamenar: Norsk/samisk, skriftleg eksamen i eitt anna fag og ein munnleg eksamen

Fordeling:

Dag	For kven?	Fag
Måndag	Vg3	Eksamen for alle elevar på Vg3 - Norsk hovudmål (alle variantar) og samisk 1
Tysdag	Vg1 SF og YF	Eksamen for elevar på Vg1 - Matematikk 1P og 1T
	Vg2	Førebuingsdag eller lesedag for elevar på Vg2 og Vg3
Onsdag	Vg3	Eksamen for elevar på Vg2: - Matematikk 2P, R1 og S1 - Framandspråk - Programfag (med skriftleg eksamen)
	Vg1 SF og Vg2 YF	Førebuingsdag engelsk fellesfag
	Vg3	Førebuingsdag eller lesedag for elevar på Vg3 som blir trekte ut i fag med eksamen torsdag Eksamen for elevar på Vg3 som blir trekte ut i programfag felles med Vg2
Torsdag	Vg1 SF og Vg2 YF	Eksamen engelsk fellesfag
	Vg3	Eksamen for alle på Vg3 som ikkje hadde eksamen onsdag - Alle programfag som elevar vanlegvis tek på Vg3 ³⁵ - Samisk 2, finsk 2, teiknspråk, norsk for elevar med samisk 1, framandspråk I+II, matematikk 2P-Y
Fredag	Vg2	Eksamen for alle elevar på Vg2 - Norsk sidemål

33 Sjå vurderingsdelen under når det gjeld elevar med fritak frå vurdering i sidemål

34 Sjå Udir-4-2016 <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/finn-regelverk/etter-tema/eksamen/Udir-4-2016-trekkordning-ved-eksamen/> for oversikt over dei ulike utdanningsprogramma

35 Sjå vedlegg 2

Alternativ 3 – vurdering

Det nye med modellen til forskjell frå alternativ 2 er at elevane får ein eksamen ekstra på Vg2. Det synleggjer kompetansen i norsk sidemål for alle elevar, samtidig som programfaga kan prioriterast på Vg3.

Dei aller fleste får skriftleg eksamen i eit av programfaga, og det er i samsvar med ønsket om at eksamenskarakterane skal synleggjere faglege val og interesser. Dei andre programfaga eleven har, er aktuelle for munnleg eksamen.

I staden for programfag kan elevar på Vg3 som har teiknspråk, samisk eller finsk som andrespråk, norsk for elevar med samisk som førstespråk eller framandspråk I+II bli trekte ut til eksamen i eit av desse faga. Våren 2017 blei ca. 2,5 % av elevane trekte ut til ein av desse eksamenane.³⁶ Skoleeigaren har ansvar for at trekket blir jamt fordelt over tid, slik at alle faga har ein reell sjanse til å bli trekte ut. Det vil understreke at desse faga har same verdi som programfaga.

Fordi norskfaget går over tre år, kan det vere vanskeleg å halde motivasjonen og læringstrykket oppe. Elevane prioriterer å arbeide med fag som skal avsluttast. I samband med læreplanrevisjonen i 2013 hevda lærarorganisasjonane og ressursgruppa Forum for norskfaget at ei periodisering av norskfaget, som denne modellen legg opp til, kunne gi betre læringsutbytte enn når ein arbeider parallelt med hovudmål og sidemål gjennom heile opplæringa. Derfor støtta dei – med ulike vektleggingar – modellar som hadde færre standpunktkarakterer i faget supplert med ein obligatorisk eksamen som synleggjorde sidemålskompetansen.³⁷ Språkrådet og nynorskorganisasjonane meinte derimot at eksamen på Vg2 ville bryte med jamstillinga av nynorsk og bokmål i samfunnet og argumenterte mot forslaget.

Juridisk er modellen knytt til ei eventuell endring av læreplanen og vurderingsordningane i norsk. Modellen krev ein læreplanstruktur der det går tydeleg fram kva ei skriftleg vurdering som blir avslutta på Vg2 er, og kva som blir vidareført på Vg3. Det kan vere aktuelt å vektlegge ulike emne på Vg2 og Vg3 og innføre ei standpunkt-vurdering etter Vg2 dersom faget får ein felles standpunkt-karakter. Dette må vurderast nærare i samband med fagfornynga.

Alternativet krev spesielle løysingar for to relativt store elevgrupper: Dei som er fritekne for eksamen i norsk sidemål, og dei som reiser på utvekslingsopphald i utlandet som alternativ til Vg2.

Dersom dei to obligatoriske norskeksamenane skal prøve ulike kompetansemål i læreplanen, er det rimeleg at elevar med fritak for vurdering i sidemål går opp til begge eksamenar og skriv hovudmålet sitt begge dagane. Eksamen vil ha ulikt fagleg innhald i tillegg til ulik målform.

Elevar som tek eit skoleår i utlandet og ikkje har tilsvarande fag som i norsk vidaregåande skole, må ta dei faga dei manglar som privatist eller som elev på Vg3, når dei kjem heim for å oppfylle krava til vitnemål.³⁸ Slik eksamenen er lagt i eksempelet, kan Vg3-elevar ta eksamen i norsk sidemål saman med Vg2-elevar (sidemålsksamen fredag er ikkje samanfallande med tidspunktet for nokon Vg3-eksamen). Det kan også vere eit alternativ å ta denne eksamenen om hausten i Vg3. Alternativt kan ein vurdere fritak frå denne eksamenen for elevar som mister eit år med opplæring.

36 Påmeldingstal våren 2017 for elevar (ikkje privatistar) på studieførebuande og påbygging: Til saman 46286 elevar (påmelde til obligatorisk eksamen i norsk hovudmål, norsk kort butid, samisk som førstespråk, norsk for elevar med samisk som andrespråk eller norsk for høyrsehemma). Av desse blei 20 trekte ut til eksamen i norsk for elevar med samisk som førstespråk, 42 i samisk som andrespråk, 5 i finsk som andrespråk, 6 i norsk teiknspråk og 1071 i framandspråk I+II.

37 Sluttrapport Forum for norskfaget, 2012, og høyringsfråsegner frå Utdanningsforbundet, Norsk Lektorlag og Landslaget for norskundervisning 2013

38 <https://www.udir.no/eksamen-og-prover/dokumentasjon/vitnemal-og-kompetansebevis/Godkjenning-av-videregaende-opplaring-i-utlandet/>

Privatistar som skal ha generell studiekompetanse etter 23/5-regelen, kan ta fire av eksamenane som i dei to andre modellane. Dei som ikkje skal ta eksamen i engelsk fellesfag, kan ta skriftleg eksamen i eit programfag. Praksiskandidatfaga og fag med munnleg eksamen kjem etter denne eksamensperioden.

Norsk hovudmål, samisk førstespråk	Måndag
Matematikk 1P	Tysdag
Matematikk 2P eller engelsk fellesfag	Onsdag (førebuing for engelsk onsdag)
Engelsk fellesfag	Torsdag
Norsk sidemål	Fredag

6.4 Felles drøfting og vurdering av dei tre modellane

Modellane er eksempel på tre overordna grep som kan minske problema med den lange eksamensperioden om våren:

- Utarbeide alternative oppgavesett i programfaga for å tilby mange fagkombinasjonar på få dagar
- Ein skriftleg eksamen mindre på Vg3, kompensert med ein eksamen meir på Vg1 (og yrkesfag)
- Flytting av eksamen i norsk sidemål til Vg2, slik at programfaga kan prioriterast på Vg3

Alle dei tre alternative modellane vil truleg framstå for elevar og lærarar som ryddigare enn dagens ordning. Ein unngår å blande opplæring i andre fag inn i den tida skriftleg eksamen går føre seg. Det gjer det enklare for elevar og lærarar å gjennomføre undervisningstimane.

Dei tre alternativa viser at det er mogeleg å effektivisere perioden for sentralt gitt eksamen. Det betyr at eksamen kan starte om lag ei veke seinare enn i dag, utan at det kortar ned tida for sensuren og avviklinga av munnleg eksamen. Opplæringstida i forkant av skriftleg eksamen blir tilsvarande forlenga.

Den nøyaktige datoen eksamen kan starte, heng mellom anna saman med datoane for fellessensuren og tidspunktet for pinse. Sensorane skal ha tilstrekkeleg med tid. Dersom det er ønskeleg, kan ein vurdere å skyve fellessensuren eit par dagar fram og korte tilsvarande ned fristen til hurtigklagesensuren.³⁹ Våren 2018 er fellessensuren fastsett til 19. og 20. juni, og den siste eksamensdagen for studieførebuande fag er fredag 1. juni. Det ville då vere mogeleg å starte den fem dagars eksamensperioden måndag 28. mai.

Arbeidsgruppa meiner dette er ei endring som gir betre høve til å oppfylle årstimetalet i alle fag. Mens skriftleg eksamen går føre seg, er det ikkje nødvendig å ha ordinær opplæring på årstrinnet. Samtidig blir ikkje opplæringstida avslutta på ein så definitiv måte at standpunktkarakterane må vere sette i forkant av skriftleg eksamen. Det opnar for at ein bruker tida mellom skriftleg og munnleg eksamen som meningsfylt opplæringstid med fokus på repetisjon, fag med munnlege/praktiske eksamenar og kanskje også tverrfaglege perspektiv.

Arbeidsgruppa har ikkje diskutert plasseringa av dei lokalt gitte skriftlege eksamenane for ulike utdanningsprogram, men vi føreset at det er mogeleg å legge dei inn samtidig med dei sentralt gitte eksamenane. Desse eksamenane har same sensurfrist og klagefrist, og somme offentleggjer lokale skriftlege trekk samtidig med sentralt gitte eksamenar.

³⁹ Hurtigklagesensuren er ikkje forskriftsfesta.

Betre læring

Ein grunnleggande tanke i denne rapporten er at fleire timar til opplæring i forkant av eksamen gir betre læring. Det har også mykje å seie for elevane sine sjansar til å ta eksamen på same villkår. Når eksamen startar, skal alle ha fått like mange timar med opplæring, og dei skal vise kompetanse i alle delar av faget.

Dei tre alternativa fordeler eksamenane mellom årstrinna på ulike måtar. Det kan ha samband med læringsutbyttet, dersom det er slik at eksamensførebuinga gir fag «tyngde» og motiverer til arbeid. Alternativ 1 har tyngdepunktet av eksamenar på Vg3, som i dag. Alternativ 2 og 3 fordeler eksamenane meir likt mellom årstrinna og mellom fellesfag og programfag, og signaliserer på den måten at alle dei tre åra er viktige. Mens alternativ 2 fører til at færre elevar vil bli trekte ut til eksamen i norsk sidemål og dei små språklege trekkfagseksamenane på Vg3, løysar alternativ 3 dette ved å legge inn norsk sidemål som ein ekstra eksamen på Vg2. Då vil dei aller fleste bli trekte ut til ein skriftleg programfagseksamen på Vg3, samtidig som sidemålskompetansen blir synleg. Arbeidsgruppa ser dette som ein fordel.

Elevane kan oppleve eksamen som ei belastning, men det er også ein sjanse til å vise kva ein kan og få ei positiv erfaring. Arbeidsgruppa meiner det er best at alle elevane får like mange eksamenar på eit gitt årstrinn og utdanningsprogram. Alternativ 2 og 3 legg derfor opp til at alle elevane skal trekkast ut til ein eksamen på Vg1 studieførebuande. Vi har diskutert om det same bør gjelde for eksamen i fellesfaga på Vg1 og Vg2 yrkesfag, og i tabellane som viser dei tre alternativa er yrkesfag lagde inn. Argumentasjonen er at det er meir rettferdig at alle blir trekte ut enn at nokre få blir det, og det er rettferdig at elevane på studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram blir behandla likt. På den andre sida vil det føre til ein auke i det samla talet på eksamenar på yrkesfag, for det er ikkje aktuelt å redusere talet på programfagseksamenar. Arbeidsgruppa meiner at spørsmålet bør vurderast nærare.

Alternativ 2 har samla sett litt færre eksamenar enn no på studiespesialiserande utdanningsprogram fordi 20 %-trekket er fjerna. Vi har diskutert om det er formålstenleg å kompensere for det ved å trekke ut 20 % (eller eit anna prosenttal) til ein tredje skriftleg eksamen på Vg3. Det er praktisk mogeleg innafor ramma av fem eksamensdagar, men vi tilrår det ikkje, fordi det bør vere like ordningar for alle elevane.

Karakterstatistikkane viser at elevar som tek munnlege eller praktiske eksamenar, oftare går fram samanlikna med standpunktarakterane, mens dei oftare går litt tilbake i forhold til standpunkt ved skriftlege eksamenar. Arbeidsgruppa har diskutert om det er mogeleg å styre trekket slik at elevar på Vg1 og Vg2 får ein skriftleg og ein munnleg eksamen i løpet av dei to åra. For yrkesfagelevar, som berre skal ha éin eksamen i fellesfag, blir det enten-eller. For elevar på studieførebuande program er det to eksamenar, og frå eit elevsynspunkt burde trekket då vere slik at dei får ei annan eksamensform på Vg2 enn på Vg1.

Det vil i så fall styre trekket, fordi mange programfag for Vg2 berre har munnleg eksamen, og derfor må mange trekkast ut til skriftleg eksamen på Vg1. Matematikk og engelsk er gjennomgåande og sentrale fag. Samfunnsfag bør også vere eigna for skriftleg prøving.

Arbeidsbelastning

Ei slik effektivisering som modellane legg opp til kan opplevast som arbeidskrevjande for elevar og faglærarar, men det er eit spørsmål om planlegging. Arbeidsgruppa meiner at tidspunktet for offentliggjerjing av eksamenstrekket er ein viktig faktor her (sjå kapittel 7).

For elevane kan effektiviseringa vere ei hjelp til å fokusere på skole i perioden før eksamen.

For faglærarar i norsk betyr alternativ 3 at arbeidsbelastninga i norskfaget blir noko jamnare fordelt. Det er ei kjend sak at det kan vere vanskeleg å halde motivasjonen og læringstrykket oppe i norskfaget på dei trinna som ikkje har standpunktvurdering og eksamen, fordi elevane prioriterer avsluttande fag.

For sensorane ved sentralt gitt eksamen er det avgjerande viktig at dei får nok tid mellom eksamensdatoen og fellessensuren. Dei fleste har oppdrag i samband med lokalt gitte eksamenar og eiga undervisning samtidig. Det må setjast av tid til å delta på sensorskolering, fordi dialogen med andre sensorar om utfordringar i vurderingsarbeidet er nødvendig for å opparbeide felles haldningar og praksis. For at arbeidsmengda skal vere overkommeleg, er det viktig at mange nok faglærarar er villige til å stille opp som sensorar. Det er eit frivillig ekstraoppdrag, og det har i periodar vore utfordrande å rekruttere mange nok i dei største faga. Det kan vere behov for særlege tiltak for å rekruttere sensorar, for eksempel eigne kurstillbod. Betre rammevilkår for sensorane kan også vere eit viktig tiltak i denne samanhengen.

Praktiske og administrative konsekvensar

Ein komprimert eksamensperiode er praktisk krevjande fordi det er mange eksaminandar og ulike fagkodar kvar dag. Vi føreset at eksamen blir gjennomført elektronisk, men det blir mange eksamenar på kort tid. Det krev rom, teknisk utstyr og personale. Den mest krevjande dagen når det gjeld elevtal og tal på fagkodar, er fredagen i alternativ 1, der heile årskullet på Vg3 og om lag halvparten av årskullet på Vg2 skal ha eksamen samtidig. Skolane er vane med å ha eksamen i norsk hovudmål for eit heilt årskull, men denne dagen blir meir omfattande.

Problematikken rundt mange fagkodar i same eksamenslokale er ikkje ny for dei som har ansvar for privatisteksamen. Dei har dette som normaltilstand og har gode rutinar for å handtere det.

Det er vanskeleg å seie om elevane samla sett vil oppleve ei felles eksamensveke som positivt fordi alle er opptekne med eksamen samtidig, eller om dei risikerer å bli forstyrra av kvarandre. For eksempel bør ein unngå å plassere elevar med todelte eksamenar i realfag, der den første delen skal svarast på utan hjelpemiddel og blir samla inn etter to eller tre timar, i same lokale som elevar med andre fag.

Alternativ 2 og 3 er praktisk utfordrande fordi skolane må avvikle fleire munnlege eksamenar. Vi foreslår at det blir vurdert å utarbeide skriftlege eksamensalternativ i samfunnsfag, geografi og eventuelt naturfag, slik at elevane kan fordelast meir likt mellom skriftlege og munnlege alternativ. Samla sett vil det likevel bli omtrent ei firedobling av talet på munnlege eksamenar på dette trinnet, og slutten av skoleåret vil bli prega av eksamensgjennomføring også på Vg1. Det er viktig at ein då blir ferdig med årstimane i dei fellesfaga som har skriftleg eksamen, i forkant, og at tida etter skriftleg eksamen blir brukt til andre fag. Dei nye studieførebuande utdanningsprogramma kunst, design og arkitektur og medium og kommunikasjon får praktiske programfagseksamenar på dette trinnet.

Privatistane

Privatistane er ei samansett gruppe. Det er mange som tek 23/5-faga, men også mange som forbehtar karakterar og tek fag som er eit krav i utdanningar som medisin, ingeniør m.m.

Modellane som er foreslått, legg til rette for å ta samtidig dei eksamenane i fellesfag som inngår i generell studiekompetanse – både om våren og om hausten. Det er ikkje mogeleg å ta eksamen i mange programfag samtidig om våren. Med alternativ 1 har privatistane to mogelege datoar for programfagseksamenar, som til saman dekkjer alle dei aktuelle programfaga. Modell 2 og 3 er mindre «heildekkande» og har berre éin dato for dei programfaga som vanlegvis blir tekne på Vg3.

Eksamensplanane dei siste åra har vore offentlege i god tid før eksamen. Det gjer det enklare for privatistar å kunne planlegge kva eksamenar dei må ta om hausten, og kva dei kan ta om våren.

Økonomiske konsekvensar – samanlikning

Hovudtendensen i dei tre alternativa er slik:

Alternativ 1

Alternativ 1 medfører ingen store endringar for skolane og skoleeigarane. På bakgrunn av det samla omfanget av eksamenar og det arbeidet som blir lagt ned i logistikk og gjennomføring lokalt, er kostnadene avgrensa. Alternativet kan seiest å vere på linje med dagens kostnadsrammer.

Eksamensplanen endrar ikkje talet på eksamenar eller sensorar, bortsett frå at ein del av privatistane som skal ta programfagseksamen tek den om hausten i staden for om våren. For skolane inneber alternativet at alle Vg3-elevane og rundt halvparten av Vg2-elevane skal ha eksamen samtidig den siste dagen (fredag). Det kan vere nødvendig å ruste opp for å gjennomføre store eksamensdagar med mange eksaminandar.

Kostnadene er primært knytte til utarbeiding og kvalitetssikring av skriftlege eksamenar i Utdanningsdirektoratet. Fagnemndene som utarbeider oppgåvesetta, må ha fleire møte og eventuelt fleire medlemmer, og arbeidet med kvalitetssikring, konsulentarbeid, eventuell pilotering m. m. vil krevje tid og ressursar. Slik det fungerer i dag, har fagnemndene ulike budsjett fordi det varierer kor mange medlemmer dei har, og kor mange fagkodar/variantar av oppgåvesett det er i kvart fag. Eit stort fag som norsk, med mange eksamensvariantar og medlemmer frå alle landsdelar, har 600 000 som årsbudsjett, mens små fag har mykje mindre. Gjennomsnittleg kan ein rekne med at kvart fag som skal ha to eksamensdatoar, har behov for om lag 120 000 kr i meirkostnader for kvart oppgåvesett. Det gjeld 38 fag, inkludert dei 11 framandspråka som det blir gitt opplæring i. Dei har eksamen på to ulike nivå (nivå II og III). Ein kan ta eksamen i 40 ulike språk som framandspråk, men i dei siste 29 språka tek elevane eksamen som privatistar, eller dei har svært få påmeldingar. Arbeidsgruppa foreslår at det ikkje blir laga doble oppgåvesett om våren i dei framandspråka det ikkje blir gitt opplæring i. Allereie i dag tek dei fleste av desse eksamen om hausten, og ein eksamensdato om våren er tilstrekkeleg.

I tillegg må Utdanningsdirektoratet vurdere korleis dei kan arbeide vidare med ulike kvalitetssikringstiltak for å sikre likeverdige eksamenar, og utarbeide planar og retningslinjer for det.

Med elektronisk eksamensgjennomføring kan det samtidig bli reduksjonar i kostnadene til trykking og utsending. Dette gjeld alle alternativa.

Alternativ 2

Endringane i kostnader er primært knytte til eit auka volum av munnlege og munnleg-praktiske eksamenar for Vg1 og fellesfaga på yrkesfag. Til saman vil fire gonger så mange elevar bli trekte ut til ein eksamen som kan vere sentralt eller lokalt gitt – skriftleg, munnleg, munnleg-praktisk eller praktisk. Frå 2017 vil dei to nye studieførebuande programma medium og kommunikasjon og kunst, design og arkitektur ha praktiske programfagseksamenar som eit alternativt trekkfag på Vg1.

Samtidig blir det ein skriftleg trekkfagseksamen mindre på Vg3-nivå. Med utgangspunkt i utgiftene til sensur av norsk hovudmål, som alle elevar skal ha, kan vi anslå kostnadene ved sensur av ein skriftleg eksamen for alle elevar og privatistar på Vg3 og påbygging til om lag 13 000 000 kroner.

Det er mange variablar når det gjeld kostnadene ved dei lokalt gitte eksamenane, og det finst ikkje tilgjengelege data på same måte som ved sentralt gitt eksamen. Skolane har ansvar for å dekke kostnadene til eksamen gjennom rammebevillinga dei får, og det er ikkje spesifisert der kor mykje som skal gå til eksamensformål. Arbeidsgruppa har ikkje klart å få fram eit kostnadsbilete som gir grunnlag for å legge fram ein gjennomsnittskostnad for ein lokalt gitt eksamen, eller kva det samla sett vil koste for eit gitt tal elevar på eit årstrinn. Trekket varierer frå år til år, og eksamenane er ulike. Hovudtendensen er at eksamen for Vg1 studieførebuande vil ha det same omfanget og den same kostnaden som han no har for Vg2, mens det i gjeldande ordning berre er 20 % av dette omfanget. For yrkesfag Vg1 og Vg2, dersom det er aktuelt, blir det samla sett ei firedobling av omfang og kostnader ved eksamen i fellesfag.

Munnlege, munnleg-praktiske og praktiske eksamenar skil seg frå dei skriftlege ved at dei er meir tidkrevjande å gjennomføre for eit stort tal elevar. Arbeidsgruppa har diskutert om fleire av dei aktuelle faga kan ha eit skriftleg eksamensalternativ for å forenkle logistikken. Vi ser ingen innvendingar mot å innføre ein skriftleg trekkfagseksamen i samfunnsfag. Naturfag er i større grad eit praktisk fag, og det må vurderast på eit fagleg grunnlag. Det same gjeld geografi der årstimetallet er relativt lågt. Vi foreslår at gruppene som skal sjå på kjerneelement og kompetansemål i fagfornyninga, vurderer om det er fagleg forsvarleg å innføre skriftlege eksamensalternativ i desse faga. Når elevane skal fordelast på fag og eksamensformer, vil det vere behov for felles retningslinjer for skoleeigarane slik at trekket fordeler seg jamt over tid.

Vi foreslår også at trekket blir regulert slik at elevane på studieførebuande utdanningsprogram, som skal ha ein eksamen på Vg1 og ein på Vg2, til saman får éin munnleg og éin skriftleg eksamen i løpet av dei to åra dersom mogeleg. Det vil vere mest rettferdig for elevane.

Alternativ 3

Dette alternativet har ein eksamen meir enn dei føregåande, og er derfor meir ressurskrevjande. Kostnaden ved ein obligatorisk eksamen med same form og omfang som norsk hovudmål har i dag er om lag 13 000 000 kroner. Kostnadene og logistikken ved fleire munnlege og munnleg-praktiske eksamenar blir som for alternativ 2, slik det er gjort greie for over.

Det blir ein skriftleg eksamen mindre på Vg3 og ein eksamen meir på Vg2. Elevar på Vg3 påbygging, fagkode NOR1232, må ta sidemålseksamen om våren saman med elevane på Vg2 som er eitt år yngre. Elevar med fritak frå vurdering i skriftleg sidemål skal – fordi det faglege innhaldet blir forskjellig – ta eksamenen og skrive på hovudmålet sitt. Derfor blir det like mange eksaminandar på sidemålsdagen som det er på norsk hovudmål.

Kostnader ved avvikling og sensur av eksamen: Eksempel frå Hordaland Fylkeskommune

Dei fleste skolane har nok plass til å arrangere eksamen, men nokre må leige ekstra lokale på store dagar. Vi leiger eksterne lokale til privatisteksamenar. Utgiftene til eksamensmaterieill er på veg ned, sidan eksaminandane i større og større grad leverer digitalt.

Tala her er henta frå økonomisystemet for kostnader til sensorar og eksamensvakter. Tala inkluderer ikkje arbeidsavgift og eventuelle andre sosiale kostnader. Utgiftene til eksamenskontoret er for det meste utgifter til privatisteksamen, mens skolane sine er til eleveksamen.

Eksamensvakter:

Skolar, Hordaland Fylkeskommune: 6.157.000

Eksamenskontoret: 2.363.000

Det meste av desse utgiftene er til skriftlig eksamen, og inkluderer sentralt gitt eksamen.

Sensorhonorar:

Skolar, Hordaland Fylkeskommune: 5.583.000

Eksamenskontoret: 8.307.000

Det er ikkje mogeleg å splitte desse kostnadene på skriftleg og munnleg eksamen i økonomisystemet. For eksamenskontoret sin del er omtrent 25 % av sensorhonoraret til skriftlig eksamen. Dette gjeld både lokalt gitte eksamenar og sentralt gitte eksamenar med lokal sensur. For skolane sin del er truleg nesten alle utgiftene til sensur til munnleg, munnleg-praktisk og praktisk eksamen.

Eksamenskontoret bruker ca. 1.150.000 kr på å leige lokale til skriftleg eksamen kvart år. I tillegg bruker vi ca. 400 000 til nettverk i eksamenslokala. Dei fleste skriftlege eksamenane er sentralt gitte. Lokalt og sentralt gitt skriftlig eksamen blir arrangert i dei same lokala, og det er umogeleg å gi eit eige tal på kor mykje dei lokalt gitte eksamenane kostar.

Munnlege privatisteksamenar blir arrangerte i eigne lokale, og eksamenskontoret dekker ekstrautgifter i samband med dette. I 2016 var dette ca 41000.

7 Endring av trekkfagsordninga

Gjeldande eksamensordningar er baserte på at elevane veit *at* dei skal ha eksamen, men ikkje kva fag det blir. Dei får standpunktkarakter i alle fag, og slik sett er standpunktkarakteren den viktigaste sluttvurderinga. Sjansen til – eller risikoen for – i tillegg å bli trekt ut til eksamen skal fungere som ein allmenn, fagleg motivasjon.

Trekkordninga er regulert i rundskriv frå Udir⁴⁰ og i forskrift til opplæringslova § 3-28 og § 3-30. Rundskrivet presiserer at trekket av fag og elevar skal gjennomførast før kandidatane blir påmelde i systemet for eksamensadministrasjonen, altså fleire månader før eksamensgjennomføringa, men det skal ikkje offentleggjerast for elevar og faglærarar før eksamensperioden startar. Elevane får vite kva fag dei skal ha eksamen i 48 timar før sjølve eksamenen når han er lokalt gitt, og 48 timar før den første eksamenen i eksamensperioden til sentralt gitt eksamen – fordi den er i overkant av to veker, er den tida elevane har til å førebu seg, avhengig av om faget dei skal ta eksamen i ligg tidleg eller seint i eksamensplanen.

Dei fleste eksamenane i vidaregåande opplæring er trekkfagseksamenar. Skoleeigaren har ansvar for trekket på skolane, og for skoleeigaren og nasjonale styresmakter er det viktig at trekket fordeler seg jamt mellom faga over tid. Slik dekkjer ein den viktige funksjonen eksamen har som ei ekstern kvalitetssikring for skolar og skoleeigarar.

Prinsippet om at trekket skal vere hemmeleg, er ei utfordring for planlegginga. Det seier seg sjølv at det er krevjande å planlegge årstimetalet i faga når det skal vere hemmeleg for elevane og faglærarane kva fag som vil få ekstra tidsressursar i samband med eksamen.

Prinsippet om at trekket skal vere tilfeldig, er også omdiskutert. Det får konsekvensar for vitnemålet til elevane at nokre blir trekte ut til eksamen i fag dei er sterke i og ønskjer å gå vidare med, mens andre er «uheldige» med trekket. Nokre fag har mange karakterar, andre berre ein, og det forsterkar verknaden av tilfeldig trekk.

Arbeidsgruppa har stilt seg følgjande spørsmål: Kva ville skje dersom elevane og lærarane i større grad kjenner til på førehand kva fag elevane skal ha eksamen i? Er det argument som taler for at trekket til dei skriftlege eksamenane bør vere kjent lengre tid på førehand, dersom det gjer skoleåret lettare å planlegge slik at årstimetalet i faga kan bli oppfylt?

Grunngivingar for å endre tidspunktet for trekk

Arbeidsgruppa meiner ein lengre førebuingssperiode mellom offentleggjering av trekket og eksamensdagen er viktig fordi ein då kan planlegge vekene før eksamen på ein betre måte. Betre planlegging aukar sjansane for at alle elevane får oppfylt timetalskrava dei har rett på, og derfor vil det legge til rette for meir og betre læring.

Det kan vere ulike syn på kva tidleg offentleggjering av trekket har å seie for motivasjonen til elevane. Det kan argumenterast for at elevane blir motiverte til arbeid i alle fag nettopp fordi dei ikkje veit om dei skal opp til eksamen, og at ein del av formålet med eksamen nettopp er elementet av tilfeldighet og flaks eller uflaks. I så fall kan det dempe motivasjonen å vite at ein «berre» skal få standpunktkarakter i nokre fag. Men det kan også argumenterast for at elevane har rett til å vite kva fag dei skal ta skriftleg eksamen i, slik at dei kan førebu seg godt til eksamen og dermed lære meir.

40 Rundskrivet blir oppdatert ved behov. Gjeldande versjon er Udir-4-2016, <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/finn-regelverk/etter-tema/eksamen/Udir-4-2016-trekkordning-ved-eksamen/>

Standpunkt karakteren, som summerer opp utviklinga i faget over tid, bør i seg sjølv vere tilstrekkeleg motivasjon for å arbeide med dei andre faga. I tillegg kjem trekket til munnleg eksamen.

Synet på vurdering har vore i endring det siste tiåret, og synspunkta reflekterer kanskje dette. I undervegsvurderingane er det eit viktig poeng at elevane er aktive deltakarar som kjenner til grunnlaget dei skal vurderast på. Når dei skal førebu seg til eksamen, skal derimot usikkerheita i seg sjølv vere ein motiverande faktor.

I norskfaget på Vg3, programfaga på Vg2 yrkesfag og i praktisk programfag i MDD veit elevane at dei skal avslutte opplæringa med ein eksamen. Det er ikkje forska på om det påverkar arbeidsmåtane og motivasjonen i desse faga samanlikna med fag som har trekkfagseksamen.

Læringsutbyttet som er knytt til det å ta eksamen, ligg i det at elevane førebur seg godt i forkant når dei veit kva eksamen dei skal ta. I Meld. St. 28 blir det vist ein studie som er gjennomført av Senter for økonomisk forskning ved NTNU (SØF). Studien viser at elevar som kjem opp til eksamen i matematikk på ungdomstrinnet, ser ut til å ha nytte av det i vidaregåande opplæring og blir meir motiverte til å ta naturvitskaplege og teknologiske utdanningar seinare. Det er den intensive førebuingssperioden etter at elevane får vite kva fag dei skal ta eksamen i, som har denne effekten. Det er grunn til å spørje om læringseffekten ville bli betre dersom elevane kunne bruke den motivasjonen som ligg i eksamensførebuinga i meir enn to dagar.

Med den trekkordninga vi har no, fungerer kanskje trekket meir uroskapande enn motiverande. Det er lite tid til å oppnå konsentrasjon og læring dersom ein ikkje er like godt førebudd i alle fag.

Arbeidsgruppa har også diskutert om kjennskap til trekket vil påverke faglærarane på ein slik måte at eksamenstrening får ein urimeleg stor eller liten plass i faget. Læreplanane dekkjer ei stor fagleg breidde og legg opp til læringsprosessar som skal vurderast med ulike vurderingsformer. Det er ikkje nødvendigvis heldig for opplæringa dersom eksamen får all merksemd. Samtidig er det viktig at elevane er godt førebudd til eksamen når den perioden nærmar seg, slik at dei veit kva som blir venta av dei. I praksis vil det vere slik at faglæraren oftast har både elevar som blir trekte ut til eksamen, og som ikkje blir trekte ut i same gruppe.⁴¹

Justering av timeplanar

Ei tidlegare offentleggjering av trekket gir høve til å tilpasse læreplanen dei siste vekene i skoleåret. Kartlegginga frå NIFU (2016:26) har ein grundig gjennomgang av korleis skolane handterer utfordringane med å planlegge for at elevane skal få nok timar til opplæringa i alle fag, og det går fram at dei skolane som skil seg ut, er dei som endrar timeplanen den siste delen av skoleåret:

Andre skoler har en fleksibel timeplan, som enten justeres med jevne mellomrom eller endres ved et bestemt tidspunkt, oftest rundt påske eller ved inngangen til eksamensperioden. Dette kan bidra til en omfordeling av timene som sikrer elevene mer undervisningstid i fagene der de mangler flest timer. Her vil vi nevne at de skolene som la opp til ny timeplan for den siste delen av skoleåret, skilte seg ut. Vi ble fortalt at elevene fikk det timetallet de skulle ha, de fikk det med kvalifiserte lærere, og skolen hadde god oversikt over situasjonen. (kap.6.4 side 72)

Dersom trekket er offentleggjort på førehand, er slike tilpassingar lettare.

41 Sjå utgreiinga om eksamenssystemet i Utdanningsdirektoratet (2017): Svar på oppdragsbrev 03-17, deloppdrag 5 om standpunkt og eksamen, 01.06.2017

Styrt trekk med tidlegare offentleggjering

På Vg1-Vg2 og til munnleg eksamen meiner arbeidsgruppa at ein må vidareføre systemet med eit styrt trekk. Likevel er det viktig å greie ut nærare om trekket til dei skriftlege eksamenane bør gjerast kjent for elevar og lærarar på eit tidlegare tidspunkt i skoleåret. Tidspunktet for trekket skal leggast til grunn for planlegginga på skolen, mens tidspunktet for offentleggjering av trekket bør vurderast ut frå kva ein meiner er til det beste for opplæringa i faget. Det heng både saman med sjansen til å justere timeplanane i forkant av eksamen og med synspunkt på kva som skal til for at elevane får eit godt læringsutbytte.

Arbeidsgruppa har diskutert eit forslag der trekket blir gjort om hausten, om lag 15. oktober, og lagt til grunn for planlegginga av eksamensperioden. Det blir gjort kjent for elevane på eit seinare tidspunkt. Det har vore delte meiningar i arbeidsgruppa om kva som er mest tenleg for elevane. Nokre har framheva at det bør leggast fram i samband med halvårsvurderingane i januar, mens andre foreslår mars månad som eit godt tidspunkt, fordi det gir elevane nok tid til å konsentrere seg om eksamensførebuinga. Andre meiner det usikre ved eksamenstrekket er verdt å halde fast ved som ein viktig del av eksamensordninga.

Valfritt trekk

Når det gjeld programfaga på Vg3, er dette fag elevane har valt og ofte ønskjer å satse på seinare. Arbeidsgruppa meiner det er relevant å spørje om elevane då bør få velje kva fag dei vil ha ein ekstra karakter i på vitnemålet. Fag som dei ikkje har skriftleg eksamen i, vil då vere aktuelle for munnleg eksamen. Ei slik ordning vil støtte eit syn på eksamen som eit høve til å vise brei kompetanse i faget og fungere som ei førebuing til høgare utdanning. Det ville vere basert på at elevane på dette nivået kan gjere fornuftige val ut frå egne, faglege prioriteringar.

Med gjeldande ordning vil det ikkje representere noka dramatisk endring å velje eit av programfaga som eksamensfag, fordi sjansen til å bli trekt ut til skriftleg eksamen i to programfag er relativt stor. Dei siste åra har i overkant av 50 % hatt skriftleg eksamen i to programfag, mens dei andre har eitt programfag og norsk sidemål eller eit anna språkleg fellesfag. Det same vil vere tilfellet i alternativ 1 som er lagt fram i kapittel 6. I alternativ 2 er det berre ein skriftleg eksamen i tillegg til norsk hovudmål, og problematisk å velje fordi det skal vere ei viss fordeling av alle faga over tid. I alternativ 3 er det ein skriftleg eksamen i eitt programfag for ca. 97 % av elevane, mens eit lite tal elevar også har samisk, finsk andrespråk, teiknspråk eller framandspråk I+II som alternativ.

Juridiske konsekvensar

Endring av trekketidspunkt føreset forskriftsendringar (§ 3-28 for sentralt gitt eksamen, § 3-30 for lokalt gitt eksamen). Det bør vurderast i samband med ein heilskapleg gjennomgang av vurderingsforskrifta, blant anna må ein sjå kva konsekvensar det kan få for elevar som risikerer å miste standpunktkarakteren på grunn av fråvær.

8 Problemstillinger i samband med lokalt gitte eksamenar og standpunktvurdering

Denne rapporten handlar i hovudsak om sentralt gitt eksamen og korleis han påverkar organiseringa av skoleåret. Dette har mykje å seie for avslutninga av Vg3 i dei studieførebuande utdanningsprogramma. Dersom ein ser vidaregåande opplæring under eitt, er likevel sentralt gitt eksamen berre ein liten del av sluttvurderingane som elevane får. Det store fleirtalet av karakterar på vitnemålet er standpunktkarakterar, og svært mange eksamenar i vidaregåande opplæring er lokalt gitte. På yrkesfag er berre 1 % av karakterane på vitnemålet sentralt gitte eksamenar, mens 15 % av karakterane på vitnemål frå studieførebuande program er sentralt gitte eksamenar (tal frå våren 2016).⁴²

Skolar og skoleeigarar har høve til å legge opp gjennomføringa av lokalt gitte eksamenar slik dei finn det mest formålstenleg. Den eine sensoren skal vere ekstern, mens den andre kan vere faglæraren til eleven. I eksamensperioden har faglærarane ansvar for eigne grupper og har i tillegg oppdrag som sensorar ved andre skolar.

8.1 Standpunkt og lokalt gitt eksamen på yrkesfag

Dei fleste lokalt gitte eksamenane er praktiske, munnlege eller munnleg-praktiske. Derfor er gjennomføringa av lokalt gitte eksamenar relativt tidkrevjande på dei yrkesfaglege utdanningsprogramma, og det kan vere utfordrande når det gjeld bortfall av timar.

Standpunktkarakterane i faget skal vere fastsette før den første eksamenen i faget startar:

Standpunktkarakterar i fag med lokalt gitt eksamen skal fastsetjast seinast dagen før skolen gjennomfører den første lokalt gitte eksamenen i faget på det aktuelle trinnet innanfor utdanningsprogrammet. (forskrift til opplæringslova § 3-18)⁴³

Regelverket er slik fordi faglæraren har ei aktiv rolle i eksamensavviklinga. I vurderingsforskrifta er det eit prinsipp at standpunktvurdering og eksamen skal vere to vurderingsformer som er gjensidig uavhengige av kvarandre, og eksamensforløpet skal ikkje kunne påverke vurderingane til faglæraren i fastsettinga av standpunktkarakteren. I gjeldande ordning kan eksamen i visse tilfelle vege tyngre enn standpunkt:

Ein elev som får karakteren 1 i standpunktkarakter i eit fag, har rett til særskild eksamen i faget dersom han eller ho ikkje er trekt ut til eksamen i faget. Det gjeld òg for fag der det ikkje blir halde eksamen ordinært. Særskild eksamen blir normalt halden samtidig med utsett og ny eksamen. (§ 3-33)⁴⁴

På dei store skolane med mange elevar på yrkesfaglege utdanningsprogram tek nødvendigvis eksamensavviklinga tid. For elevane kan det føre til at skoleåret framleis varer ved etter at standpunkt er sett og eksamen er ferdig. For faglærarane kan det vere ei utfordring å bruke dei siste dagane på ein meningsfylt måte.

Arbeidsgruppa har diskutert om det ville vere ein fordel om det blir gitt høve til å gjennomføre lokalt gitte eksamenar før standpunktkarakteren blir fastsett, dersom skolen eller skoleeigaren meiner det

42 Sjå vedlegg 5

43 Sjå også merknader i *Individuell vurdering Rundskriv Udir-5-2016* side 14–15.

44 Udir-5-2016

er formålstenleg. På same måte som ved sentralt gitte eksamenar er det viktig at opplæringa er gjennomført når eksamen startar, slik at alle elevar stiller med dei same føresetnadene. Samtidig er det rimeleg at ein vurderer om regelen om at eksamen skal kunne overprøve standpunktvurderinga er i samsvar med synet på standpunktvurdering elles i regelverket.

Vurderingssystema i vidaregåande opplæring kviler på ein fundamental tillit til kompetansen og det faglege skjønnet til faglærarane. I forlenging av det burde det også vere rimeleg å gå ut frå at ein faglærer kan gjennomføre ein lokalt gitt eksamen utan at det erstattar eller fargar dei faglege vurderingane som ligg til grunn for standpunktkarakteren. Standpunktvurderinga i eit fag bygger på ei stor fagleg breidde og dekkjer heile læreplanen, mens eksamen er ei meir avgrensa vurderingsform. Det er viktig å styrke arbeidet med kvalitetssikring slik at alle faglærarane får hjelp til å fastsette standpunkt på det same grunnlaget.

I samband med fagfornyinga skal ein gjennomgå korleis standpunkt og eksamen skal utfylle kvarandre, og korleis vurderingsordningane betre kan legge til rette for god læring:

Stortinget ber regjeringa gjennomgå hvordan standpunktvurdering og eksamen samlet sett kan gi pålitelig og relevant informasjon om elevenes kompetanse, og komme tilbake til Stortinget med en vurdering av hvordan vurderingssystemene bedre kan legge til rette for elevenes læring.⁴⁵

Denne gjennomgangen kan knytast til ei breiare drøfting av korleis ein kan kvalitetssikre standpunkt- vurderingane i fag.

Vurdering

Det er ein motsetnad mellom prinsippet om at standpunktvurderinga ikkje skal kunne «ta farge» av eit eksamensforløp, og derfor må gjerast før eksamen startar, og ønsket om å utnytte heile skoleåret på ein best mogeleg måte. Reglane om standpunkt og lokalt gitte eksamenar avgrensar høvet til å utnytte heile skoleåret godt ved skolar som gjennomfører mange slike eksamenar. Ordninga er lite fleksibel, og det er behov for ein gjennomgang av regelverket.

45 Stortingets anmodningsvedtak i forbindelse med behandling av Meld. St. 28 XII

9 Framtidsperspektiv

Dersom dei praktiske og logistikkmessige endringane som blir diskuterte i denne rapporten blir realiserte, vil dei gjelde for fag som har nye læreplanar. Den felles, overordna delen av læreplanverket og alle dei gjennomgåande læreplanane skal fornyast på grunnlag av Stortingsmelding 28 *Fag, fordypning, forståelse* (2015–2016), Innstilling 19 S (2016–2017) og påfølgande stortingsvedtak. Arbeidet har starta våren 2017, og dei nye læreplanane skal takast i bruk i 2020. Det er foreløpig ikkje teke stilling til om programfaga seinare blir justerte på bakgrunn av endringane i fellesfaga.

Dei endringsforslaga som arbeidsgruppa legg fram, dreier seg hovudsakleg om praktiske løysingar som skal sikre at det blir timar nok til god opplæring i alle fag. Siktemålet er ikkje å endre innhald, omfang eller formål med eksamensordningane. Men spørsmåla om tidspunkt for eksamen, kor mange som skal trekkast ut, om eksamen skal vere kjend på førehand, og korleis faga skal prioriterast, heng saman med meir overordna syn på kva rolle eksamen har i opplæringa. Derfor er det relevant å avslutte med å spørje om fagfornynginga ser ut til å kunne føre med seg endringar i eksamensordningane.

Hovudelementa i Kunnskapsløftet skal vidareførast i dei nye læreplanane. Dei skal framleis vere kompetansebaserte, men ha noko tydelegare føringar for val av innhald i faga. Læreplanverket skal legge til rette for god samanheng i opplæringa på tvers av fag, med nokre felles tema – demokrati og medborgarskap, berekraft, folkehelse og livsmeistring – og god forankring i det felles verdigrunnlaget i formålsparagrafen. Omgrepet «grunnleggande ferdigheiter» blir vidareført og skal synleggjerast i læreplanane som føresetnader for god læring på alle nivå, på faga sine premisar.

Læreplanane skal bli klarare og mindre omfattande. Dei skal, på same måte som ved læreplanrevisjonar i mange andre land, legge betre til rette for «djup læring». Det vil seie at læreplanverket skal legge opp til ein type læring som aukar den aktive tileigninga og forståinga av fagstoffet. Elevane skal lære å sjå kunnskap frå ulike fag i samanheng og trekke sjølvstendige slutningar, bruke kunnskap til problemløysing, og sjå at det dei har lært, kan relaterast til nye situasjonar. Det kompetanseomgrepet som blir lagt til grunn for læreplanane, handlar både om å tileigne seg kunnskap og ferdigheiter og å bruke dei til å meistre utfordringar og løyse oppgaver – også i ukjende samanhengar og situasjonar. Elevane skal vise forståing og evne til refleksjon og kritisk tenking.

Endringar i eksamensformene?

Det kan tenkjast at vektlegginga av tverrfagleg samanheng, læring med overføringsverdi til andre fag og situasjonar og ein brei definisjon av fagkompetanse vil føre til endringar i eksamensformene. Bruken av Internett og digitale læremiddel i opplæringa og til eksamen vil også kunne føre til endringar i eksamensordningane.⁴⁶

Arbeidsgruppa har samtala om nokre eksamensformer som verkar interessante i eit framtidsperspektiv. Dei blir nemnde heilt kort her, fordi diskusjonane om tidspunkt, logistikk og planlegging, som er gruppa sitt mandat, nesten alltid utløyser andre diskusjonar om formålet med eksamen og spørsmålet om korleis ein best skal kunne vise den kompetansen ein har ved slutten av grunnopplæringa.

46 Sjå også Utdanningsdirektoratet (2017). «Svar på oppdragsbrev 03-17, deloppdrag 5 om standpunkt og eksamen» 01.06.17

Yrkesfaglege utdanningsprogram har ein eigen type eksamen på Vg2: ein lokalt gitt, praktisk tverrfagleg eksamen i programfag. Denne eksamenen får ein annan funksjon enn eksamenar i enkeltfag, for den utfyller standpunktvurderingane i kvart fag ved å prøve elevens evne til å kombinere relevant kunnskap frå ulike fag i møte med ei konkret utfordring. Denne eksamensforma kan løftast fram som eit eksempel på ein relevant måte å prøve tverrfagleg kompetanse på. Den er ei form for sluttvurdering som etterspør ein type kompetanse som fagfornyninga vil fremje.

Den tverrfaglege eksamenen er ikkje avsluttande, for yrkesfaglege utdanningsprogram avsluttar opplæringa med ei fag- eller sveineprøve. Det finst ei rekke ordningar som legg opp til utdanningsløp med veksling mellom skole og opplæringsbedrift.

Elevar som følgjer studieførebuande kurs i Danmark, skriv eit tverrfagleg studieretningsprosjekt som omfattar to fag i tilknytning til den studieretninga dei er på. Dei skal arbeide sjølvstendig med å fordjupe seg i og formidle ei fagleg problemstilling innanfor eit område dei sjølve har valt. Elevane skal vise at dei kan velje ut, kombinere og nytte relevant bakgrunnsstoff, og at dei kan gjennomføre ei sjølvstendig vurdering på eit fagleg og metodisk grunnlag. Elevane får eit visst tal dagar gjennom skoleåret til å arbeide med oppgåva.⁴⁷

47 <https://www.uvm.dk/-/media/filer/uvm/udd/gym/pdf10/vejledninger-til-laereplaner/stx/101008-stx-studieretningsprojektet-vejledning2010.pdf?la=da>

10 Oppsummering av forslag og tilrådingar

Kapitlet oppsummerer tilrådingar og forslag som arbeidsgruppa meiner at bør vurderast og undersøkast nærare. Argumentasjonen og vektleggingane av ulike omsyn kan vere litt ulik frå dei ulike partane.

Kapittel 4: Kor langt kjem ein med god planlegging?

Arbeidsgruppa har drøfta om opplæringslova § 3-2 bør justerast, slik at skolane får eit noko større handlingsrom i planlegginga av skoleåret. Kravet om ei minstetid på 38 veker kan endrast til minst 36 veker. Fordi paragrafen regulerer både opplæringstid og ferietid, kan det alternativt vere tenleg å snu formuleringa slik: « *Opplæringa i skolen skal leggast ut innanfor ei ramme på 45 veker i skoleåret. Minst sju veker skal vere samanhengande ferie.* » Desse alternativa bør vurderast vidare.

Kapittel 5: Sentrale føresetnader for å organisere skoleåret betre

5.2 Klargjering av omgrepet «undervisningstime» eller «opplæringstid»

Arbeidsgruppa meiner det er nødvendig å avklare omgrepsbruken i samband med kva som kan kallast opplæringstid, og tilrår at omgrepet blir klargjort ut frå krava i opplæringslova med forskrifter.

5.3 Prioritere elevar om våren, privatistar om hausten

Arbeidsgruppa tilrår at eksamensperioden om våren blir lagt ut frå ei prioritering av omsynet til opplæringstida, mens eksamensperioden om hausten spreier programfagseksamenane over eit lengre tidsrom.

Kapittel 6: Effektivisering av eksamensperioden

Arbeidsgruppa tilrår at eksamensperioden for sentralt gitt skriftleg eksamen om våren blir omorganisert og effektivisert, slik at eksamen i fellesfaga og programfag for studieførebuande utdanningsprogram kan gjennomførast på fem dagar. Vi legg fram tre alternative modellar og foreslår at dei blir vurderte vidare.

Alternativ 2 og 3 er knytte opp mot mogelege endringar i eksamensformene i fellesfag og må vurderast i samanheng med fagfornyinga.

Alternativ 1, med to datoar for eksamen i programfaga:

Forslaget om alternative eksamensdatoar og doble oppgåvesett for programfaga bør knytast til ei vidare utgreiing om ulike kvalitetssikringstiltak for å sikre likeverdige eksamenar.

Forslaget om alternative eksamensdatoar og doble oppgåvesett bør ikkje gjelde for dei framandspråka det ikkje blir gitt opplæring i. Eksaminandane er privatistar, og dei fleste tek eksamen om hausten. Ein eksamensdato om våren er då tilstrekkeleg.

Alternativ 2, med ein eksamen mindre for Vg3 og ein eksamen for alle på Vg1:

Arbeidsgruppa tilrår at gruppene som skal sjå på kjerneelement og kompetansemål i fagfornyinga, vurderer om det er fagleg grunnlag for å innføre skriftlege eksamensalternativ i samfunnsfag, geografi og naturfag, og kva rammer for eksamen som i så fall vil vere formålstenlege.

Til forslaget om at alle elevane på Vg1 på studieførebuande utdanningsprogram skal trekkast ut til ein skriftleg, munnleg, praktisk eller munnleg-praktisk eksamen: Arbeidsgruppa meiner at elevane på studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram bør behandlast likt når det gjeld talet på eksamenar i fellesfag. Derfor foreslår gruppa at KD vurderer om alle elevar på yrkesfaglege utdanningsprogram også bør trekkast ut til éin eksamen i eit fellesfag på Vg1 eller Vg2 – skriftleg, munnleg eller munnleg-praktisk.

Alternativt kan ein avgrense endringa til Vg1-elevane på studieførebuande utdanningsprogram, fordi desse elevane vil få ein skriftleg eksamen mindre på Vg3 i dei utdanningsprogramma som har tre skriftlege eksamenar i dag.

Det bør utarbeidast felles retningslinjer for skoleeigarane slik at trekket fordeler seg jamt over tid.

Alternativ 3, med ein eksamen mindre for Vg3, ein eksamen for alle på Vg1 og ein eigen sidemålseksamen på Vg2:

Arbeidsgruppa ser dette som det mest interessante alternativet, fordi det gir ei god fordeling av eksamenar mellom årstrinna. Forslaget må sjåast i samanheng med dei faglege vurderingane som skal gjerast i samband med fagfornyinga.

Kapittel 7: Endring av trekkordninga

Arbeidsgruppa foreslår at reglane i forskrift til opplæringslova om tidspunkt for offentleggjering av trekk blir vurderte i tilknytning til forslaget om ein kortare og meir effektiv eksamensperiode.

Dersom det blir aktuelt å innføre ein eksamen for alle elevane på Vg1 studieførebuande utdanningsprogram, foreslår arbeidsgruppa å greie ut nærare om det kan leggast føringar for trekket på Vg1 og Vg2, slik at elevane får éin skriftleg og éin munnleg eksamen i løpet av dei to årstrinna.

Vurdering av reglane om standpunktkarakter og lokalt gitte eksamenar

Arbeidsgruppa har diskutert reglane for fastsetting av standpunktkarakterar og lokalt gitte eksamenar og meiner det er tenleg med ei ny vurdering av dette regelverket.

Kjelder

Andersen, Patrick Lie, Willy Pedersen og Anders Bakken. «Russetid i Oslo. Hvem deltar? Hvem feirer hardest?» I *Oslo – ulikhetenes by*, red. Jørn Ljunggren. Oslo: Cappelen Damm, 2017

Espeland, Webjørn (2016). «De letturte». NRK P3 Dokumentar, 13.05.2016 <http://p3.no/dokumentar/de-lettlurte/> nedlastingsdato 28.04.2017

Kunnskapsdepartementet (2014). Elevenes læring i fremtidens skole – Et kunnskapsgrunnlag. NOU 2014: 7 <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/NOU-2014-7/id766593/> nedlastingsdato 09.06.2017

Kunnskapsdepartementet (2015). *Fremtidens skole. Fornyelse av fag og kompetanser*. NOU 2015: 8 <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2015-8/id2417001/> nedlastingsdato 09.06.2017

Kunnskapsdepartementet (2016). «Fag – Fordypning – Forståelse. En fornyelse av Kunnskapsløftet.» Meld.St. 28 (2015–2016) <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-28-20152016/id2483955/> nedlastingsdato 09.06.2017

Kunnskapsdepartementet (2017). «Oppdragsbrev nr: 03-17. Oppfølging av Meld. St. 28 (2015-2016) Fag – Fordypning – Forståelse, Stortingets anmodningsvedtak i innstilling 19 S (2016-2017) og Strategi for fagfornyelsen» 06.02.2017

Lien, Anita. «ROK holder russen i jerngrep». *Aftenposten*, 24.04.2009. <http://www.aftenposten.no/norge/Rok-holder-russen-i-jerngrep-258388b.html> nedlastingsdato 28.04.2017

Sjaastad, Jørgen, Tone Cecilie Carlsten og Sabine Wollscheid (2016). *Får elevene den opplæringen de har krav på? Kartlegging av undervisningstimer med kvalifiserte lærere i videregående opplæring* NIFU Rapport 2016:26 <http://www.nifu.no/publications/1414789/> nedlastingsdato 09.06.2017

Utdanningsdirektoratet (2010). *Rapport fra utredningsgruppen for årstimetall og eksamen*. <https://www.udir.no/tall-og-forskning/finn-forskning/rapporter/Rapport-fra-utredningsgruppen-for-arstimetall-og-eksamen/> publisert 10.02.2010, nedlastingsdato 09.06.2017

Utdanningsdirektoratet (2016). «Fag- og timefordeling og tilbudsstruktur for Kunnskapsløftet». Udir-1-2016 <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/finn-regelverk/etter-tema/Innhold-i-opplaringen/udir-01-2016/> publisert 22.06.2016, nedlastingsdato 09.06.2017

Utdanningsdirektoratet (2016). «Trekkoordning ved eksamen for grunnskole og videregående opplæring» Udir-4-2016 <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/finn-regelverk/etter-tema/eksamen/Udir-4-2016-trekkoordning-ved-eksamen/> publisert 07.11.2016, nedlastingsdato 09.06.2017

Utdanningsdirektoratet (2017). «Rammeverk for eksamen.» <https://www.udir.no/eksamen-og-prover/eksamen/rammeverk-eksamen/> publisert 14.02.2017, nedlastingsdato 09.06.2017

Utdanningsdirektoratet (2017). «Svar på oppdragsbrev 03-17, deloppdrag 5 om standpunkt og eksamen» 01.06.2017

Vedlegg

1 Mandat

Kunnskapsløftet inneholder en fag- og timefordeling som skal sikre at elevene får et minimumsomfang av undervisning i det enkelte fag.

Elevenes opplæring under og etter eksamensperioden er et stadig tilbakevendende diskusjonstema. Kunnskapsdepartementet får henvendelser om at elever mister undervisningstid i forbindelse med eksamen. Mange opplever det dessuten som problematisk at markering av slutten av skolegangen sammenfaller med tidspunktet for forberedelser til eksamen, og at dette går utover elevens faglige prestasjoner.

Gruppen skal utrede ulike modeller for organisering av skoleåret i videregående opplæring. Utredningen skal omfatte hele videregående opplæring, med vektlegging av det avsluttende skoleåret. Ingen av modellene kan gi elevene færre antall timer til opplæring totalt enn det minstetimetallet foreskriver. Dagens eksamensordningen skal videreføres, men tidspunkt for gjennomføring av eksamen kan vurderes som en del av utredningen.

Gruppen skal utrede og vurdere konsekvenser av ulike modeller for organisering av skoleåret og vurdere modellene opp mot dagens ordning. I vurderingen av nye modeller skal gruppen legge særskilt vekt på utfordringer knyttet til elevenes minstetimetall, elevens og læreres arbeidsbelastning, samt eksamen og eksamensforberedelser. Gruppen må synliggjøre hvilke konsekvenser de ulike modellene kan få for elevenes opplæring. I tillegg skal gruppen vurdere ulike praktiske konsekvenser for elever, lærere, skoler og fylkeskommuner, samt vurdere juridiske og økonomiske konsekvenser av modellene.

Gruppen skal presentere ulike modeller for organisering av skoleåret og gi en anbefaling om foretrukket modell dersom gruppen finner det hensiktsmessig.

Arbeidet skal bygge videre på eksisterende kunnskapsgrunnlag. I tillegg skal gruppen skaffe seg oppdatert informasjon om ulike måter å organisere skoleåret på, og gjerne presentere noen eksempler fra et utvalg skoler. Gruppen skal også hente inn synspunkter fra relevante organisasjoner, instanser og fagmiljøer som berøres av de ulike modellene.

Minst ett alternativ skal kunne realiseres innenfor dagens ressursrammer.

2 Tabell over fag og eksamenstypar

Studiespesialiserende

Fellesfag

Vg1	Engelsk	Vg1	Skriftlig Muntlig
	Matematikk	Vg1	Skriftlig Muntlig
	Geografi	Vg1	Muntlig
	Naturfag	Vg1 studieforbere- dende utdanningsprogram	Muntlig-praktisk
	Samfunnsfag	Vg1	Muntlig
Vg2	Matematikk 2P eller 2T	Vg2	Skriftlig Muntlig
	Fremmedspråk II	Vg2 for elever som har hatt fremmedspråk i grunnskolen og som har fortsatt med det samme språket	Skriftlig Muntlig
	Fremmedspråk I	Vg2 for elever som har hatt fremmedspråk i grunnskolen, men som har hatt et annet språk i videregående opplæring	Skriftlig Muntlig
Vg3	Norsk	Vg3	Skriftlig (obligatorisk) Skriftlig (trekkfag) Muntlig
	Samisk som førstespråk	Vg3	Skriftlig (obligatorisk) Muntlig
	Norsk for språklige minoriteter Norsk for hørselshemmede	Vg3	Skriftlig (obligatorisk) Muntlig Forberedelsesdag
	Norsk tegnspråk Samisk som andrespråk Finsk som andrespråk Norsk for elever med samisk som førstespråk	Vg3	Skriftlig Muntlig Tegnspråk og andrespråk: forberedelsesdag
	Fremmedspråk I+II	Vg3 for elever som har hatt språklig fordypning i grunnskolen og som derfor har begynt med fremmedspråk i vgo	Skriftlig Muntlig
		Historie	Vg3
	Religion og etikk	Vg3	Muntlig

OBS: Spesielt for MDD, formgiving, idrettsfag, formgivingsfag:

Vg2	Geografi	Vg2	Muntlig
	Samfunnsfag	Vg2	Muntlig

Programfag som eleven kan ta på Vg2, men også på Vg3

Utdanningsprogram	Fag	Eksamensform
Språk, samfunnsfag og økonomi	Antikkens kultur	Muntlig
	Gresk 1	Muntlig
	Latin 1	Muntlig
	Fremmedspråk programfag nivå I	Muntlig Skriftlig
	Internasjonal engelsk	Muntlig Skriftlig
	Entreprenørskap og bedriftsutvikling 1	Muntlig-praktisk
	Historie og filosofi 1	Muntlig
	Kommunikasjon og kultur 1	Muntlig
	Markedsføring og leiling 1	Muntlig
	Medie- og informasjonskunnskap 1	Muntlig
	Økonomistyring	Skriftlig Muntlig-praktisk
	Samfunnsgeografi	Muntlig
	Sosiologi og sosialantropologi	Muntlig
	Psykologi 1	Muntlig
	Reiseliv og språk 1	Muntlig
	Rettslære 1	Muntlig
Samfunnsøkonomi 1	Muntlig	
Samisk historie og samfunn 1	Muntlig	
Realfag	Biologi 1	Muntlig-Praktisk
	Fysikk 1	Muntlig-Praktisk
	Geofag X	Muntlig-Praktisk
	Geofag 1	Muntlig-Praktisk
	Informasjonsteknologi 1	Muntlig-praktisk
	Kjemi 1	Muntlig-Praktisk
	Matematikk X	Muntlig
	Matematikk R1	Skriftlig Muntlig
	Matematikk S1	Skriftlig Muntlig
	Teknologi og forskningslære X	Muntlig-praktisk
	Teknologi og forskningslære 1	Muntlig-praktisk
	Valgfrie	Treningslære 1

Programfag til fordypning – elevene tar disse vanligvis som fordypning på Vg3

Utdanningsprogram	Fag	Eksamensform
Språk, samfunnsfag og økonomi	Latin 2	Muntlig Skriftlig
	Gresk 2	Muntlig Skriftlig
	Fremmedspråk programfag nivå II	Muntlig Skriftlig
	Fremmedspråk programfag nivå III	Muntlig Skriftlig
	Samfunnsfaglig engelsk	Muntlig Skriftlig
	Engelskspråklig litteratur og kultur	Muntlig Skriftlig
	Entreprenørskap og bedriftsutvikling 2	Skriftlig Muntlig-praktisk
	Historie og filosofi 2	Skriftlig Muntlig
	Kommunikasjon og kultur 2	Skriftlig Muntlig
	Kommunikasjon og kultur 3	Skriftlig Muntlig-praktisk
	Markedsføring og leing 2	Skriftlig Muntlig
	Medie- og informasjonskunnskap 2	Skriftlig Muntlig-praktisk
	Økonomi og ledelse	Skriftlig Muntlig-praktisk
	Psykologi 2	Skriftlig Muntlig
	Reiseliv og språk 2	Skriftlig Muntlig
	Rettslære 2	Skriftlig Muntlig
	Samfunnsøkonomi 2	Skriftlig Muntlig
	Sosialkunnskap	Skriftlig Muntlig
	Politikk og menneskerettigheter	Skriftlig Muntlig
	Samisk historie og samfunn 2	Muntlig

Utdanningsprogram	Fag	Eksamensform
Realfag	Biologi 2	Skriftlig Muntlig-Praktisk
	Fysikk 2	Skriftlig Muntlig-Praktisk
	Geofag 2	Skriftlig Muntlig-Praktisk
	Informasjonsteknologi 2	Skriftlig Muntlig-Praktisk
	Kjemi 2	Skriftlig Muntlig-Praktisk
	Matematikk R2	Skriftlig Muntlig
	Matematikk S2	Skriftlig Muntlig
	Teknologi og forskningslære 2	Skriftlig Muntlig-Praktisk
Valgfrie	Treningslære 2	Skriftlig (sentralt gitt)

Fellesfag yrkesfag

Naturfag	Vg1 yrkesfaglige utdanningsprogram	Muntlig-praktisk
Matematikk	Vg1 yrkesfaglege utdanningsprogram	Skriftlig (lokalt gitt) Muntlig
Samfunnsfag	Vg2 yrkesfaglege utdanningsprogram	Munnleg
Norsk	Vg2 yrkesfaglige utdanningsprogram	Skriftlig (lokalt gitt) Muntlig
Engelsk	Vg2 yrkesfaglige utdanningsprogram	Skriftlig (sentralt gitt) Muntlig

Utdanningsprogram formgivningsfag

I programområde for formgivningsfag skal elevene trekkes ut til eksamen i tre fag, skriftlig, muntlig, praktisk eller muntlig-praktisk. Minst ett trekkfag skal være innen programområde for formgivningsfag. Disse er lokalt gitte.

Utdanningsprogram for idrettsfag

Elevene skal trekkes ut til eksamen i tre fag, skriftlig, muntlig eller muntlig-praktisk. Minst ett trekkfag skal være innen programområde for idrettsfag. Det er bare treningslære 2 som er sentralt gitt skriftlig. Alle andre er lokalt gitte.

Utdanningsprogram for musikk, dans og drama

Elevene skal trekkes ut til eksamen i to fag, skriftlig, muntlig eller muntlig-praktisk. I tillegg skal elevene opp til én obligatorisk muntlig-praktisk eksamen i fag innen programområdene for musikk, dans eller drama. Disse er lokalt gitte.

3 Tal på privatisteksamenar vår og haust, 2009–2016

Sentralt gitt videregående eksamen fra våren 2013 til høsten 2016. Basert på antall påmeldinger med tilhørende deltakelsesstatus. Kandidater telles flere ganger hvis de er påmeldt i flere fag. Antallet unike kandidater er lavere. Sentralt gitte oppgaver med lokal sensur er yrkesfaglige programfag (praksiskandidater).

Periode	Deltakelsesstatus	Sentralt gitt oppgave med sentral sensur		Sentralt gitt oppgave med lokal sensur	
		Elev	Privatist	Elev	Privatist
Våren 2014	Påmeldt	144988	40690	1258	13446
Våren 2014	Deltatt	138891	27826	<i>Ikke registrert</i>	<i>Ikke registrert</i>
Våren 2014	Fravær	6097	12864	<i>Ikke registrert</i>	<i>Ikke registrert</i>
Høsten 2014	Påmeldt	10026	30279	367	9081
Høsten 2014	Deltatt	7756	22696	<i>Ikke registrert</i>	<i>Ikke registrert</i>
Høsten 2014	Fravær	2270	7583	<i>Ikke registrert</i>	<i>Ikke registrert</i>
Våren 2015	Påmeldt	147029	35973	1341	13510
Våren 2015	Deltatt	141380	26045	<i>Ikke registrert</i>	<i>Ikke registrert</i>
Våren 2015	Fravær	5649	9928	<i>Ikke registrert</i>	<i>Ikke registrert</i>
Høsten 2015	Påmeldt	9342	25989	114	9552
Høsten 2015	Deltatt	7509	20378	<i>Ikke registrert</i>	<i>Ikke registrert</i>
Høsten 2015	Fravær	1833	5611	<i>Ikke registrert</i>	<i>Ikke registrert</i>
Våren 2016	Påmeldt	143476	36887	1184	13989
Våren 2016	Deltatt	139688	26682	1116	12200
Våren 2016	Fravær	3788	10205	68	1789
Høsten 2016	Påmeldt	7778	26920	206	9631
Høsten 2016	Deltatt	6169	21423	172	8404
Høsten 2016	Fravær	1609	5497	34	1227

Kilde: Utdanningsdirektoratet

4 Eksamensplan 2018 – fordeling av datoar

Sentralt gitt skriftlig eksamen. Eksamener i programfag for yrkesfag er ikke med i oversikten

Dato	Fag	
22. mai.	Treningslære 2	Eksamen
22. mai.	Matematikk 2P-Y	Eksamen
22. mai.	Matematikk 2P	Eksamen
22. mai.	Fysikk 2	Eksamen
22. mai.	Matematikk R1	Eksamen
22. mai.	Matematikk S1	Eksamen
22. mai.	Samfunnsøkonomi 2	Eksamen
22. mai.	Engelsk fellesfag, SF og YF	Forberedelsesdag
22. mai.	Historie og filosofi 2	Forberedelsesdag
22. mai.	Entreprenørskap og bedriftsutvikling 2	Forberedelsesdag
22. mai.	Økonomistyring	Forberedelsesdag
22. mai.	Økonomi og ledelse	Forberedelsesdag
22. mai.	Psykologi 2	Forberedelsesdag
Dato	Fag	
23. mai.	Engelsk fellesfag, SF og YF	Eksamen
23. mai.	Matematikk 1P	Eksamen
23. mai.	Matematikk 1T	Eksamen
23. mai.	Biologi 2	Eksamen
23. mai.	Historie og filosofi 2	Eksamen
23. mai.	Entreprenørskap og bedriftsutvikling 2	Eksamen
23. mai.	Økonomistyring	Eksamen
23. mai.	Økonomi og ledelse	Eksamen
23. mai.	Psykologi 2	Eksamen
Dato	Fag	
24. mai.	Norsk sidemål	Eksamen
24. mai.	Samisk som førstespråk	Eksamen
24. mai.	Norsk for hørselshemmede	Forberedelsesdag
24. mai.	Norsk for språklige minoriteter med kort botid	Forberedelsesdag
Dato	Fag	
25. mai.	Norsk hovedmål	Eksamen
25. mai.	Norsk for elever med samisk som førstespråk	Eksamen
25. mai.	Norsk for hørselshemmede	Eksamen
25. mai.	Norsk for språklige minoriteter med kort botid	Eksamen
25. mai.	Norsk for elever i vgo med kort botid i Norge	Eksamen
Dato	Fag	
28. mai.	Fremmedspråk nivå I, alle språk	Eksamen
28. mai.	Matematikk R2	Eksamen
28. mai.	Matematikk S2	Eksamen
28. mai.	Gresk 2, Latin 2	Eksamen
28. mai.	Markedsføring og ledelse 2	Forberedelsesdag
28. mai.	Sosialkunnskap	Forberedelsesdag
28. mai.	Rettslære 2	Forberedelsesdag

Dato	Fag	Forberedelse/eksamen
29. mai.	Fremmedspråk nivå II, alle språk (Vg2)	Eksamen
29. mai.	Fremmedspråk nivå I+II, alle språk (Vg3)	Eksamen
29. mai.	Kjemi 2	Eksamen
29. mai.	Markedsføring og ledelse 2	Eksamen
29. mai.	Sosialkunnskap	Eksamen
29. mai.	Rettslære 2	Eksamen
29. mai.	Norsk tegnspråk, Vg3	Forberedelsesdag
29. mai.	Geofag 2	Forberedelsesdag
29. mai.	Informasjonsteknologi 2 diverse språk	Forberedelsesdag
29. mai.	Teknologi og forskningslære 2	Forberedelsesdag
29. mai.	Finsk som andrespråk, Vg3	Forberedelsesdag
29. mai.	Samisk som andrespråk, nivå 2, 3 og 4	Forberedelsesdag
Dato	Fag	
30. mai.	Finsk som andrespråk, Vg3	Eksamen
30. mai.	Finsk som andrespråk, Vg3	Eksamen
30. mai.	Norsk tegnspråk	Eksamen
30. mai.	Fremmedspråk nivå III (fordypningsfag)	Eksamen
30. mai.	Geofag 2	Eksamen
30. mai.	Informasjonsteknologi 2 diverse språk	Eksamen
30. mai.	Teknologi og forskningslære 2	Eksamen
30. mai.	Samisk som andrespråk, nivå 2, 3 og 4	Eksamen
30. mai.	Engelskspråklig litteratur og kultur, skriftlig	Eksamen
30. mai.	Medie- og informasjonskunnskap 2	Forberedelsesdag
Dato	Fag	
31. mai.	Medie- og informasjonskunnskap 2	Eksamen
31. mai.	Internasjonal engelsk, skriftlig	Eksamen
31. mai.	Samfunnsfaglig engelsk, skriftlig	Eksamen
31. mai.	Politikk og menneskerettigheter	Forberedelsesdag
31. mai.	Kommunikasjon og kultur 2	Forberedelsesdag
31. mai.	Kommunikasjon og kultur 3	Forberedelsesdag
31. mai.	Reiseliv og språk 2	Forberedelsesdag
Dato	Fag	
01. jun.	Politikk og menneskerettigheter	Eksamen
01. jun.	Kommunikasjon og kultur 2	Eksamen
01. jun.	Kommunikasjon og kultur 3	Eksamen
01. jun.	Reiseliv og språk 2	Eksamen

5 Omfanget av standpunktkarakterar, lokalt og sentralt gitte eksamenar 2015–2016

Fastsette eksamens- og standpunktkarakterar 2015–2016 i tal og prosent. Privatisteksamen og fag- og sveineprøva er ikkje inkludert

	10. trinn		VGO studieforb.4		VGO yrkesfag		VGO samlet	
	Antall	%	Antall	%	Antall	%	Antall	%
Lokalt gitt eksamen	57 131	5 %	62 994	7 %	42 816	11 %	105 826	8 %
Sentralt gitt eksamen	74 435	7 %	139 051	15 %	2 678	1 %	141 757	11 %
Standpunktkarakterer	932 854	88 %	736 711	78 %	359 488	89 %	1 084 480	81 %
Sum	1 064 420	100 %	938 756	100 %	404 982	100 %	1 332 063	100 %

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

